This is a digital copy of a book that was preserved for generations on library shelves before it was carefully scanned by Google as part of a project to make the world's books discoverable online.

It has survived long enough for the copyright to expire and the book to enter the public domain. A public domain book is one that was never subject to copyright or whose legal copyright term has expired. Whether a book is in the public domain may vary country to country. Public domain books are our gateways to the past, representing a wealth of history, culture and knowledge that's often difficult to discover.

Marks, notations and other marginalia present in the original volume will appear in this file - a reminder of this book's long journey from the publisher to a library and finally to you.

Usage guidelines

Google is proud to partner with libraries to digitize public domain materials and make them widely accessible. Public domain books belong to the public and we are merely their custodians. Nevertheless, this work is expensive, so in order to keep providing this resource, we have taken steps to prevent abuse by commercial parties, including placing technical restrictions on automated querying.

We also ask that you:

+ *Make non-commercial use of the files* We designed Google Book Search for use by individuals, and we request that you use these files for personal, non-commercial purposes.

+ *Refrain from automated querying* Do not send automated queries of any sort to Google's system: If you are conducting research on machine translation, optical character recognition or other areas where access to a large amount of text is helpful, please contact us. We encourage the use of public domain materials for these purposes and may be able to help.

+ *Maintain attribution* The Google "watermark" you see on each file is essential for informing people about this project and helping them find additional materials through Google Book Search. Please do not remove it.

+ *Keep it legal* Whatever your use, remember that you are responsible for ensuring that what you are doing is legal. Do not assume that just because we believe a book is in the public domain for users in the United States, that the work is also in the public domain for users in other countries. Whether a book is still in copyright varies from country to country, and we can't offer guidance on whether any specific use of any specific book is allowed. Please do not assume that a book's appearance in Google Book Search means it can be used in any manner anywhere in the world. Copyright infringement liability can be quite severe.

About Google Book Search

Google's mission is to organize the world's information and to make it universally accessible and useful. Google Book Search helps readers discover the world's books while helping authors and publishers reach new audiences. You can search through the full text of this book on the web at `http://books.google.com/`

Dette er en digital utgave av en bok som i generasjoner har vært oppbevart i bibliotekshyller før den omhyggelig ble skannet av Google som del av et prosjekt for å gjøre verdens bøker tilgjengelige på nettet.

Den har levd så lenge at opphavretten er utløpt, og boken kan legges ut på offentlig domene. En offentlig domene-bok er en bok som aldri har vært underlagt opphavsrett eller hvis juridiske opphavrettigheter har utløpt. Det kan variere fra land til land om en bok finnes på det offentlige domenet. Offentlig domene-bøker er vår port til fortiden, med et vell av historie, kultur og kunnskap som ofte er vanskelig å finne fram til.

Merker, notater og andre anmerkninger i margen som finnes i det originale eksemplaret, vises også i denne filen - en påminnelse om bokens lange ferd fra utgiver til bibiliotek, og til den ender hos deg.

Retningslinjer for bruk

Google er stolt over å kunne digitalisere offentlig domene-materiale sammen med biblioteker, og gjøre det bredt tilgjengelig. Offentlig domene-bøker tilhører offentligheten, og vi er simpelthen deres "oppsynsmenn". Dette arbeidet er imidlertid kostbart, så for å kunne opprettholde denne tjenesten, har vi tatt noen forholdsregler for å hindre misbruk av kommersielle aktører, inkludert innføring av tekniske restriksjoner på automatiske søk.

Vi ber deg også om følgende:

- Bruk bare filene til ikke-kommersielle formål
  Google Book Search er designet for bruk av enkeltpersoner, og vi ber deg om å bruke disse filene til personlige, ikke-kommersielle formål.

- Ikke bruk automatiske søk
  Ikke send automatiske søk av noe slag til Googles system. Ta kontakt med oss hvis du driver forskning innen maskinoversettelse, optisk tegngjenkjenning eller andre områder der tilgang til store mengder tekst kan være nyttig. Vi er positive til bruk av offentlig domene-materiale til slike formål, og kan være til hjelp.

- Behold henvisning
  Google-"vannmerket" som du finner i hver fil, er viktig for å informere brukere om dette prosjektet og hjelpe dem med å finne også annet materiale via Google Book Search. Vennligst ikke fjern.

- Hold deg innenfor loven
  Uansett hvordan du bruker materialet, husk at du er ansvarlig for at du opptrer innenfor loven. Du kan ikke trekke den slutningen at vår vurdering av en bok som tilhørende det offentlige domene for brukere i USA, impliserer at boken også er offentlig tilgjengelig for brukere i andre land. Det varierer fra land til land om boken fremdeles er underlagt opphavrett, og vi kan ikke gi veiledning knyttet til om en bestemt anvendelse av en bestemt bok, er tillatt. Trekk derfor ikke den slutningen at en bok som dukker opp på Google Book Search kan brukes på hvilken som helst måte, hvor som helst i verden. Erstatningsansvaret ved brudd på opphavsrettigheter kan bli ganske stort.

Om Google Book Search

Googles mål er å organisere informasjonen i verden og gjøre den universelt tilgjengelig og utnyttbar. Google Book Search hjelper leserne med å oppdage verdens bøker samtidig som vi hjelper forfattere og utgivere med å nå frem til nytt publikum. Du kan søke gjennom hele teksten i denne boken på `http://books.google.com/`

RAMNAGRO

TVEDT

Library
of the
University of Wisconsin

BEQUEST OF
JULIUS EMIL OLSON
1888- -1944
PROFESSOR OF SCANDINAVIAN
1884- -1930

A
1312

RAMNAGRØ

RAMNAGRØ

FORTELJING

AV

JENS TVEDT

ANDRE UPPLAGE

KRISTIANIA
OLAF NORLIS FORLAG
1901

Kristiania 1901. — Nikolai Olsens bogtrykkeri.

A
1312

623720

Ramnagrø-ætti var namngjeti av di det alltid fylgde eitkvart sermerkt anten i huglynde elder aatferd med dei som var av det bøle: Ein hadde vore for kjær i drykk, ein anna i kvende. Den siste hadde ikkje ans fyr anna en aldehagen og til aa skjera ut i tré, men til det var han meisteren i heile fjorden. — Alle var dei umtenkte og hendige i sitt arbeid, men hadde sjeldan bidlund til aa halda fram med noko visst. Likevæl stod dei aldri upp-raadde anten fyr pengar elder livemaate, og det hende at dei berga folk med eit lite laan i eit knipetak.

Anten dei i Ramnagrø hadde funne pengarne elder stole dei, det visste ikkje folk, men at det hadde gjenge rett til, trudde ingen.

Det vart sagt at i gamall tid hadde røvarar havt tilhelde i Ramnagrø-urdi og muga i hop usegjeleg store rikdomar der. I slike hol og hellarar, som der var, kunde det sagta liggja gjøymt baade mangt og mykje. Og so var det ikkje utrulegt at ein kunde koma yver

sumt, dersom ein vaaga seg inni urdi og leita. Eit uhuglegt arbeid vilde det vera, for det var baade faarlegt og fælslegt i dei svarte holi, som gjekk endelaust innigjenom. Men Ramnagrø-kararne kunde vera trudde til aa greia det, og det skulde undarlegt vera um Ramnagrø-midelen ikkje kom der ifraa — fyrstedags. Og gjerna endaa fyr den del.

For dei hadde ingen støkk fyr urdi dei, var det likt til. Askjells-hellaren hadde endaa til namn etter den fyrste Askjell i Ramnagrø. Hellaren var ein mole upp ifraa strandi med utgang paa søre sida, men ein kunde og koma til han igjenom Tjuvahole, som ein kunde ro inn i naar det var flod sjø. Askjell nytta Tjuvahole til naust og budde under hellaren, til han fekk husi ferdige. Det synte endaa merkje etter eldstaden og tedde sot etter røyken. — Ifraa Askjells-hellaren skulde det gaa eit svart hol ende inn igjenom urdi. Det var no mura att, men lenger uppi var det nok ein annan opning som bar i same leid. Der hadde ein gong ein hund sett igjenom og vore vekke i fleire dagar, til han endeleg vart attfunnen uppi Ramnagil, der han laag og illkvein. Daa var han so tilreidd, at dei laut avliva han. —

Den Askjell som hyste i Ramnagrø, han var austmann og smid. Aar etter aar hadde han kome yver fjelle med ljaar og flakka bygd imillom. Men ein sumar gav han seg til i Ramnagrø, og det spurdest snart at han

hadde fenge papir paa det og tok til aa hysa der.

Ramnagrø hadde til den tid vore utslaatta under Salmunds-jordi paa Nes. Det var god jord, det namne som var, og midt imot soli laag det, so det kom tidleg fyr seg um vaararne. Men bratt og uført var der, langt til bygdar og mest helder ikkje framkjømt der til, — onnorleis en paa baat. Og urimeleg stygt — med Ramnagil uppyver, ei naki fjell-oksl paa kvar sida og under vestre oksli ei uhorveleg urd. — Det kunde ingen trivast til aa bu der, spaadde folk.

Men Askjell henta seg kjerring austum fjelle, og det høyrdest aldri ein knyst um at dei ikkje treivst i Ramnagrø. Elles staaka dei med seg sjølv, og ingen vart klok paa dei. — Askjell hadde sett upp smida og var sers god til aa gjera sakser og bitjarn.

Son deira vart ogso smid. Han heitte Hallstein og fekk gifta si ut i fjorden. Men umframt han hadde Askjell og Torbera tvo døtter. Den eine vart gift til Brattabø, men den andre vart gangande heime til sin døyande dag. Ho heitte Gro, kunde gjera aat fyr ormstyng og kveisefinger, men hadde eit stygt ord paa seg.

Det var Hallstein smid som hadde vore for kjær i drykken. Han bar brennevinsflaska med seg i lumma og svimla i fylla til alle tider, men var elles eit godmenne og ingen

til meins. Daa var kjerringi verre. Det kom burt mykje smalelivande i fjelle daa um aari, og Ramnagrø-kjerringi fekk skuldi. For vister etter klo-dyr saag ingen, men folkefar yver snøfonni i Ramnagil synte det i eino, so lenge fonni laag.

Eit herk var det, dette Ramnagrø-rakke, det tottest alle vera støde paa, endaa ingen kunde gaa fram og vitna at dei hadde set noko lovbrot av dei. — Ungarne strauk sin veg etter kvart dei voks til. Ein av gutarne tok sjøen fyr seg og spurdest aldri meir. Eit par gjentor fekk tenesta i byen og gjekk spanska seg paa gatesteinarne til dei vart baade gifte og væl fjelga. Dei kom reint flust uppi det, etter som det lyddest.

Men Askjell som tok heimvisten, daa Hallstein fall ifraa, var den argaste gjentefut folk hadde høyrt gjete. Og det verste var at alle kvinnfolk hekk etter han, korleis uvyrde han stellte seg. Det vart vætt mangt eit høgjend natti etter at presten hadde lyst fyr han og Mari Krokateigen. Men ho døydde paa barnseng nokre vikor seinare, so han fekk snart høve til aa trøysta dei att, — til næste gong det vart lyst fyr han. Daa var det med Aasa Gjerde. Eit hesplatré var ho paa mange vis, men elles mykje for god aat den som var so lite sætande. Dei *sa* i minsto at han daska med andre, likso væl etter han var gift som fyrr.

Denne Askjell var det som drog heim aplar og bærtré aat Ramnagrø. Fyrr hadde det ikkje vore andre tré der en nokre gamle askar. Dei hogde han ned og stellte til ein reint væn aldehage.

Slikt hadde han bidlund med, men det var mest raadlaust aa faa han til aa aalaga ei øks elder gjera folk ei rettleiding i smida. Det kunde gaa mange vikor imillom kvar gong han hadde verme paa avlen. Han berre ideleg grov med aplarne sine. Ei sers heppa hadde han med dei og. Um nokre aar stod dei største so væne med alda, at det var ei bisn. Store var dei helder ikkje hjaa han, fyrr dei tok til aa bera. Og slike kirsebær han hausta! — Det gjekk ikkje mange aari, so gjorde han byreis berre med alda.

Ramnagrø var vorte som eit lite paradis aa sjaa til. Det kunde just vore ein trivleg heimvist, dersom det hadde vore likare skikk paa husi. Men dei hadde aldri fenge det tilsyn dei trong, og var etter kvart so til nedfals komne at det var liti botevon med dei.

— Eg hev etla meg til aa byggja eit slott, naar eg vert rik nok, men til den dag lyt me berga oss med den gamle hytta, hermde dei etter Askjell. Og so tok dei til aa kalla Ramnagrø-husi fyr „slotte“ og Askjell „generalen“.

Men generalen vart fulla ikkje rik nok. Han lagde seg til aa døy i hytta som ho var.

So laut enkja og sonen, Knut Tobias, som daa var burtimot vaksen, gjera aalvor med husevølingi. Dei reiv den gamle toka, lagde ny paa og bøtte bordtake. Meir saag dei seg ikkje utkoma til, men det var ei god fjelga med so gjort. Husi varde deira tid ut, og so fekk kvar syta fyr seg, meinte Aasa.

Og Knut Tobias var ikkje den som hadde store kravi anten til hus elder livemaate. Slik ein furdig selle, som han var i uppvokstren hadde ingen set fyrr. Fekk han fingrar i ei bok, so gjøymde han seg av burti urdi og heldt seg ikkje fram til maals eingong. Men naar han ingi ny bok hadde, laag han grov i aldehagen elder knuldra med kniven paa eit vedstykkje. Han var sers hendig til aa gjera tréskjeier og knivskaft og krota dei med utskurd. Og snart tok han til aa laga allskyns smaabidne, som han fekk ytnad paa i byen og tente gode pengar med.

Han fôr rak til byen i eino, Knut Tobias. Anten var det utskurds-arbeid elder alda han hadde erend med. Men kvinnfolk saag han aldri paa ledi etter. Han slegta rett ikkje paa far sin i so maate, og mori visste ikkje kva ho skulde tru um han. Men han hadde ei syster, Berta Serina. Ho var so lik far sin i uppsyn og augnelag, at det truleg ogso var same haatten i henne. Det hadde sagta ingi usømd vore aa sjaa av henne, men so hadde det helder ingi freistingarne vore endaa, for

ho kom aldri anten i lag elder leik, og berre barns-ungen var ho. Det var tie aar millom henne og broren.

Ho hadde havt mange born, Aasa Ramnagrø. Men Vaarherre var god og gjøymde dei i beste tidi, so ho sat att berre med Knut Tobias og Berta Serina, daa Askjell fekk vandra. Difyr hadde ho mest tenkt at einkvar stratten kunde fenge hug til aa flytta heim i Ramnagrø. Ho var daa der i sin beste alder og heimvisten so fjerre at paa jamnaden fann dei han ikkje likare: tri vaksne beist, tie smaalog og aldehagen.

Men aari gjekk og ingen baud seg. Daa tok ho til aa sjaa seg um etter sonarkona. Hadde ikkje Knut Tobias tanke fyr det sjølv, so fekk ein hjelpa han til rettes, totte ho. Han nærma seg longe dei treti, og kararne hadde aldri vorte gamle i den ætti, so det var ingi tid aa spilla: Skulde ikkje Ramnagrø koma i framande hender, laut han faa eit menneskje attaat seg, fyrr det var for seint.

Ho sende Berta Serina til byen — til ei av farsysterne som trong tenestegjenta. Det kunde vera godt at ho kom ut og saag eitkvart fyr seg. Berta Serina var ei ferm gjenta vorti, og vilde storemannen laga det fyr henne, kunde ho koma likso væl uppi det som fasterne. I minsto var ho or vegen, naar Knut Tobias no fekk mannskap til aa henta *si* heim eingong.

Men alt det mori rettleidde han og talde ført med han, so hjelpte det ikkje: Knut Tobias var ikkje soleis komen paa det endaa, at han vilde gifta seg.

Daa vart mori baade harm og mødd.

— Var far din for mykje um seg etter kvinnfolk, so er rett du det for lite! sa ho.

— Kven veit um ikkje det og er godt fyr eitkvart! meinte Knut Tobias og knuldra med sitt.

Aasa visste daa ingi betre raad en aa ta heim den ho totte kunde best høva han, og lokka han paa den maaten. Det laut heita ho skulde *tena.* Men fekk Knut Tobias eit fermt og fyndigt kvinnfolk dussande kring seg, so maatte han vel koma til ettertanke. Elder det kunde laga seg vanvares, som so ofta det hadde gjort naar folk skulde i hop.

Og rett som det var, kom Aasa ein dag heim med ei av plasse-døtterne paa Nes.

— Naar ein tyngjest paa foten og dimmest paa syne, treng ein namne hjelp, sa ho, og Knut Tobias lagde ikkje imot henne i det.

Gjenta var eit finslegt menneskje aa sjaa til. Og dugande i sitt arbeid. Just ei som Knut Tobias var væl tent med paa alle maatar, totte Aasa. Og baae tvo gjekk der kring han i tvo aar, hølte og gjølte og lagde runor fyr han.

Men Knut Tobias knuldra med sitt. Gjorde ikkje minste teikn til at han var onnorleis paa

det komen en han fyrr hadde vore. Han var ikkje sameleis voren som andre folk, Knut Tobias, so ho maatte ikkje vera braa, den som paa han skulde bia!

Daa dei tvo aari var ende flutte gjenta aat Dalsbygdi og Aasa nokre maanar seinare paa kyrkjegarden.

Og so vart Knut Tobias gangande einstøding i Ramnagrø. Men fjaakare en daa hadde ingen set han. Han stjorna beist og smale, og greidde alt so væl at det turvte ikkje onnorleis vera. Han sakna ikkje kvinnfolkhjelpi, han fyr sin del.

Det fall berre litt vanhøvt naar han skulde gjera byreisorne. Daa laut han leiga einkvar til aa stia og mjølka, og det var ikkje alltid lett aa faa eit paalitande menneskje, for dei hadde kvar sitt som dei ikkje kunde forsøma, maa vita.

Men so kom Berta Serina heim att.

Traven hadde vavra seg soleis uppi det at ho var umhende, og nokor gifting vart det ikkje. For den ho skulde havt — det hadde vore paa all skikkeleg vis soleis —, han kom vekk paa sjøen just fyrr brudlaupe skulde vera. — Det gjeng ikkje alltid som ein hev tenkt seg, gu' be're. Og so kom det væl med fyr Berta Serina at Knut Tobias var soleis før, at han kunde ta imot henne.

— No skulde mor livt, so tenkjer eg ho hadde minder lasta meg, fyrdi eg ikkje sprang

til og gifte meg, tenkte han. Og han var so vyrk um systeri og den vesle tausungen hennar, at han kunde ikkje onnorleis vera.

Vesletausi vart kristna fyr Aasa Bertine Amanda. Men ho vart lenge heitande *Tine,* for det var lettast aa triva til. —

Det vert mest um henne denne fortelnaden kjem til aa sviva.

I.

Tine voks upp i lag med katten og hunden og var godven med smaalambi og storevéren. Ho vart ein fager men lunefengen gjentunge som berre vilde fara etter sine eigne hugsviv.

Einkvar gongen skulde mori liksom vera etter henne: skjellte, naar det var gjort ei meinfurda, og skok henne litt. Men Tine saag berre undri paa mori og gjekk sin veg. Og det synte ingen otte etter agen.

Daa kjærde Berta Serina seg ein gong fyr Knut Tobias og vilde høyra hans meining. Ho hadde ikkje hjarta til aa slaa barne, sa ho, men det var vel det som laut til, skulde det verta skikk paa ungen.

— Nei skal du slaa henne! Lat barne berre raa seg, so vert ho det ho er etla til, sa Knut Tobias.

— Etla til? tok Berta Serina uppatt og var litt beisk. — Kva skulde ein gjentunge vera etla til! Det er 'kje stort aa velja i fyr

eit kvinnfolk: Anten er det aa bala fyr andre elder koma uppi bale sjølv.

Men daa flein Knut Tobias og saag upp ifraa arbeide.

— Er det ikkje soleis fyr alle, anten dei er kar elder kvende? sa han.

Sidan tala dei ikkje meir um dette. —

Tine klauv i fjell og vassa i fjøra, skura seg til blods og skar seg, men slo seg aldri. Meir en ein gong kom ho heim med klædi so sundrivne at dei med naudi skylte henne. Elder so vaat at det beid ikkje ein turr traad paa henne.

I urdi fôr ho smatt og smaug som ein røysekatt. Og der hadde ho leikarne sine. Ho hadde drege i hop store dungar med alle slag skjeljar. Det var kyr og kalvar, sauder og lamb. Og ho bygde fjos og smalhus aat dei, bar mat til dei um vintrarne men jaga dei til sætrar um sumrarne. Ofta var det baade sumar og vinter mange vendor um dagen, og daa vart det annsamt nok.

Men naar ho var trøytt av den leiken, tok ho ein stein og krasa alle dyri sine til mjøl. So baka ho kaka elder koka supa og graut. — Katten og hunden var gjesterne hennar og skulde eta. Men dei var leide med det at ho fekk dei aldri til. Dei sprang snupt ifraa henne, naar ho vilde stappe det i dei. Men daa vart ho sinna, skjellte dei ut og lova at dei skulde aldri meir faa koma i gjestebod

til henne. — So skydde dei henne og ho dei — resten av dagen, men til vanleg vart dei vener att den næste.

Men snart voks ho ifraa katten og hunden, og hadde ingen ans fyr storevéren.

Den vinteren ho lærde lesa, vart det med eitt boki som tok henne. Ho vart liksom tryllt og vilde ikkje anna gjera en lesa baade seint og tidleg. Fyrr ho lagde seg um kveldarne, gjøymde ho boki under høgjende, so ho kunde triva henne med same ho slo augo upp um morgonen.

— Dette er som det skulde vore meg sjølv. Læs du morr, so lærer du eitkvart! sa Knut Tobias.

Men mori totte det vart for mykje hengjing yver boki.

— Du er so stor no, at det er ei skam du ikkje kan eitkvart med henderne. Daa eg var paa din alder, kunde eg baade leggja upp til ein sokk og fella han av med. Men du hev 'kje endaa lært aa *halda* eit spøt.

— So skulde du syna meg daa! meinte Tine.

Mori fann traad og spøtor og sette seg til med same. Og etter den dag turvte ho aldri meir snitta Tine med det at ho ingen ting kunde med henderne. Det var reint ei bisn kor næm ungen var til aa ta etter. Med alt, kva ho tok seg til, vàr det like eins: ho hadde lage i fingrarne med same.

— Det vert eitkvart av den sella, fær ho livedagarne, sa Knut Tobias. —

Mori drygde i lengste lage med aa senda henne aat skulen. Vegen var baade lang og lite framkomande — vinterdag og ofta um sumaren med, so det var mest eit vaagaspel aa lata born gaa han sjølvstyrde. Ikkje hadde Tine havt hug helder. Men daa ho var nie aar, fekk ho det braadt paa seg at ho vilde aat skulen.

Daa ho so kom der, kunde ho meir en jamnaldringarne, endaa dei hadde gjenge eit aar fyrr: Ho kunde dei fem partarne i katekisma og so godt som heile bibelsoga. Bokstavarne skreiv ho, og tali med. Og i leseboki som ho aldri hadde set fyrr, der greidde ho seg utan aa stikta paa eit ord.

Ho var ikkje lite høgføtt, daa ho kom heim att fyrste dagen. — Læraren hadde sagt ho skulde helsa heim at ho var den beste av alle. Men ho maatte faa pengar til lesebok og skrivebok og tavla, hadde han sagt, for det hadde dei andre. Og so skulde ho ha linjal og griffel, hadde han sagt. Og so salmebok. Men det hadde dei sagta heime, so ho turvte ikkje kjøpa, hadde han sagt, men berre faa ei med seg.

— Ja det er nok grust, lydest det, sa mori og smilte. Berre det vilde vara, so det vart same høgtidi stødt!

Og det vart alltid ei høgtid fyr Tine aa gaa i skulen. Det var berre so altfor lenge imillom skuleturarne, og dei vardè so stutt kvar gong. Leksa kosta henne ikkje tære, og dei fekk vita utruleg mykje løgje — um folk og land og byar og alt slag. Det var so gildt som det kunde vore eventyr alt saman.

Ho var raadsmor i leikestunderne: det ho vilde, det gjorde dei andre. Og vener var ho med alle, gutar og gjentor. Men gutarne var ofta aabrudige paa einannan fyr hennar skuld. — —

Fyrste sorgi fekk Tine daa ho gjekk i trettande aare.

Dei skulde skifta lærar, og det vart ein tung støyt fyr henne. Han, dei hadde, var so reint utruleg gild og snild og kunde læra dei so godt. Men no skulde han faa meir løn ein annan stad og vilde reisa. So fekk dei vel att ein som var baade streng og ill. Og gjerna lite kunde attaat.

Ho gjekk syrgde og grét og kom reint ifraa baade mat og svevn. Og den dagen læraren tok avskil med skuleborni, var ho so ifraa seg at ho storskreik og vilde ikkje ut or skulestova. Læraren laut sitja og godsnakka med henne ei lang stund, fyrr han fekk henne til aa ta til vite.

Daa ho endeleg gav seg paa heimveg, saag ho ikkje paa ledi til dei som fylgde henne, fyrr dei var komne burti utmarki. Der

stogga ho og tok til aa leggja ut um kor ulydig og uvyrdi ho vilde vera, naar no den nye læraren kom. Ho svor so stygt paa det, som dei skulde høyrt Sigfus i Stølstræ naar han var paa det illaste.

Og ho tok den lovnaden av kameratarne, at naar dei kom i skulen fyr den nye, so skulde dei gjera etter, som dei saag ho gjorde fyre. Det lova dei — med hand og munn.

Men læraren munde eikorleis ha fenge tak i dette, for ikkje lenge etter kom det brev til Tine ifraa han. Brev med bilæte hans inni. Han bad henne vera likso grei og gild imot den nye som ho hadde vore imot han, og elles minnast alt det gode han hadde lagt henne og dei andre paa hjarta. Og mykje anna vænt stod der, for han hadde skrive ut eit heilt ark paa alle fire sidorne.

Tine vart mjuk um hjarta, og illviljen imot den nye gav seg. Kan henda han var eit folkelegt menneskje, han med. Ho vilde i minsto ikkje skapa seg uvyrdi, fyrr ho visste korleis han var. — Men so glad i han som ho hadde vore i hin, nei det vart ho aldri! Og anten ho kunde leksa aat han elder ei, det kunde vera just det same. For det vart ikkje gildt i skulen no meir, det var ho sikker paa. Hadde ho sloppe heile skulen, vilde det vore det beste.

Men daa det bil nærma seg, at skulen

skulde ta til att, fekk ho likevæl anken paa seg med leksorne og lengta etter dagen. Det kunde vera løgje aa sjaa den nye læraren og høyra kva kar han var.

Um sundagen gjorde ho ei reis heim til Nes-borni. Ho vilde segja at det var ikkje verdt aa gjera seg uvyrdne imot den nye, fyrr dei saag korleis han tedde seg. Og so hadde ho moro av aa vita um han var komen, og um einkvar visste korleis han saag ut. — Men Nes-borni kunde ingen vismun gje henne, og so tok ho til aa ottast at det vart gjerna ingen skuletur den gongen. Det vilde vera — det leiaste av alt!

Men den dagen ho og dei andre møtte fram, kom det ein ung, blid-øygd kar med skjegg paa yverlippa ut i skulehusdøri og bad dei koma inn.

— Det er eg som skal vera læraren dykkar no, sa han og saag so godsleg ut at sume av borni laut smila til han. Og han smilte att til dei og tok dei i handi ein fyr ein.

Men Tine kunde mest ikkje tru at dette var læraren. Aldri hadde ho tenkt seg han soleis. Og daa ho handtokst med han, kjende ho at ho vart sprutraud, og skjemdest so ho torde ikkje sjaa upp. —

Det synte seg snart at den nye læraren var til fullnads so god til aa læra dei som hin hadde vore. Likso snild var han med.

Og endaa meir smaaløgjen, so det vart meir moro en fyrr. — Dei hadde ikkje havt han mange dagarne, fyrr alle borni var einige um at dei gjorde ikkje trega paa byte. For naar han vilde ha eitkvart paa ein annan maate en dei fyrr hadde vore vane, so tottest dei strakst skyna at det var betre soleis som denne vilde ha det.

Likevæl vart det uppi det at Tine kom til aa lika seg minder i skulen en ho fyrr hadde gjort. — Gutarne totte ho var vorti so god paa det og vilde liksom ikkje lenger sjaa paa ledi. So gav dei seg til aa terga henne: Ho fôr berre og gjorde seg til fyr læraren, sa dei. Og daa dei fyrst hadde teke til med dette, so verstna det etter kvart, til Sigfus i Stølstræ ein dag slengde i henne at ho stilte etter aa verta skulelærar-madam.

— Tosk! som ikkje hev set at han hev ring paa høgre! svara Tine so inderleg hynte som ho berre kunde faa det til.

Daa fekk ho fred ei stund. Men ein dag um hausten bar det laust med slikt eit himmels forvér, at læraren totte han kunde ikkje lata Tine gaa strandi aaleina, og so fylgde han henne heim. Etterpaa var Sigfus framme med munnen sin att. Og so uvyr-den og stygg var han, at Tine kunde ikkje styra seg men labba han ein kjeftebask, so han blødde. I full illska sprang han inn til

læraren og klaga henne. Det vart etterrøknad, alt kom fyr ein dag, og Sigfus fekk baade skjennepreik og laut sitja att ein heil time etter dei andre.

Sidan torde ingen kny um sovorne ting, men Tine kjende seg alltid utrygg korso.

II.

Tine gjekk las same aare som Mathilde i prestegarden og Helene hans Knut i Nesvaagen, handelsmannen si. „Storfolkgjentorne" hadde ikkje gjenge i skulen men havt læremor ifraa byen. I det fyrste var dei difyr so gode paa det, at dei heldt seg ifraa bondeborni paa lesardagarne. Men seinare gav dette seg litt, og daa dei hadde fenge tak i at Tine gjekk dei ein høg gang baade innan- og utanbokes, kom dei ein morgon og drog henne med burtetter vegen, kalla henne Amanda og vilde at dei skulde „holde sammen".

Sidan vart det eit svært venskap millom desse tri, og Tine var kipi og kjende seg stor av dei nye venerne sine. Litt brydd kunde ho sume tider vera, av di ho korkje var so fint klædd eller kunde so godt danska som dei. Men ho tok etter so mykje som raad var: pynta seg med kvitt um hals og hender, fletta haare paa same maaten som dei, og skydde verste bonde-ordi.

Ho saag sagta at hine gjentorne skjegla svivyrdsleg etter henne, og visste at dei seg imillom nemnde dei tri fyr „perlehønorne". Men det gjorde henne ingen ting. Det var berre av ideleg ovundsykja, og den er verst fyr den som dregst med henne. —

Endaa Mathilde og Helene ikkje var betre anten til aa lesa elder svara fyr seg, so *visste* dei likevæl utruleg mykje meir en Tine. Dei hadde høyrt og set og vore uppi alt slag. Og kjende mange menneskje som ho aldri eingong hadde høyrt namne paa. — Dette gav Tine stor age fyr dei.

Men størst vart agen, daa ho fekk vita at dei bar paa kvar si løynlege hjartesorg: Dei kunde ikkje faa den dei elska. Og so kunde dei helder aldri trulova elder gifta seg. For elska ein, men gifta seg med ein annan, det kunde ingen av dei. Daa vilde dei helder vera trufaste imot den som aatte hjarta deira, um dei aldri fekk sjaa han meir. Men du aa du, kor tungsamt live kom til aa verta! — dersom dei skulde liva ei stund. Elles vart dei ikkje gamle, trudde dei. For ei retteleg elskhugs-sorg tærde meir en nokon visste, som ikkje hadde røynt henne.

Fyrste gongen venerne tala med Tine um sin tunge lagnad, nemnde dei ikkje |kven dei hadde huglagt. Men andre venda fekk ho vita det:

Mathilde elska ein løitnant. Han saag

fælande morsk ut med det svarte skjegge paa yverlippa og dei kvasse augo. Men likevæl var han det søtaste mannfolk ho hadde set. Klokkaren var elles ikkje so reint ulik han. Og kvar gong ho saag klokkaren, gjekk det ein rykk igjenom henne, av di ho kom den andre i hug.

Aa gud, kor Mathilde elska løitnant Andersen! — Men han vilde aldri gifta seg. Det hadde han sjølv sagt. Og no var han reist til Afrika, so ho saag han visst aldri meir — i denne verdi. —

Helene sin hjarteknusar var kunstmaalar. Han hadde vore i Nesvaagen sist sumar og heldt til paa storesalen deira. Kvar einaste dag hadde ho vore inne og set paa, naar han maala elder teikna. Og han var so urimeleg snild. Daa han reiste, gav han henne eit blyants-rit av minsteguten aat Ili Teigen. Ungen stod i berre skjurta, og bilæte var makalaust godt gjort, so ein kjende han med same ein kasta auga burtpaa papire.

Men tenk: Maalaren tala nett som ein bonde. Han sa *eg* og *me* og *graut* og alt sovore *simpelt,* endaa han kunde vera *dannet* naar han vilde. For han hadde lært baade tysk og fransk, og vore utanlands. — Sume tider hadde han fortalt um korleis det var i dei store byarne. Men ofta var han so tagall at ein fekk mest ikkje eit ord av han. Stundom saag han ut som han bar paa ei tung sorg og

stirde vonlaus fram fyr seg. Helst um kveldarne, naar han sat paa troppi og røykte. Men best som det var, kunde han spretta upp og vera so kaat og løgjen at han sette huse paa ende.

No var han i Paris. Men um eit aar elder tvo kom han att. Daa skulde han og vera hjaa dei. Gud, kor Helene gledde seg til det! Og so at ho til den tid skulde vera ferdig med frøken Olsen og presten og dei fortærande leksorne. Berre ho heldt ut so lenge og ikkje tærdest i hel av lengting og vonløysa.

Men *fekk* han — det gjorde ho ikkje. Det visste ho nok.

Før det var same eins med han som med Mathilde sin løitnant: Han vilde ikkje gifta seg. Ikkje just til henne hadde han sagt det, men til mor hennar og frøken Olsen, so det var fullt sætande. Ein kunstnar maatte ikkje ha lekkja um foten. Han skulde gjeva kunsten alt og ikkje hefta seg med nokon vanleg elskhug, — hadde han sagt. — Det var visst rett, men likevæl syrgjelegt fyr den som hadde huglagt han og aldri, aldri kunde gløyma.

Og Helene gret i si saare vonløysa. — —

Kvar gong Tine raaka venerne, tala dei mest ikkje um anna en sin tunge lagnad. Men Tine vart ikkje trøytt av aa lyda paa dei, for dei visste alltid til aa grava fram sovore som dei ikkje fyrr hadde kome i hug til aa fortelja.

Ho hadde lese litt i bøker um ulukkeleg elsk, men no kom det henne liksom so nær innpaa live, at det vart reint forvitnelegt. Og ho tok til aa undrast paa um ho nokon gong sjølv skulde koma uppi slikt.

Det kunde vera furdigt aa kjenna korleis det var. Og um det ikkje gav seg att. — At dei andre ikkje vilde gifta seg, naar dei ikkje fekk den dei var glad i, det skyna ho godt. Det hadde ikkje mor hennar helder gjort. Og det vilde ikkje ho helder.

Elles var ho kan henda soleis vori at ho ikkje vart glad i nokon. Ikkje soleis retteleg, at ho vilde *ha* dei.

Sjaa no morbror! — Han hadde visst havt det paa den maaten.

Elder tru han hadde huglagt ei som han ikkje kunde faa? —

Ho furdest mykje paa dette, og ein dag ho hadde han aaleina fyr seg, spurde ho kvifyr han ikkje hadde gift seg.

Daa lo Knut Tobias.

— Det sveiv aldri soleis fyr meg, sa han.

Men hadde han ingen vore glad i helder?

— Aa nei, eg kan 'kje segja det. Hadde eg lika kvinnfolk, so hadde eg vel funne meg eit brot, eg med — som dei andre.

Det var vel ikkje sagt at han kunde fenge den han vilde havt, meinte Tine.

— Vilde ikkje ei, so vilde vel ei onnor! lét Knut Tobias.

Daa skyna ho at med morbroren var det ikkje raad til aa tala um slike ting. Anten hadde han ikkje vit paa sovore, elder han vilde ikkje ut med det. — Men leggja det ned kunde ho ikkje, og ein gong ho og mori stod ned i fjøra og grov tare, spurde ho henne kvifyr Knut Tobias ikkje hadde gift seg.

— Nei du det er rett meir en eg veit! svara mori. Han hev alle dagar vore ein slik selle, at han er 'kje til aa verta klok paa.

— Tru han kunde ikkje faa den han vilde ha? freista ho.

— Jau, det kunde han daa visst, hadde han berre spraaka etter einkvar. Men naar han ikkje det gjorde, so vart det ikkje helder.

Elles var det *deira* bàte, at Knut Tobias ikkje gifte seg, sa Berta Serina. No kunde Tine med tidi faa Ramnagrø. Anten daa Vaarherre vilde laga det soleis at ho fekk ein mann, elder ho ikkje fekk han, so hadde ho i minsto livemaaten og heimvist. Det var so store ting at ein maatte vera baade fegen og takksam fyr det. Naar ein visste kvar ein skulde gjera av seg, og dertil slapp svelta, so var det ikkje meir aa kri fyr — her i verdi.

Og Berta Serina sukka.

— Men onnorleis hadde det vel vore, um far din hadde livt, lagde ho til.

— Var du svært glad i han far? spurde daa Tine, men torde ikkje sjaa burtpaa mori.

— Aa ja, eg kan 'kje anna segja, svara

Berta Serina. Og um eit lite bil sa ho stillt: Det var vel helst so at det var i meste lage. Og daa er ein ikkje so umtenkt som ein skulde vera.

So arbeidde dei tagalle ei lang stund.

— Kunde du gift deg med ein annan, etter far kom burt? spurde Tine braadt.

Berta Serina drygde litt fyrr ho svara.

— Eg tenkjer rett eg det kunde, sa ho og saag med ein brydd smil paa den spurvise dotteri. — Men fyrst maatte einkvar bode seg, og det hev det ikkje gjort, morr!

— Men naar du ikkje var glad i han! sa Tine og saag stivt paa henne.

— Eg kunde vel vorte det! — Og no lo Berta Serina, varm i kinni og med ein glir i auga som Tine ikkje hadde set fyrr. — —

Det var nok ikkje so einslunge, dette med elskhugen og dei ting, som Tine hadde trutt. Elder hadde dei ikkje vit paa det anten mori elder Knut Tobias? — Men ho totte mori hadde røynt so fjerre, at ho maatte skyna det betre en Mathilde og Helene. Berre ikkje dei med var soleis, at baud det seg ein annan en løitnanten elder maalaren, so tok dei han!

Og ho saag med seg sjølv: Hadde ho ikkje vore so glad i gamle-læraren, at ho vilde tæ seg daa han reiste, men no kom ho han mest aldri meir i hug. Det var gjerna ikkje onnorleis naar ein vilde *ha* einkvar helder: Fekk ein han ikkje, so var det ilt med same og ei stund etterpaa, men gav seg snart.

— Syrgde du mykje fyr far? spurde ho.

— Aa ja, barn! — det var mange gonger soleis, at eg trudde det stod um vite. Men daa eg fekk deg, so gav det seg ein grand etter kvart — som væl var.

Daa med eitt tottest Tine skyna alt betre. Og naar ho sidan gjekk einsleg og grunda yver desse ting, lagde det seg til rettes fyr henne soleis, at det munde vera verst aa gje hjarta sitt burt til den som ikkje brydde seg um ein. Men det skulde ho agta seg væl at ho ikkje gjorde. — —

So god konfirmand som Tine hadde det ikkje vore paa kyrkjegolve der i sokni, so lenge folk kunde minnast. Dertil hadde ho ei sømd med seg og tedde seg so bljugt, at ein skulde ikkje venta det — av ein Ramnagrø-unge.

III.

Ein mann heitte Anders Bøen. Han var or Dalsbygdi og paa alder med Berta Serina. Dei gjekk fyr presten same aare, og ifraa den tid hadde Anders havt tankar til henne. Men daa Berta Serina vart skikka til byen, trudde han det var ingi von fyr han, og slo det ifraa seg. Han gifte seg heim paa Bøen og fekk attaat jordi ein grand pengar med kona. Dei hadde ingi born i hop, og no var han enkjemann paa andre aare.

Det var denne Anders som sveiv Berta Serina i tankarne, den gongen Tine spurde henne ut um giftingi. Ho visste at han hadde havt eit godt auga til henne fyrr, og etter han vart enkjemann hadde han eit par gonger sendt henne helsing med Knut Tobias. — Ho la so visst ikkje nokor sers meining i det, men eitkvart lite laut ein ha lov til aa tenkja naar ein enkjemann, som sat uppraadd fyr kvinnfolkhjelp, sende helsingar.

Det vilde ikkje vera aa gaa heim til

inkjevetta — paa Bøen. Og Anders var ein finsleg mann og likande paa alle maatar. — Berta Serina skulde rett ikkje ta det illa upp, um han kom soleis paa det at han spurde framum. Naar Knut Tobias hadde Tine til aa stjorna fyr seg, so stod ikkje han uppraadd um *ho* flutte or Ramnagrø. Det trongst ikkje tvo vaksne kvinnfolk gaa og trø med det som der var aa gjera.

Men sidan høyrde ho ingen ting, fyrr ein dag Tine hadde vore eit erend aat Nesvaagen. Det var endaa same hausten ho hadde stade. — Daa kjem ho heim med helsing ifraa Anders Bøen att.

Ho raaka han paa krambudi, og so spurde han korleis dei livde i Ramnagrø. Daa ho just var ferdig, baud han henne til at ho kunde faa fylgja han paa baaten, for han saag ho hadde mykje aa bera.

Og Tine tok imot tilbode og fekk sitja paa attertofta heile vegen, for han vilde ikkje ho skulde ro. Ein skulde liva ungdomen i uppvokstren, at han kunde ha gode krefter naar betre det trongst, sa Anders. Og han var sers fjaak og rødde mest heile vegen.

Fyrst spurde han kva Knut Tobias maksla med, og kor mykje alda dei hadde fenge. Sidan fortalde han at no hadde han vore utum og høyrt seg etter tenestegjenta. Ho skulde ifraa han til vaaren, den han hadde. Ho vilde til Amerika — med ein ho hadde lagt

lag med. Men det var vandt aa faa spurdag paa ei god taus. Han hadde gjort maafaa-reis baade i dag og i gaar. No visste han snart ikkje betre raad en aa høyra framum i Ramnagrø, der dei gjekk tvo kvinnfolk med ikkje større stjorne, — sa han. Men han hadde lætt, so det var vel ikkje plent aalvore hans. — Daa han sette henne i land, bad han at ho maatte helsa upp til mor si og Knut Tobias.

Berta Serina lydde forviti etter med' Tine fortalde alt dette. Ho var varm i kinni, og det sat ein løynsk smil i augnekraai. — Men daa Tine tok fram ein pose sukkersniglar som han hadde sagt ho skulde skifta med mor si, daa slo Berta Serina henderne i hop.

— Jamenn maa eg segja han er makalaus! sa ho. Og han hev rett ikkje teke for lite til helder. Det er no minst fyr ei halv kruna, det er eg sikker paa. Verkeleg var han den gongen ærug i seg!

Og gode var dei. Ho hadde so visst ikkje kjent betre sniglar. Og lenge varde dei i munnen med. —

Berta Serina laut smaka eit par til, og dei tok ho i munnen med ein gong. Men Tine tok tri. Og so godna dei seg. Mori spøta, men Tine sat og heldt paa sniglaposen og stirde rett fram fyr seg med' tankarne sveiv.

— Du lyt no lata Knut Tobias smaka dei og, sa mori um eit bil. — Og so skulde du gjøyma ein grand til seinare.

Tine reis upp, sleikte lipporne og la posen burti hylla. Ho kom i hug at ho hadde fenge laant ei bok hjaa Helene, og det skulde vera moro aa sjaa um boki var so gild som Helene hadde sagt. — Men fyrst laut ho bera inn ved og henta vatn, so mori slapp kjæra fyr det at ho ingen ting nyttigt tok seg til. Mori var elles ikkje vond til aa kjana. Og i dag saag ho so framifraa blidvori ut, at ho vilde visst ikkje letta munnen upp til eit einaste vondord. Men likevæl var det best aa faa arbeide ifraa seg og sidan ha fred.

Og med' Tine dussa ut og inn og var aat bekken etter vatn, gjekk ho tenkte paa det som Helene hadde fortalt.

Tenk no var Helene trulova! — Ja ikkje nett soleis visst at nokon maatte vita det. Berre i løynd. Og Tine maatte ikkje nemna det med eit einaste ord til ei syndig sjæl paa denne jord. Men han hadde kyst henne. Fyrste venda berre ein gong, men sidan — aa, det var ikkje tal paa alle gongerne! Det kunde ingen tenkja seg kor himmelskt det var! — Tenk so *tossi* hadde ho vore, at ho var rædd og sprang ifraa han eit par gonger. Men den kvelden heldt han henne, so ho vann ikkje riva seg laus fyrr en det var gjort.

So hadde Tine spurt um det var maalaren som var komen att. Men daa lo Helene.

Nei tenk maalaren! Han var i Paris han. Elder ho visste ikkje kvar han var. Og det

same kunde det vera, for ho brydde seg ikkje tære um han lenger. Det hadde berre vore noko vas, det med han.

Nei han var onnorleis søt, bakaren. For det var bakaren deira. — Han var so dannet at han sa *frøken* til henne naar andre høyrde paa. Og til far hennar var det alltid *hr. Hansen* og *di,* og til mori *frue.* Men so var han ogso av *pene* folk og hadde gjenge paa *middelskole.* — —

Helene hadde preika so lenge um den søte bakaren og si store sæla, at ho var mest andsloppi daa ho endeleg stogga og spurde kva Tine totte.

Kva skulde ein vel tykkja! — Ikkje visste Tine det daa, og ikkje visste ho det no helder. For ho torde ikkje for væl segja si hjartans meining, naar hi var so upp i vére.

Men ei god vindkvern munde Helene vera. Det var ikkje mange maanarne sidan ho vilde syrgja seg i hel fyr maalaren, og no gjekk berre bakaren henne i hovude. — Ho hadde set han, Tine med, men hò totte ikkje det var noko til kar: Ein liten bleikfis med stor nasa og ein svart lugg ned i skallen. Og so gjekk han og hyfsa i ei mjølutt brok, som vilde siga nedum han. — Ein maatte vera sers i legerval, naar ein lét seg sleikja av slik ein tase!

Baade Helene og Mathilde var elles reint som dei var forgjorde etter kyssing. Hadde

dei ikkje teke paa henne deshelder — eit par gonger! Men ho vilde meir elgjast en ho totte det var gildt. For baade Helene og Mathilde hadde ein lei ange, naar ein kom dei for nær.

I røyndi var ho gali paa dei baae tvo. Dei vilde vera so vaksne i alt, berre av di dei var eit aar eldre en ho. Og falske var dei med einannan, so den eine fortalde um hi. — —

— So Anders Bøen var i vande fyr taus, han! sa mori daa Tine kom inn og vilde setja seg til med boki.

— Ja so lyddest det! svara Tine stutt. Ho vilde helst ha fred no.

— Det er vænt i Dalsbygdi og mange gardar, so det er lettlegt aa vera der, sa Berta Serina.

Men Tine tagde. Ho hadde alt teke til aa lesa.

— Hadde du vore før til aa ta stjorne paa deg, kunde du mi sann gjerna fest deg til Anders Bøen. — Berta Serina smaalo. — Du kunde ingen snildslegare husbond ynskja deg, er so du fyrst skulde tena. Og du trong mest koma ut imillom folk ei stund, so du saag eitkvart fyr deg.

— Eg vil helder til byen, sa Tine utan aa letta augo or boki.

— Aldri nemn det, morr! Med min vilje kjem du ikkje der nokon gong — meir en fyr

det snare. Men det hev eg lova deg, og det skal eg halda, at du skal faa vera med Knut Tobias ein gong til folke vaart.

— Kor lenge skal eg faa vera daa?

— Ja det lyt verta etter som dei bed deg stogga. Kan henda dei vil 'kje eingong hysa deg, no etter fasterne er burte. For i det siste hev dei fenge det med aa vera litt gode paa det, høyrer eg Knut Tobias vil ha det til.

— So tarv me 'kje gaa til dei! meinte Tine. Men eg vil sjaa teater-spel og gaa i musæum og paa kunst-utstillingen.

Berta Serina saag undri paa henne.

— Kven hev sett deg paa slikt? spurde ho.

— Me høyrde um det i skulen. Og Hélene i Nesvaagen hev vore og set det altsaman.

Ein kunde ikkje fara etter kva slike folk saag seg raad til! totte mori. Dei hadde ikkje pengeskuffa aa ausa or i Ramnagrø. Det kosta pengar aa gaa i teater, — ikkje lite helder. Men det var sant ja, at moro kunde det vore fyr henne. Og ein fekk vona det eingong laga seg soleis, at det vart utkoma til aa lata henne sjaa eitkvart. —

Berta Serina tenkte paa Anders Bøen daa att. — Hadde han nokor meining med alle helsingarne sine, og det elles vart til aalvor, kunde Tine vera med naar dei kjøpte heim til brudlaupe. Men dette vilde ho ikkje segja til ungen — endaa.

Ein tanke maatte mannen ha, det var

tydelegt. Og naar han det hadde, kunde han gjerna lydast framum. — Soleis stedd i det som han no var, og snart halvtanna aar sidan kona fall ifraa, so visste Berta Serina rett ikkje kva han drygde etter, fyrr han fekk seg eit menneskje. Han maatte vel mest skyna kva svar han kunde venta seg og, vilde ho tru, — vener som dei hadde vore i gamle da'r.

Og fyr kvar dag som no gjekk, undrast Berta Serina meir og meir paa Anders Bøen og hans driling. Ho skulde havt moro av aa vita um han hadde sendt helsingar heim andre stader med! — —

So ein dag kom Knut Tobias or Dalsbygdi og hadde henta namne emnings-ved. Han laut alltid aat Dalen, naar han vilde ha fin lokkebjørk elder godt askevyrke.

— Du høyrde ikkje gjete um Anders Bøen hev fenge taus til vaaren? spurde Berta Serina, med' han stod bytte arbeidsklædi paa seg.

— Nei, det gjorde eg ikkje, sa Knut Tobias. Eg var elles framum der og fekk baade mat og drykk. Eg skulde helsa flitteleg ifraa han.

— Det var daa skil paa helsing med han! lo Berta Serina. Eg veit 'kje kor mange helsingarne eg hev fenge i det siste, men neimenn er det ikkje faae.

— Han orda um at han vilde lydast framum her snart, sa Knut Tobias.

— Nei vilde han det, du? letst Berta Serina undrast.

Tine sat lydde paa dette. Ho saag paa mori.

— Du skal sjaa han hev ikkje fenge taus, og so er det vel det han vil her um, sa ho. Men ikkje vil eg aat Dalsbygdi, det er so mykje du veit det!

Daa lo Berta Serina att.

— Eg tenkjer ikkje nokon vil anten telja elder truga deg til det, morr! — so du tarv ikkje ottast, sa ho.

— Aa nei, det er fulla eitkvart anna han stiler paa, etter som mest det lydest. — Knut Tobias flein og blinka til Berta Serina.

Daa skyna Tine alt, beit seg i lippa og vart sprutraud. Ho slo augo ned og sa ingen ting. Men tankarne arbeidde, og det tetta seg i hop eitkvart nedfyr bringa.

Verkeleg var det løgje av mori at ho kunde vera soleis! Gjekk ho ikkje og svitta ut og inn, so blidøygd og blank i kinni at Tine laut koma i hug Helene, daa ho fortalde um bakaren. —

Tine maatte vera med ned aat nauste og hjelpa Knut Tobias med emnings-veden og baaten. Daa ho det hadde gjort og kom heim att, stod mori framfyr omnen og sulla paa ei visa med' ho rørde i nonsmaten. Men ho stogga braadt og fekk som ei hosteflaga, daa ho saag dotteri.

Det var fyste gongen Tine hadde høyrt mori syngja til kvardags. Ho munde vera sers kipi, naar ho det gjorde. — Og Tine laut læ, og dermed kvarv den harmen som hadde teke til aa setja seg fyr bringa.

— Kva lær du av? spurde Berta Serina og smilte brydd.

— Eg berre lær av noko som Knut Tobias sa med same han tok nygla or baaten, svara Tine.

— Kva sa han, lat høyra! sa Berta Serina.

So hermde Tine det, og dei lo baae.

IV.

Det var ein fin dag med klaar himmel, stavstill fjord og hela paa marki der soli ikkje fekk koma til.

Ei stund yver daursbil kom det ein baat roande utetter med land og lagde til i Ramnagrø-stødi. Og daa dei høyrde rutlingi og saag ned, so var det Anders Bøen som var ute og ferdast i godvére.

— Han skal rett ikkje reka av — anten fyr straum elder vind i dag! sa Berta Serina og kasta eit auga burti spegillen paa glasposten.

So saag ho seg i kring um det var soleis hamslegt i stova at ein kunde be framandfolk innfyr døri. Og daa ho ikkje vart vis med nokon ting som kunde onnorleis rettleidast, letta ho paa døri ut til kammerse der Knut Tobias sat og knuldra med sitt.

— Me fær gjestebodfolk er det likt til, sa ho. Du lyt sviva nedaat nauste og ta imot dei, tenkjer eg.

— Kan henda det! sa Knut Tobias, lagde arbeide ifraa seg og gjekk.

Berta Serina gav seg til aa nøra upp i omnen. Det var ikkje varmare i stova en det trongst, og so laut det vera ferdigt til ho skulde setja kjelen yver. — Men Tine tok saumen og ei bok og gjekk aat kammerse hans Knut Tobias. Ho vilde ikkje vera inne naar det kom folk i *sovore* erend. Og so visste ho at ein kunde sitja i kammerse og høyra kva som vart sagt inni stova. — —

Det vart slikt gjestebod at det drog ut baade lenge og væl. Klokka hadde slege eitt, ho slo tvo. — Anders hadde vore til bords, og dei ralla um alt slag, baade vas og kva som vislegt kunde vera. Men noko um det som Tine trudde maatte vera erende hans, vart det ikkje nemnt. Elles var det rimelegt at mannen ikkje bar fram maalemne sitt so lenge Knut Tobias sat yver dei. — Han burde ha vit til aa gaa ifraa dei, so dei fekk vera i einrom! totte Tine.

Men han hadde ingen tanke fyr slikt, Knut Tobias, som aldri sjølv hadde vore paa dei vegjer. — No laut gjerna Anders gjera maafaa-reis fyr det same. Og det vilde vera synd fyr mori, som hadde so lenge venta paa han. —

Daa klokka hadde slege halv tri, vart det ei togn inni stova. Og Tine høyrde at det gjekk eitt ut.

Endeleg tok han daa til vite! — for dette var Knut Tobias: ho kjende stigi. No fekk dei høve til aa tala saman.

Og Tine skalv av spaning. Ho kunde ikkje anten sauma elder lesa meir. Berre lydde, med hjarta upp i halsen.

Men ho høyrde ikkje ein knyst, ikkje ein knest. Det var so stillt som det ikkje fanst ei livande sjæl i huse. — Kva tenkte dei paa, at dei ikkje betre nytta høve!

Daa høyrde ho Anders kremta.

— Dagen lakkar, ser eg, so eg lyt vel snart koma heimvegen i hug, sa han.

— Aa du kjem deg. Og fine vére er det, so neimenn hastar det ikkje! svara Berta Serina, sers blidmælt.

— Aa nei, fyr den del, — sa Anders.

Og so vart det stillt att.

Tine var raud som ein kogt hummar. Andlite vilde brenna upp men likevæl bivra ho og fraus, og fingrarne var kaldsveitte. Ho sat graateferdig av harme: Vilde dei ikkje no tala, dei var tvoeina, so vart det aldri!

Det var ikkje anna aa tykkja en som det var: Dei var galne! — Snart kom vel Knut Tobias inn att, og so sat dei der og hadde ikkje gjort seg einige um nokon ting.

So riksa det i ein stol, og Anders kremta att.

— Du skynar sagta erende mitt i dag, Berta Serina? sa han.

— Aa ja eg tenkjer eg gjerer det — so nokorlunde, svara Berta Serina.

Berre no ikkje Knut Tobias urodde dei! tenkte Tine, og hjarta hamra so det song fyr øyro. Utan aa vita um det hadde ho rist upp og stillt seg framfyr døri som gjekk inn til stova. Det var slett ikkje tanken at ho vilde lurra etter, men likevæl stod ho der og saup etter kvart orde.

— Eg hev lenge etla meg til denne reisi men liksom ikkje koma meg til, sa Anders. Du hev det godt, her du er, so eg kan 'kje for væl venta at du skal sjaa deg mun i det byte som eg kan bjoda. Men det er so undarlegt med det at naar ein hev godleik fyr eit menneskje, so vil ein helst vona det beste. Og so laut eg drista meg fram med erende mitt i dag. — Trur du du kunde sjaa deg før til aa slaa lag med meg, Berta Serina?

Jau ho lét ikkje umogeleg um det. Var han verkeleg soleis paa det komen, at han trudde ho var det menneskje han trong, so kunde ho ikkje anna segja en ho totte væl um det. — —

Tine var med eitt vorti lett um bringa. Men taarorne hadde losna med same. Ho gjekk ut, tok til sprangs burtaat urdi og sette seg under Askjells-hellaren. Saag ut yver sjøen og til gardarne paa andre sida, der ho endaa aldri hadde vore.

— Stakkars mor! tenkte ho. Dette var

gildt fyr henne. No vart ho daa verkeleg gift eingong ho med. Og Anders Bøen saag so snildsleg ut, at han vart nok god med henne.

Og mange undarlege hugsviv kom og gjekk, til Tine sat undrast paa um ho sjølv nokon gong vart so glad i einkvar at ho vilde gifta seg med han.

Tru det vart liksom kasta yver ein med ein gong? Elder drogst det til smaatt um senn? — Og tru ho kunde verta glad i einkvar av dei ho kjende?

Sigfus i Stølstræ var mest den einaste ho kunde koma i hug — av jamnaldringarne. Men han var so fæl i kjeften og uvyrden til aa gjera vondt. Prestedrengen lika ho betre, men han var mykje yver dei tjuge og gjekk etter Marita Hagen, sa dei. Og helder ikkje var ho glad i han. — Ho trudde helst at ho aldri vart glad i nokon. Ikkje soleis burt i veggjerne forgjord som det stod i bøkerne, elder som Helene var. Men likevæl kunde ho vel med tidi koma til aa gifta seg, dersom einkvar vislege karen vilde ha henne, og han ikkje var altfor ljot. Det var som ei halv skam aa verta attergløyma, og ho vilde vona at ho ikkje vart slik ei gamall horpa som folk hadde til laatt og løgje.

Var det ikkje furdigt at sume aldri vilde gifta seg! Som no Knut Tobias. Og maalaren som Helene hadde drøst um so ofta, og

Mathilde sin løitnant. Og gjerna fleire med, som hadde det soleis. — Ho høyrde ikkje gjete at gjentorne ikkje vilde, berre dei einkvar fekk. — Det var kararne.

Var det det som gjorde det, at kararne hadde meir aa tenkja paa og ta seg til en kvinnfolki?

Maalaren — ja med han var det dette med kunsten. Og so fôr han rak ifraa eine staden til hin og var mykje i utlande. — — Det maatte vera usegjeleg gildt. Men bra dyrt var det vel sagta.

Nei rett um det ingen ting hadde kosta! — so kunde ho fenge set eitkvart lite, ho med. No vart det med naudi ho kom so langt som til byen. — — Fenge set alt dette ho hadde høyrt um i skulen elder lese um i bøkerne: allskyns hendesløysa som det ikkje fanst make til her.

Og so kunna maala det av, alt kva ein vilde, naar ein saag sovore som var framifraa vænt elder furdigt. — Det hadde vore gildt!

Men daa vilde ho ikkje gifta seg, trudde ho. Med minder ho hadde sers hug til det, og fekk nett den ho vilde ha. Daa var det anna skil.

Og med eitt sette ho i aa syngja:

Det læt fyr øyro med elskhugs-lundar
i kyrre kvelden naar eg vil blunda.
Eg tenkjer alltid paa guten kjær
og drøymer tidt at eg er han nær.

Um laurdags-kvelden eg kan han venta,
han aldri vitjar ei onnor gjenta.
Og um det hende, so veit eg væl
eg maatte syrgja meg snupt i hel.

Men han er soleis av naatur vôren
at han er trugnaste gut i fjorden.
Kvart ord han sa meg eg liter paa,
og at eg fær han, det skal de sjaa.

Det læt fyr øyro med elskhugs-lundar,
og etter guten min glad eg stundar.
At han er trufast, det veit eg væl,
og difyr er eg so hjartans sæl.

Ho song med sterkt klaart mæle, so dei høyrde mest kvart orde, dei tvo som hadde funne einannan og just var paa veg ned til nauste.

— Han gjekk trivleg den! sa Anders Bøen og smilte til Berta Serina. — Det er von til aa vera ho Tine, dette?

—Ja det er sagta ho! svara Berta Serina.

— Du hev ei tidig sella der. Og so god ho er til aa syngja, du! sa Anders.

— Aa ja ho hev ein heil tone med det, og sers næm er ho til aa ta etter naar ho høyrer eitkvart. — —

Daa Tine kom heim, heldt mori paa med aa bera av borde. Men Knut Tobias stod i kammerse og knuldra som han var van aa

gjera. — Det vart ingen ting nemnt um dette som var hendt. Mori sa berre at Tine maatte ta seg kaffi av kjelen, og ei kaka som laag smurd til henne i hylla.

Tine so gjorde. Men Berta Serina gjekk ut i kjøken og vaska matkjørøldi. Og rett som det var, tok ho til aa syngja:

„Kjærlighed fra Gud
strømmer evig ud." —

Dei var ikkje skikkeleg rette, anten ordi elder tonen. Men Tine berre smilte og vilde ingen ting segja. — Mori var fegi no, stakkar! — det kunde ein høyra.

V.

Det var soleis tilbore, at Anders Bøen og Berta Serina ikkje vilde drygja for lenge med brudlaupe.

Ifraa fyrst av hadde dei tenkt paa stort gjestebod. Men daa dei i aalvor kom til aa røda um det, vart dei einige um aa gjera so lite av det som raad var: Dei vilde berre be næraste folke. So hadde dei vitne og rorsfolk, og fleire trong dei ikkje. Daa kunde dei spara seg byreis og bal og allskyns hovudbrot. Og vigde kunde dei verta ein sundag etter tenesta, so sette dei minste brye baade paa prest og klokkar. —

Soleis vart det og.

Anders rodde Berta Serina heim den eine laurdagen, og den næste var brudlaupsafta deira. Berta Serina laut ha dei dagarne til aa gjera seg kjend, og til aa ordna det som trongst.

Og det fall nett soleis til, at brudlaupsdagen var fyrste adventhelgi. Daa hadde

Anders vore enkjemann halvtanna aar paa dagen, so det kunde ingen segja han hadde vore sers braa — til enkjemann aa vera. — —

Tine visste ikkje rett korleis ho lika aa ha baade stjorne og andsvare paa seg. Visst var det gildt at stakkars mori hadde kome væl til det og fenge det godt. Og ikkje var det lenger imillom, en dei kunde lydast um einannan rett som det var. Men det vart likevæl ikkje det same som aa ha henne heime.

Den kvelden Berta Serina reiste med Anders Bøen, daa gjekk det so fjerre innaat Tine at ho grét baade lenge og saart. Og ho kunde helder ikkje halda taarorne daa ho skulde heimatt or Dalsbygdi etter brudlaupe, endaa ho lengta soleis til Ramnagrø, dei tvo nætterne ho laag paa Bø-lemmen, at ho hadde vondt fyr aa faa sova.

Men det var mest moro og, at ho no i eitt og alt kunde gaa etter sitt eige hovud og ha umtanke baade fyr klut og klæ' og alt som til skulde. Knut Tobias var ikkje den som tok taumarne, med minder han var nøydd til. Han knuldra med sitt, og var kipen so lenge han det fekk gjera.

Det hadde aldri fyrr vore noko sers samdutt millom Knut Tobias og Tine. Men det vart onnorleis etter Berta Serina flutte ifraa dei. Sume dagar kunde Tine ta arbeide sitt og setja seg inni kammerse til han. Daa kom dei snart i rall, og so fekk Tine han til aa

fortelja baade sovore han hadde lese seg til og slikt han visste av eigi røynsla.

Mest forviti var ho etter segner ifraa gamall tid. Og Knut Tobias laut grava fram or minne alt det han hadde høyrt fyre seg i unge dagarne. Rett mykje visste han sagta ikkje, og sers paalitande var det vel ikkje helder, trudde han. Men det fekk vera det same, meinte Tine. Det kunde ofta mangt vera forvitnelegt, um det ikkje plent var sant.

Og so fekk ho vita um Torbera som var fyrste kona i Ramnagrø, at ho skulde ha vore lensmans-dotter. Dei var fyr rømlingar aa rekna, baade ho og Askjell. — Det hadde seg soleis at Askjell var nok i røyndi av fante-ætt og hadde sete i lensmans-arresten fyr eitkvart meinsstykkje han hadde gjort. Men kva det var, kunde Knut Tobias ikkje greia. Men daa Askjell slapp or arresten, vart han verande der i bygdi og dreiv smid-arbeid. Han var sers dugande til det handverke, og var nok dertil ein kaat sprettar som kvinnfolki saag seg mun i. Lensmans-dotteri fekk snart godleik fyr han, og han fyr henne med, fulla, for det vart til det at dei vilde ha einannan, endaa Torbera den tid var burtlovd vara: Lensmannen vilde gifta henne med ein rik enkjemann paa granne-garden.

So gjekk det eit bil paa den maaten at enkjemannen vitja henne kvar laurdagskveld, men Askjell alle dei andre kveldarne i vika. —

Paa resten vart faren vis med at det heldt seg ubodne gjester i kammerse um nætterne, og daa fekk fanten skjuss or lensmans-tune, kan ein vita. Men ein grand for seint var det, for Torbera gjekk daa umhende, og det vart eit syndar hus: Den uvituge faren slo henne so ho fòr illa, og ho kom til sengs i langsamelig tid.

— Jøsses! — dei vilde daa ha einannan! — sa Tine.

— Han rekna ikkje paa det, den sinnesgalne lensmannen, sa Knut Tobias. — Og andre tider var det daa en no, maa vita, so ein far kunde fara aat mest som han vilde med barne sitt. —

Askjell tok til aa reka kring bygderne med ljaar. Og det dreiv han med i fleire aar, til han endeleg gav seg til i Ramnagrø og hyste der. Torbera hadde anten ikkje havt bryst fyr enkjemannen, elder han vilde ikkje lenger ha henne etter ho hadde havt lag med Askjell smid. I minsto var ho ferdig til aa fylgja fanten sin yver fjelli, so snart han kunde bjoda henne hus yver hovude.

Men arvelaus hadde faren gjort henne, og ho saag aldri meir nokon av sine. Ikkje helder hadde dei seinare høyrt gjete slegti si der aust.

Ein kunde vel kan henda endaa faa spurdag paa einkvar av dei — um ein vilde bry seg, meinte daa Tine. Men det trudde ikkje

Knut Tobias. Det var so gamalt at det var nedgrave og gløymt fyr mangein god dag sidan. Ikkje helder badde dei namn aa gaa etter — anten paa garden elder bygdelage.

Kvar Askjell fyrstedags var komen ifraa, det var det helder ingi greia paa. Han skulde sume tider ha kytt av at vel var han fant, men han hadde hovdingblod i seg og var ætta av betre folk en fjordbu-slage. Og Knut Tobias hadde høyrt far sin segja at i eldgamall tid hadde ætti sete paa kongsborg i Bundialand. Kvar det lande var aa finna, det skulde Knut Tobias elles ikkje so visst kunna segja.

— Det ligg vel einkvar staden austanfyr sol og vestanfyr maane! meinte Tine.

— Ja paa lag so, tenkjer eg, — sa Knut Tobias. — —

Huldrefolk hadde dei aldri set likt til i Ramnagrø. Men paa Brattabø skulde det ha vore nøgdi av dei, like til den store skrida gjekk. Venteleg hadde dei daa fenge støkk i seg og teke flugti, for etter den tid hadde ingen høyrt meir gjete dei. — Sørum husi var det ein haug, heitte Sigrid-saata, og i den heldt det seg eit heilt huldrebøle. Gjekk ein fram med der um kveldarne, so kunde det henda at ein høyrde baade felelaat og barnegraat.

Ein gut som heitte Jo, tente dreng i Annfinns-tune. Han vart so illa ute fyr eit huldrekvende at han heldt paa aa gaa ifraa vite. Ein kveld hadde han vore til Ripel og kom

heim etter leggjetid. Daa han naadde Sigrid-saata, sat det eit kvinnfolk paa ein stein midt i vegen fyr han. Det var so myrkt at han kunde ikkje dra kjensla paa henne, men han trudde det maatte vera ei av gardsgjentorne. So spurde han fyr galneskap um det ikkje var *han* ho venta paa.

Jau, det var daa det. — Og han totte han kjende maale, men han kunde likevæl ikkje ta ut kven ho var.

— Eg undrast du vil umaka deg so langt fyr eit hjaasvæve, som du ikkje naar i likevæl, sa ho. Du er for god kar til aa vera narr fyr Ripels-gjentorne.

Jo vilde ha greia paa korleis ho visste dette. Men han fekk ingen ting utav henne. Ho sa berre at um han vilde sitt eige beste, maatte han ikkje oftare gaa til Ripel.

Korleis ho meir gjølte fyr han, det visste ikkje Knut Tobias. Men i tri torsdagskveldar etter einannan kom gjenta til Jo paa fjoslemmen og gjekk ikkje fyrr i graalysingi. Um dagarne fòr det ei graa kjetta og drog seg i tune, og Jo hadde eit heilt duss med denne kjetta, gav henne mjølk og sa det var kjærasten hans. Venteleg munde det vera same sella som gjekk paa lemmen til han. — Men tridje torsdagsmorgonen var gjenta sorgfull og grét.

— Hadde du kasta staal yver meg fyrr hanen gol, so hadde du havt meg, sa ho. Men

no er det for seint, og no kjem eg aldri meir. — Og dermed var ho vekke.

Jo gjekk i langsameleg tid etterpaa og sveiv som eit halvgale menneskje, og var som eit naaljos aa sjaa til. Men so kraana han endeleg or att. Han ¦vart seinare gift med Ækre-dotteri paa Gjerde og fekk plasse der.

— Mor mi kunde væl minnast gamle Jo Ækre, sa Knut Tobias. Dei livde, baade Jo og kjerringi til etter mor hadde gift seg heim her i Ramnagrø.

— Men kjetta daa, — saag dei meir til henne sidan? — spurde Tine.

— Dei gjorde fulla ikkje det, svara han. Elles kjenner eg ikkje til korleis det var med det. —

Um Gro Ramnagrø, ho som gjorde aat fyr kveisefinger og ormstyng, vilde Knut Tobias lenge ingen sers ting fortelja. Det hadde vore eit klyftigt kvinnfolk, men det var ikkje alt hermande um den sella, lét han. Men Tine grov og spurde, til han paa resten laut ut med det han visste.

— Det er elles ikkje alt sætande, so ein skal ikkje for væl tru det, sa han. —

Soleis kom dagarne til aa skrida reint lettleg, og Tine sakna ikkje mori noko sers. Einkvar gongen rodde ho innaat Dalsbygdi og vitja dei paa Bøen, men ho vilde aldri stogga der natti yver.

— Eg lyt heim til beisti mine, sa Tine — som ho kunde vore ei gamall mïatmor.

Dei laut læ aat henne, baade Anders og Berta Serina. Men dei totte det var gildt at ho hadde so fjerre umtanke.

Og daa Berta Serina lyddest um dei i Ramnagrø, fann ho ikkje den ting ho kunde peika paa, som ikkje var hama og vælstellt. Det var ei god hand yver det alt — baade inne og ute, so det synte at barne lagde det paa seg.

Elles var ikkje Tine barn lenger. Ho var vorti ei lang drunsa, so mori mest blygdest fyr henne. So lubbig og god at det vart vel ikkje lenge, fyrr einkvar saag seg mun i sella, — tenkte Berta Serina.

— Kom no snart inni Dalen, naar du hev ei liti smoga, sa ho til Tine. Du gjeng her so aaleina at du kunde ha godt av aa raaka ungdomar og vera med i litt moro einkvar gongen.

— Eg kjenner mest ingen av dei, sa Tine. Ho var so reint likesæl um ungdomen i Dalsbygdi.

— Dei hev baade ungdomslag og sangkor, høyrer eg, sa mori. Du kunde gaa der, so fekk du sagta snart kjenningar.

Men skulde Tine vera med i sovore, vilde ho helder aat Nesvaagen. Der hadde dei ogso ungdomslag, visste ho. Mathilde og Helene var med. Og krambud-Ola og mange andre kjenningar. Og klokkaren lærde dei syngja.

Fyrr hadde det ikkje meir en just svive henne i tankar at *ho* kunde vera med i noko ungdomslag. Men etter mori hadde orda um

det, fekk ho slik ein hug at ho laut vera med, totte ho — og sa det til Knut Tobias.

— Ja berre ver med du morr! lét han. Beisti skal sagta eg stjorna, so du gjerer ikkje anka paa nokon ting heime — soleis fyr ein gongs skuld. —

Og Tine vart med i ungdomslage og hadde aldri havt det so gildt som der.

Alltid var det eitkvart forvitnelegt aa faa høyra: Fyredrag, ordskifte elder upplesing. Og so moro att imillom: leik og namne dans. — Det gjekk alltid fyndigt fyr seg i møti, endaa det ikkje kvar gong var folk med som det stod sers age av. Men sume tider var der det og: Presten og frua kom der, og klokkaren. Og ein kveld endaa til dokteren og lensmannen.

Bøker av mange slagi var det ogso raad til aa faa laana heim med seg. Og Tine heldt seg alltid fram til boklaane. — Ho las meir den halve vinteren en ho fyrr hadde gjort i all si tid.

Verkeleg var det gildt med bøker! — Men best lika ho at dei gjekk ut um tvo som fekk einannan paa slutten.

VI.

Tine hadde ikkje vore mange vendorne i ungdomslage, fyrr ho vart vis med at gutarne saag blidt til henne. Det var nett som i skulen soleis. Men det var ikkje dei same her som der. Sigfus i Stølstræ som hadde vore den mest aatsøkne i skulen, han saag aldri paa ledi etter henne no. — Det var vaksne-kararne som hekk etter henne.

Naar ho skulde heim um kveldarne, kom dei og baud seg til aa ro henne dersom det var vér til aa reisa i baat, elder fylgja henne innetter vegen um det var uvérslegt. Sume tider fylgde baade gutar og gjentor, men daa alltid berre eit stykkje paa veg.

So lenge dei var fleire i lag og dei skifte, totte ho væl um dette, for ho kunde mest tronga fylgje den lange vegen nattartider. Men daa det vart dei same som alltid baud seg til, lika ho det minder og sa nei. Likevæl gav krambud-Ola og Nils Øyri seg til aa fylgja henne heim tvo kveldar i rad. Daa visste ho

ikkje onnor raad en ho laut anten lura elder lyga seg ifraa dei, dersom dei næste gong vilde vera med. — Det kunde snart verta drøs og vas, og det hadde ho ikkje hug til aa koma frami.

So kom ho daa i møte att, men den kvelden var korkje Ola elder Nils der, og glad var ho. — Daa ho skulde heim, baud prestedrengen og Knut Floti seg til aa ro henne, dersom dei berre kunde faa laana baat hjaa handlaren. Men Tine takka fyr godt tilbod og tok ikkje imot det. Ho vilde helder gaa — i so godt vér, lét ho.

Men det fekk ho snart trega. For daa ho var komi ein liten mole paa vegen, møtte ho Nils Øyri og slapp ikkje ifraa han. Han vilde plent fylgja.

— Eg treng ikkje fylgje, sa ho beint fram.

Um ho ikkje plent trong det, so hadde han moro av det likevæl. Ho var vel ikkje so kostbar paa det, at ho ikkje vilde fylgjast med han?

Nei, men ho hadde ikkje hug til aa ha han med korso. Det vilde vera so leitt, um det spurdest, sa ho. Helst no, sidan han ikkje eingong hadde vore i møte.

Han lo. — Det turvte vel ingen vita det? Og naar dei ikkje sjølve fortalde det, so spurdest det ikkje helder.

— Men kvifyr var du ikkje i møte i kveld?

spurde ho, daa ho skyna at ho ikkje vart kvitt han.

— Eg var 'kje soleis paa lage, sa han. Elles hadde eg og krambud-Ola eit erend burti prestegarden.

— Ja eg saag han var ikkje paa møte, han helder.

Daa lo Nils att, og slo seg paa laare so det small.

— Nei eg fekk lyga han godt full i kveld, kan du tru!

— Korleis daa du?

— Jau fekk eg han ikkje til aa tru at du var gjengi aat prestegarden og ikkje kom i møte. Og so skulde me tvo gjæta deg uppe, naar du gjekk att, og fylgja deg heim. Han skulde liggja paa lurr paa nedre sida og eg paa øvre, for me kunde ikkje so væl vita anten du kom kjøkenvegen elder stovedøri, skynar du.

— Og dette fekk du han til?

— Ja visst! Eg var endaa so slug, at eg var nedum til han eit par vendor, so eg fekk han til aa segja at eg maatte ikkje rikka meg av flekken, fyrr du kom elder han blystra etter meg. Men daa gjekk eg, kan du vita, for daa var eg trygg fyr han.

Tine laut læ, for dette var den likaste pretta ho hadde høyrt um paa lenge.

— Han skal verta godt galen paa deg fyr dette! sa ho.

— Lukka paa reisi, lat han verta galen lenge nok! lét Nils. Eg vyrder ikkje illska hans, eg. Men elles tenkjer eg han er glad til at han tegjer med det.

Ja fekk folk vita det, so — — Elles skyna ho ikkje kvifyr han vilde ha umaken med aa gjera hin den smeiten.

— Aa du kan vel rekna deg til det! meinte Nils. Hadde eg ikkje fenge Ola til aa staa skildervakt fyr vetlehuse aat prestefolke, so hadde me ikkje gjenge tvo-eina her.

— Ja men eg vil ikkje fylgjast med deg aaleina, — det er so mykje du veit det! sa Tine fast.

— Trur du kan henda eg tek gyllingi av deg? spurde han hynte. Eg er daa ikkje paa vondt meint, kan du vita!

Og no treiv han henne i armen. Men Tine sleit seg ifraa han.

— No vender du og gjeng heim att og læt meg gaa i fred, ditt leiende! sa ho harm og stod ferdig til aa fyka han i syne.

— Vert no ikkje lei paa meg fyr dette! bad han og var mjuk.

— Men so skal du lata meg vera daa! Det er 'kje vakse folks ferdalag sovore, tykkjer eg. Kva er det du vil meg denne kvelden?

Jau, Nils hadde lenge vakta paa eit høve til aa raaka henne aaleina, for det var noko som laag han sers paa hjarta til aa faa sagt henne. Men alltid kom det einkvar i vegen.

Og naar han no endeleg hadde fenge henne i einrom, so gjorde ho seg rang. — Han hadde ikkje fortent slik medferd av henne, totte han, for han visste ikkje anna en han hadde vore visleg baade i ord og aatferd — til alle tider. Og av so fjerre folk var han, at han turvte ikkje skjemmast av ætti helder. So han skyna verkeleg ikkje at ho kunde ta det illa upp, naar ein ikkje meinte verre med det en han gjorde. Ho maatte vel skyna at han lika henne. Han var 'kje av den nattur, at han gjorde krus fyr nokon, naar han ikkje meinte det.

— Det var den rette du gjorde krus fyr daa! — lo Tine. Naar han tok det so høgtidelegt, kunde ho ikkje vera ill paa han lenger.

— Du skal ikkje læ aat meg, for dette er aalvore mitt, sa Nils og vilde ha fat i handi hennar.

— Lat meg vera, hev du høyrt! beit Tine.

— Er det det at du er glad i einkvar annan som gjer at du hev uvilje til meg, so skal du segja det! bad han.

Nei visst var det ei! Ho hadde ingen uvilje til han. Berre ho fekk gaa i fred, so hadde ho ingen ting imot anten han elder andre.

— Og no *skal* du venda. Det er verkeleg skam av deg, at du ikkje kan lyda, — sa ho.

Men Nils Øyri vilde ikkje venda. Anten ho var ill elder blid, so laut han faa ei avgjerd med henne i kveld. Han heldt det ikkje

ut aa gaa lenger i uvissa. For like sidan i fjor hadde han gjenge med tankar til henne, og i det siste hadde det beintfram gjort seg til bringeverk. Han var ofta ferdig til aa tæ seg, naar dei andre kringsette henne og ho ikkje eingong vilde sjaa til leds etter *han*. — So kan du sjølv skyna korleis det er med meg! sa han.

— Det kan 'kje vera aalvore ditt, — meinte Tine. Ein vaksen kar kan 'kje vera so forgjord etter eit blaatt gjentebarn. Det er 'kje rim i slikt!

— Du er 'kje noko barn du — no lenger. Og anten du vil tru meg elder ei, so er eg so glad i deg at eg kan 'kje segja det! lét han. — Eg veit ikkje kva eg kan ta meg til, dersom du ikkje vil ha meg.

— Men ein vil daa ikkje ha den ein ikkje er glad i! sa Tine. Du hev rett aldri kome meg i tankar paa den maaten at eg skulde bry meg um deg.

— Ver gjenta mi, Tine! tagg han. Du skal ikkje trega det. — Kan du ikkje lova det, du?

— Ein skal ikkje lova det ein ikkje vil! Og eg vil korkje ha elder sjaa deg, um du so var sjølve prinsen av Danemark!

— Du hev synd paa deg fyr dette, Tine! Nei det kunde ho aldri tru!

— Kan du i minsto ikkje tenkja paa meg?

— Jau, det skal eg sagta gjera — kvar gong stova snur seg.

— Lat oss tala aalvor no! bad han.

Aalvor? — Eg hev tala aalvor heile tidi, eg. Men eg kunde tenkja at *du* ikkje gjorde det.

Hadde ikkje han tala aalvor, so maatte han ikkje koma livande av flekken! — Men naar ho var so stempla, so var ikkje han den som skulde tigga henne. Han var rett so fjerre kaut at han ikkje det gjorde, likevæl.

— Nei um ikkje eg vil, so er det gjentor nok. Eg tenkjer ikkje du kjem i legerval, — sa Tine.

— Det er just det eg kjem i hug, kytte Nils og stogga.

Men Tine gjekk. No var det daa likt til at ho endeleg skulde verta kvitt han, og fegi var ho. — Men rett som det var, kom han springande etter henne.

— Eg tykkjer ikkje me skulde vera uvener naar me skilst, sa han.

— Nei kven segjer det? Og kva skulde det svara fyr? — Tine sakka ikkje farten, men gjekk sitt same.

— Vil du ta meg i handi paa det at du ikkje er lei paa meg? spurde Nils.

— Du er verre en kleggen! sa ho og slo etter han. — Eg *vil* 'kje ta deg i handi. Og no gjeng du, elles *vert* eg ill paa deg! — —

Daa ho endeleg vart av med han, visste

ho ikkje anten ho vilde læ elder graata. Ho kjende seg til baaom før. — Det var urimeleg stygt av han, at han skulde soleis elta henne, naar ho ikkje brydde seg tære um han. Men jamenn var han løgjen og! Ho hadde aldri tenkt at ein vaksen kar kunde bera seg paa den maaten.

Etter som han tedde seg, munde det ha teke han hardt. Det kunde gjerna henda at han meinte eitkvart med det. For det lyddest ikkje som han vilde ha henne til narr helder. Og det var synd i han, dersom det verkeleg var retteleg elskhug han drogst med.

Men neimenn um ho kunde hjelpa at ho ikkje var glad i han! —

Elles skulde gutarne ofta vera soleis at dei trulova seg berre fyr morro og meinte ikkje dusti med det. Og var Nils Øyri av det slage, so hadde han fenge den medferd han var verd.

Hadde ho vore like forgjord som Helene og sume andre, so kunde ho no vore trulova. Jamenn var det løgje aa tenke paa! — Men neimenn vilde ikkje ho vera kjæraste med ein som ho ikkje brydde seg meir um en han Nils. Ljot var han ikkje, — det var ikkje det. Men kva det var elder ei, so kunde ho ikkje lika han. Og trudde helder ikkje at ho kom til aa lika han. Ikkje den vigtige krambud-Ola'n helder. Enn minre Knut Floti, „smilekoppen".

Men um det hadde vore prestedrengen, so visste ho ikkje kor stempla ho kunde vore. Ikkje det at ho brydde seg um han helder. Men ho lika han betre korso. Det var meir fynd med han.

Elles kjende ho seg mest sikker paa at ho var av dei som ikkje fekk hug til aa gifta seg. Og naar ho ingen vart glad i, so vilde det ikkje eingong vera rett. —

Knut Tobias var alltid elles van aa leggja seg utan aa venta paa Tine. Men den kvelden sat han uppe til ho kom, endaa klokka var burtimot elleve. So ho laut reint undrast paa han.

— Mor di var her, og han Anders, — sa han. — Dei bad meg helsa til deg.

Nei hadde *dei* vore der! Det var leidt at ho ikkje hadde vore heime daa. Men kven kunde venta dei so seint paa dagen! — Var det i noko erend dei reiste, elder vilde dei berre nytta godvére til aa lydast framum? — vilde Tine vita.

So fortalde Knut Tobias at Anders hadde etla seg til byen, no i vika som kom, og det var trulegt at Berta Serina gjorde reisi med. Og so hadde dette vore erende deira, at dei vilde høyra um Tine hadde hug til aa vera med.

Tine vart so kipi at det lyste av henne.

— Tykkjer du eg skulde reisa? sa ho.

Men anten han hadde svara ja elder nei, var det visst kome ut paa eitt.

— Det er beste tidi no, fyrr utearbeide kjem, sa Knut Tobias. — Eg skal alltid greia meg aaleina den stundi. Du kunde ha moro av det — og gagn med, erso du hev lage til aa bruka augo og ettertanken, lagde han til. —

Tine hadde den kvelden so mykje til aa tenkja paa, at det vart ei god stund fyrr ho fekk blunda.

VII.

Tine totte — sant aa segja — at det var ikkje so gjævt i byen som ho hadde tenkt seg.

Staake av folk som aula att og fram, gaul og gap, raml av kjerror og kjøyring — det tok mest høyrsli fraa henne og gjorde henne so støkki at ho var ferdig til aa springa paa veggjerne. Vond snik av alle slagi upp or smog og smette og skitne kjellarhalsar, kolrøyk og dumba — det vilde sume tider reint kjøva henne.

Og so all ureinska! Kvar du trødde, so skvatt surpa høgt i vére. Elder gjorde det so haalt at ein gleid og glatt og kunde lite fota seg. — Mjølutt og sotutt vart du paa klædi. Elder du fekk tjøra og maaling og olja og allskyns griseskap paa deg. Hender og andlit saag ut som dei ikkje skulde ha vore i vatn sidan ein var til kristnings, — endaa ho vaska seg so ofta ho hadde høve til det. Det var ingi under at folk gjekk der svalleitte og

surøygde og saag ut til aa liggja daude med det allra fyrste. Dei høste og hosta og la klysor etter seg som det kunde vore paddegulk. —

Ho var der berre i fire dagar, men jamenn var ho daa meir en nøgd. Ho vilde ikkje vore der i fire til, um dei vilde gjeve henne ei kruna dagen, — med minder ho hadde vore nøydd til.

Folke deira saag ut til aa ha det baade flust og grust — paa den vis det var. Og snildslege var dei og vilde gjera væl paa alle maatar. Men neimenn kunde dei ingen hysa. Dei sa det beint ut, at dei aatte ikkje anten seng elder sengklæde til aa leggja nokon i. Slikt var fategslegare en dei hadde det i Ramnagrø deshelder. Og maten deira — ja han var ikkje nett alltid vond, men han saag mest ut som han hadde vore eten fyrr.

So neimenn var det visst ikkje so grust og greidlegt i byen som ein ofta tenkte seg.

Hadde ein rygdelaust med pengar, var det sagta nøgdi aa faa til kjøps av alle slagi. Men kor mykje kunde ein leggja upp med, naar kvar tingen var so uvitugt dyr!

Men elles — naar ho etterpaa kom alt i hug, so hadde ho baade høyrt og set mykje forvitnelegt. Slegtningarne var utifraa gilde til aa fylgja og syna henne i kring. Ikkje eingong mori, som hadde halde seg tri aar i byen, hadde set so mykje som Tine i dei fire dagarne. Men so hadde ho ogso mest solaslite

dei beste skorne sine paa den reisi, og vore so trøytt um kveldarne at ho vilde siga ned.

Og so hadde ho no set korleis dei spela paa teatre. Tvo kveldar var ho der. Og det maatte ho segja at naar det ikkje var onnorleis dei gjorde, so kunde det ingen heksekunst vera. — Men gildt var det, og sers morosame stykkje. Ho lo so ho grét, for ho laut sitja og herda seg at ho ikkje skulde smella i med skrellelaattar.

Kunde ho fare etter det ho hadde hug til, so vilde ho vorte teaterspelar. Men sovore var ikkje til aa tenkja paa fyr den som var or Ramnagrø. No fekk ho vera fegi, um dei vilde ha henne med til aa spela i ungdomslagsfesten. For det var meiningi aa freista med eit lite spelstykkje — eingong til sumaren.

Dei var endaa til komne i gang med øvingar og samlast kvar sundags ettermiddag i den gamle tingstova i Nesvaagen.

Det saag elles lenge ut til aa gaa upp i berre kjekl og vas, for dei kunde ikkje einast um kva stykkje dei skulde velja. Men daa dei endeleg vart samde um det, so gjekk det nokorlunde greidlegt sidan, — like til Mathilde gjorde seg rang: Ho hadde ikkje hug til aa vera med. Og mori vilde det ikkje helder, for det sømde seg ikkje ei prestedotter aa spela komedie saman med tenestedrengen, — sa ho til Helene og Tine.

Der stod dei, uppraadde og harme.

Kven skulde dei no faa i staden? — Anten maatte dei ta eit anna stykkje som det berre var tvo gjentor i, elder og laut dei vera utan spelstykkje. For ingen av dei andre gjentorne dugde. Og ikkje meir vilde dei helder. —

Daa Tine og Helene vart aaleina, sa Helene at ho visste nok kva som bila Mathilde: Hadde klokkaren vore med, so hadde ho ikkje kome med dette. Ho var so forluktande gali etter klokkaren, at no hadde ho fenge det soleis til, at han gjekk aat prestegarden og las med henne. Det skulde heita at det var avdi ho vilde paa seminarien. Men Helene visste nok betre en so: Det var berre ideleg avdi ho vilde faa høve til aa gjera seg til fyr han.

Tine vilde ikkje tru det og lagde imot. Var ikkje klokkaren trulova? Og gjekk han ikkje med ring paa høgre — no som fyrr?

Nei var det likt seg! Det var um inkje det — fyr lenge sidan, kunde Helene fortelja. Han hadde ikkje gjenge med ring eit helt aar no.

Til dette kunde Tine ingen ting svara. Ho hadde rett ikkje venta at klokkaren skulde vera usætande i sovore. Men elles gjorde det ikkje plent vera hans skuld. —

Men ho laut setja store augo, daa Helene skrifta sin tilstand, at ho bar paa ein brennande elsk til klokkaren men torde ikkje vera ved det fyr bakaren si skuld. — Bakaren var ingen ting tess. Ho hadde teke reint i mist,

daa ho trudde ho elska han. Nei, ho elska han ikkje. Og hadde helder aldri elska han. — Helene hadde ikkje visst det fyrr, men no visste ho det, at det var klokkaren ho hadde vore glad i — heile tidi. Var det ikke furdigt kor blind ein kunde vera?

Jau, Tine kunde ikkje negta det. Men — brydde klokkaren seg um henne?

Det var just det den andre ikkje visste reint sikkert. Han var alltid hyggjeleg, naar dei talast ved. Og ho hadde ofta tala med han. Einkvar gongen kom han ogso innfyr døri, naar faren elder mori bad han. Og han var sers forvitneleg aa tala med, endaa han var baade vinstremann og heldt „Den 17de mai", dette fæle maalblade som presten og dei *konditsjonerte* var so galne paa. Men gud skje lov, — han tala ikkje „maule" just som den halvgalne maalaren. I minsto ikkje naar han var saman med *dannede* folk.

— Veit du kva me skulde? sa Tine som tenkte paa spelstykkje. — Me skulde faa klokkaren med, so gjekk gjerna ikkje Mathilde ifraa.

Aa nei aldri i verdi vilde Helene det. So skulde Mathilde faa vera saman med han um sundagarne med! — Men kunde dei faa ei onnor i staden fyrst og so bakaren vekk, daa kunde det vore utruleg gildt, um klokkaren — — aa du store kinesar!

Helene treiv Tine um live og svinga henne. No vilde ho lura baade Mathilde og bakaren.

Dei skulde faa ei lang nasa baae tvo. — Aa men det var utifraa heppe, at Tine hadde sett henne paa dette! — —

Tine hadde vorte so undarleg saar fyr bringa at ho laut setja seg til aa graata, daa ho kom so langt paa heimveg at ho var væl utor folkesyne.

Det var ikkje berre fyr di det saag ut til aa gaa upp i røyk med spelingi. Noko gjorde vel det, men meir dette at dei no slost um klokkaren. Elder kan henda likso mykje fyr di det hadde gjenge um inkje med han og kjærasten. — Det kom henne slett ikkje ved, men det sømde ikkje den gilde læraren at han skulde vera eit vatn-i-trog justsom Helene og Mathilde.

Det var so ilt, ingen ting skulde vera sætande.

Og so hadde det kome yver henne ei sterk tvil um elskhugen. Ho vilde so gjerna at det skulde vera mykje av kjærleik og elskhug og sovore vænt, som gjorde live ljost og gildt og folk gode og glade. Og det skulde vera sterkt og aldri faa ende. Men etter som det saag ut, var det visst berre sovore ein las um i bøkerne men aldri fann i røyndi.

Helene tenkte snart ikkje paa anna en kjæraste-vas. Og stort likare var det ikkje med Mathilde, um ho hadde vit til aa gaa ein grand stillare med det. Guteflogsor var dei — just av rette slage, naar dei vima soleis

ifraa den eine til hin. Men elskhug skulde det heita.

Ho gav ikkje mykje fyr den elskhugen som ikkje var mætare!

Kan henda han var slik ei ryr vara, fos og fjonglen, so han let seg føykja som mjellen snø og alltid fekk ein snøgg ende. Men daa maatte det vera betre at ein ikkje aatte han. So fôr ein daa ikkje og gjorde seg til narr med furteskap og ovundsykja.

No skulde dei ikkje faa spelstykkje til — berre fyr desse elske-sjuke gjentungarne si skuld. Ho kunde ikkje segja kor tregelegt det var!

VIII.

Tine gjekk og harmast um dagarne og var i mange egsi.

Men so kom Helene og Mathilde roande aat Ramnagrø. Dei munde vera vortne sers fine vener att, for det var berre tjadder og knising med dei, og høge laattar so ein høyrde dei lang veg.

Tine visste ikkje anten ho skulde tykkja væl elder illa um at dei kom. Dei hadde aldri vore der fyrr, og ho blygdest av kor ringt dei hadde det paa alle maatar i Ramnagrø. No skulde dei vel fryna og finna aat, for ho visste dei kunde vera leie soleis.

Men dei var ikkje paa det lage den gongen. — Daa dei kom inn i stova, saag dei seg kipne og forvitne i kring og lét um at Tine hadde det *fælande* hyggjelegt. Tenk, ei heil stova fyr seg sjølv!

Og dei nasa i alle krær, og kytte av kor fint og reint ho hadde det. — Men var det ikkje eit svært kav? — og fekk ho ikkje stygge

hender, naar ho maatte skura og vaska og gjera alt? — vilde dei vita. Og vart det ikkje kjeidsamt?

Nei, Tine kunde ikkje kjæra paa det. Ho hadde slikt aa gjera, og totte ofta det var gildt. So svært jamt trong ho elles ikkje skura, for det var ingen som skitna ut fyr henne. Nett fine hender fekk ho sagta ikkje, men kva gjorde det? — Ho smilte og synte henderne fram.

Tenk, ho hadde so væne hender at dei kunde mest ovunda! So kvite som deira var dei ikkje, men den gulbrune daamen i hudi gjorde dei meir aparte. — Vilde ho bruka handskar, kunde ho visst faa sers fine hender, sa dei.

Daa laut Tine læ.

Rett ho bruka handskar! Nei ho var ikkje gali helder. —

Men gildt var det at venerne ingen skil gjorde paa seg og henne. Naar dei vilde, kunde dei verkeleg vera sers hyggjesame, og daa var det moro at dei kom, totte ho.

So synte ho dei i budi, kammerse og alle stader, og gjorde gjestebod fyr dei med rjomekolla og spekekjøt. Og gjentorne aat som det ikkje var botn i dei. — Det kom visst væl med at ho gav dei mat! tenkte Tine, ho smilte og bad dei søkja si lyst paa det slag som var.

Med' dei sit og fær seg mat, spør Helene

um Tine hadde høyrt siste nyhende. Og so lær ho høgt og tilgjort. Det same gjerer Mathilde. Men ingen av dei ser upp, og baae vert raude. — Tine undrast kva no det kunde vera.

Nei, ho hadde ingen ting høyrt. Dei spurde ikkje ofta nytt i Ramnagrø.

Tenk, no var klokkaren trulova!

Og so lær dei att paa same maaten.

— Nei kva segjer de! Kven er det med? spurde Tine og tok til aa skyna kvifyr Helene og Mathilde var vortne godvener att.

Dei vilde ikkje segja det fyrr ho hadde freista gissa. Ho skulde gissa paa tri. Raaka ho det ikkje daa, so skulde dei segja det.

Likso godt kunde dei segja det med same, meinte Tine, for ho visste ingen til aa gissa paa.

Gissa, gissa likevæl! — Dei sat som dei vilde rivna.

— So er det vel ei av dykk? gissa ho paa læst.

Daa kvein dei og skreik i munnen paa einannan at ho var gali. Kor kunde ho gissa soleis burti natti!

Tine laut daa liksom freista i aalvor men raaka det ikkje. Og so sa dei det:

Tenk, han hadde trulova seg med det giftegalne gamle hesplatrée, frøken Olsen. Verkeleg trulova seg med henne so alle folk visste det. Den væne karen og det fuglaskræme, frøken Olsen, — kunde ein tenkja seg eitkvart urimelegare?

Men Tine totte ikkje det var so reint burt i veggjerne. Var dei glade i einannan, so — — Og ho var daa ikkje anten gamall elder ljot, lét ho.

Nei tenk, at ho syntest! Men ho skulde berre kjent frøken Olsen so væl som dei kjende henne, og dregest med henne i tvo-tri aar, so hadde ho nok vore gal paa henne, Tine med, meinte dei. — Og soleis som ho hadde fare og gjort seg til fyr klokkaren! Smila og vore fjaak, berre ho saag han. Og gjenge drive so sleisk frametter vegjerne, naar ho trudde ho kunde raaka han. — Det hadde vore reint ei skam! sa Mathilde.

— Dotter til ei jordmor! frynte Helene.

— Og faren gjeng erend paa eit kontor, — lagde Mathilde svivyrdsleg til.

Daa tagde Tine. Ho vilde ikkje leggja upp imot dei, for ho visste at fekk dei motburd, so vart dei berre verre med fryning og aatfinning. Elles skulde ho havt moro av aa spørja Helene kor høgt paa straa ein skulde setja dotter aat Knut Nesvaagen, naar faren var ifraa ei husmans-kraa dei kalla Skori. Og ikkje rettare ho visste, hadde madam Hansen tent kjøkentaus der Knut Skori var krambuddreng — ut i fjorden ein stad.

Men Tine vilde ikkje gjera seg so ring at ho drog fram sovore. Ho vende røda burtpaa festen i ungdomslage, og spurde um dei tenkte meir paa spelstykkje elder ei.

Var det ikkje just det dei var komne og vilde tala um! — Jauvisst laut dei ha spelstykkje. Det vart ingi moro utan. Og det skulde no verta nett som paa teatre, for snart var maalaren ventande, og han skulde hjelpa til rettes med aa laga tile og alt som turvande var. Helene skulde nok faa han til, for han var urimeleg godbeden. Ho som kjende han so godt! —

Ja tenk, no var maalaren komen att ifraa utlande. Hansen hadde raaka han i byen — no i fyredagen. Og han hadde sagt han vilde heim paa lande so snart det vart sumar.

— Han skal vel vera hjaa dykk daa? spurde Tine.

Visst skulde han so. Paa storesalen juststom sist. — Du store min, kva huskestova det skulde verta, naar han kom! Det kitla henne i kvar taag, berre ho tenkte paa det, — sa Helene og rygde seg av fysna.

— Stakkars bakaren din! snitta Mathilde.

— Blaas i bakaren! sa Helene og kjeika seg.

So gjorde dei avtale um naar dei skulde ha øving paa stykkje. Dei hadde kome i hug at dei torde ikkje lita paa Tine, sidan det ikkje vart avgjort sist, og difyr hadde dei teke seg denne reisi fyre. —

Det vart ingen ting nemnt um at dei laut ha ei onnor i staden fyr Mathilde, so ho vilde fulla vera med. Men Tine tenkte ho kunde ha godt av aa verta preta i.

— Kven skal me no faa — fyr deg daa, Mathilde? spurde ho og saag trurøki paa henne.

Mathilde flein litt flat, men Helene lo og svara fyr henne at ho vart med.

— Men eg totte du sa at mor di vilde det ikkje?

Daa bles Mathilde. Kven brydde seg um mor si! Naar ho hadde hug til eitkvart, so spurde ho rett ingen. —

Tine laut koma i hug eit ordtøke som Knut Tobias sume tider nytta: „Det er mange skapi paa snusdaasarne!" sa han. — No hadde ho so nær hermt det, men haatta seg til tidar og let det vera.

Men daa dei var reiste, og ho tenkte etter kva dei hadde skravla um, so laut ho undrast paa um Helena kan henda verkeleg var glad i maalaren. Og kva slag kar han kunde vera. — Ein skulde gjerna sjaa at Mathilde ogso gjorde seg tankar der, so det var fyr maalaren si skuld at ho no vilde vera med i spelstykkje! — Korleis tru det daa gjekk med venskapen deira?

Og Tine lo harmen av seg.

IX.

Tine stod stirde etter ein ramn som sigldeatt og fram yver gile og klunka. Det hadde ikkje halde seg svartfugl i fjelle paa aldri so lenge, men dette aare munde han ha reir der.

Etter som Knut Tobias vilde ha det til, so skulde det vera eit godt varsl naar ramnen bygde uppi gile. Og den som fyrst høyrde han klunka tri etternon paa rad, han skulde faa det han heitast traadde etter.

Visst var det berre ei gamall tru og ingen ting aa sæta paa. Men no var det tridje etternone ho høyrde han. Hadde ho berre visst eitkvart til aa vera huga paa, so skulde det vore moro aa sjaa um ho naadde i det. Men neimenn visste ho ikkje det ringaste.

Dette skulde vore fyr ei slik som Helene, som var so forgjord etter gutarne!

Og Tine lo og gjekk inn til arbeide sitt. Ho var fulla lik Knut Tobias, so ho kunde ingen verta glad i. Men løgje skulde det vore

til aa ha visst korleis det kjendest, naar ein bar elskhug til eit menneskje. Og helst daa til den ein kunde ha von um aa faa. — —

Stoveglase stod ope, og angen av alt som blømde kom frisk inn til henne. Men ho var so van med det at ho gaadde det ikkje. Ho berre saumde. Det var orskurdsaum til ei skjurtekvarding, og sovore arbeid hadde ho alltid ein sers ihug med. Hugsvivi kom og gjekk utan at ho klaart visste um anten dei elder den vælnøgde smilen, som leika um munnvik og i augnekraa og lagde ein varm ljoske yver det fagre andlite.

Elles hadde ho litt uro i seg. Det krauma nedfyr bringa som av ein uviss otte. Og eit par gonger gav ho seg til aa lyda etter ramneklunkingi.

So sette ho i aa syngja:

Naar heggen blømer, og gauken gjel,
og ramnen klunkar yver kollen,
daa liver kvikind i lidi væl,
og borni dansar paa vollen.
Men gjentehugen ei heime uner,
han vildrar langt attum blaae bruner
i huldrehagen
paa vidheims-vollen
i draumedal! —

Langs med land hadde det utantil kome likkande ein mann i ein baat. Han var just fyr nese, daa Tine tok til aa syngja. So lagde

han aararne inn og sat lydde, med' han saag upp imot Ramnagrø og let baaten reka.

Daa visestubben var ende, og det ikkje kom meir, gav han seg til aa hamla uppaat vori.

Tine høyrde at det lagde ein baat til lands, og saag ut igjenom glase. Laut undrast kven dette kunde vera, for noko bygdemenneskje var det ikkje, det saag ho med same: Han hadde trøya men ingen vest under, og paa hovude berre eit lite huve-lok — attpaa nakken. Og han drog baaten uppi vori med bakskuten fyre, og larka so uppetter. — Han hadde fulla set Knut Tobias uppi aldehagen.

Det hadde strakst svive fyr Tine at dette kunde ingen annan vera en den maalaren som var ventande aat Nesvaagen. Helene sin. — Men kva erend skulde han ha i Ramnagrø? So det munde fulla vera ein annan korso.

Ho var so forviti, at ho laut ut og sjaa. —

Den framande og Knut Tobias sat uppunder ein apal og rødde saman. Men ho kunde ikkje høyra kva det gjekk ut um, for det var for langt imillom.

Ho vende strakst inn att, og vilde ikkje bry seg um kven det var. Ho fekk sagta vita det seinare. — Men ho hadde ingen une lenger med saumen. So lagde ho han ifraa seg og tok eit spøt. Ho vilde ikkje sitja gjerandslaus, um kararne kom inn. Men det gjorde dei vel ikkje, naar det var so fint vér

og dei hadde sett seg ute. Med minder Knut Tobias vilde gje han eitkvart.

Hadde ho berre visst um ho skulde setja kjelen yver.

Elles hadde Knut Tobias skjenk, so han treiv kan henda til den. Men daa gjekk dei aat budi, so det var best ho saag etter korleis der var vore. —

Ho lagde spøte i glaskvarmen og svinta ut i andre stova: — Aa jau, der var god nok orden. Og reint med. Men innestengd gjém, som det plar vera i rom som stend unytta fyr det meste.

Ho let upp baae glasi, at det kunde verta friskt i ei snedd. Gjekk so der ifraa att, inn i stova etter spøte og sette seg utpaa hella. —

Jamenn undrast ho paa kven framandkaren var — likevæl. Og kva han kunde vilja. — Han kjende fulla mange, Knut Tobias, som rak so ofta til byen med eimbaatarne, so det var ikkje lett aa gissa helder. Men det skulde vera løgje um det ikkje var maalaren! — Dei gjekk helst noko agalaust klædde, soverne kunstmenner, det mintest ho ha høyrt — elder kan henda lese. Og denne var vestelaus under trøya og hadde eit inkjevetta til huva. — I vissa maatte han vera bykar, etter ferdalage med baaten.

Og no flødde sjøen. Ein skulde just sjaa at baaten rak av, naar tosken hadde so liten

umtanke at han ikkje eingong gjorde han fast! — Ho fekk springa ned og sjaa etter.

Veslefæringen aat Knut Nesvaagen var det, — just den same som Helene og Mathilde hadde, daa dei var der. — Paa midtofta laag ein firkanta flat kasse med fatlereim i, elles var baaten tom. Og trygt laag han i dette vére, ikkje høgare flod det no vart, — so han var ikkje so uvitugt ifraa-gjengen som ho hadde tenkt. —

Daa ho var paa uppveg att, ropa Knut Tobias paa henne.

— Kom hega, lat meg faa munnen paa deg ein grand! sa han, letta paa seg og kom imot henne.

Framandkaren fylgde med, og daa han var nær nok, tok han huva av seg fyr henne og helsa, nett sum ho kunde vore noko til menneskje! — Tine raudna og vart so bljug, at ho visste ikkje kvar ho skulde gjera av seg. Sjaa paa han torde ho mest helder ikkje.

— Veit du kva erend denne by-karen kjem i? spurde Knut Tobias og flein.

Endaa raudare vart Tine. Tosken, han maatte daa vita at ho ikkje det visste!

— Neimenn gjer eg rett ei! svara ho og sende framandkaren eit forvite augnekast.

— Eg vilde gjerna vera her i sumar, um eg fekk lov til det, — sa han, og eit par sterke augo heldt hennar fast.

— Det er rette skorfeste han vil gje seg

til i, segjer eg, — sa Knut Tobias og rista paa hovude. — Og ikkje hev me anten hus elder matstjorn — segjer eg — fyr folk som er vane med det paa byvis.

— Nei, det hev me daa sagta ikkje! samstava Tine, og tenkte at *dette* kunde rett ikkje vera maalaren, — kva slag slarre det elles var.

— Eg er 'kje vand anten paa hus elder mat, berre det er reinslegt, — sa framandkaren og smilte.

— Etter bondeskikk so tenkjer eg me hev det ikkje nett uvisleg soleis, meinte Knut Tobias, han saag paa Tine. — Men det er det eg tykkjer at han fekk det likare uti kyrkjebygdi — mest kvar han vilde — baade med mat og husvere.

— Visst gjorde han so! sa Tine. — Hansen sine hev som eit hotel dei og tek alltid imot, so dei er vane til aa stjorna fyr folk, men det er 'kje me.

— Han *er* i Nesvaagen, sa Knut Tobias.

— Ja kva daa? — naar han det er! sa Tine. Det munde nok vera maalaren likevæl, trudde ho og saag forviti paa han.

— Eg skulde arbeida, men det vert det ikkje høve til, sa den framande. — Det gjeng upp i flog og fleggjing, so eg fær ingen ting gjort um dagarne. Og eg hev 'kje anten tid elder bidlund til aa gjeivla og gjøna med kræmardøtter, elder vera klyvjedyr naar dei

skal skaka bleiksott og lungemakk or seg med narreferder til fjells elder skogs.

— Ein skal 'kje sers undrast paa det! sa Knut Tobias og lo.

— No skal eg liksom fara med aa vera kunstnar, eg, og so kjem forsyne meg desse apekjettorne og vil tala um kunst! Det er mest det verste av alt. Og dei vil gje meg ideer og motiver og „studiehoder" og allskyns furdige ting. Det er til aa verta blaut av! — Og maalaren lagde hàndi paa huva og sveiva rundt med henne.

— Er det so reint mange byfolk komne i aar? spurde Tine.

— Ja gud hjelp' oss! sa han. Og med kvar bybaat kjem det fleire. Eg trur dei endaa til brukar meg til agn! Anten det er Hansen sine elder andre, veit eg ikkje. Men strakst eg raakar eit nytt fantefylgje, so fær eg høyra at i røyndi er det mi skuld, naar *dei* reiste til Nesvaagen i aar. Og so er det altsaman folk som eg aldrig visste var til. —

Etter ei lang røda att og fram gav Knut Tobias endeleg som eit halvdrege ja-ord til at maalaren kunde faa halda til i budi, dersom han elles saag seg tent med det soleis som dei kunde bjoda han det paa bondevis — med leger og matstjorn.

— Berre eg fær fred naar eg er i arbeidslag, so er *eg* nøgd! sa maalaren kipen og fylgde med, dei skulde heim og sjaa budi.

— Ja det skal rett ingen uroa deg her, tenkjer eg! lét Knut Tobias. Det plar vere mange vikor her ikkje lydest eit menneskje framum. Eg meiner det vert snarare for einslegt fyr deg. Men so er det no helder ikkje lenger ifraa folk en du kan naa i dei, um so du synest. —

Maalaren lika budi. Stor rømdi var der just ikkje, og han vilde gjerna havt det ljosare. Men han greidde seg — sumarsdag. Knut Tobias baud seg til aa bera ut eit par kistor som stod der. Men det vilde ikkje hin. Dei var so gilde til aa sjaa paa, sa han. Rette slag krotemaaling var ei frygd fyr augo.

Tine laut furda paa kistorne, daa ho høyrde dette. Ho hadde ikkje trutt det kunde vera nokon stas med dei gamle kiste-hylki. Helene og Mathilde hadde endaa til lætt av dei. Men maalaren maatte ha betre skyn paa sovore. — Og naar ho saag væl etter, so verkeleg var dei likso fine endaa som ho hadde tykt med' ho var unge. —

— Dei er i minsto gamle nok, sa Knut Tobias. Eg kunde visst faa dei paa musæum fyr den del. — —

Kararne vart verande i budi, men Tine gjekk ut og sette kjelen yver. For um Knut Tobias ikkje orda um det, so laut ho likevæl bjoda framandkaren eitkvart. Helst no, si' han skulde vera der. Og so var det moro aa

freista um han hadde nattur paa den maten dei kunde gje han.

Det kom væl med at ho hadde fersk kaka til aa setja fram. Men det skulde vore kjøpebraud, naar rett var. Ho fekk gjera ei reis aat Nesvaagen i morgon den dag — baade etter braud og anna.

Men kva tru Helene vilde synast, naar maalaren flutte ifraa dei? — Ho hadde visst aldri tenkt seg at han helder vilde vera i Ramnagrø en i Nesvaagen, der det var so grumt baade med hus og matstjorn at det var reint paa sin byens. Og kven kunde kome paa slikt!

Kan henda det fall dyrt fyr han. For det var vel paa lag byprisar, og daa skulde det ei god pengetaska til aa tola det. — Men verkeleg var det løgje likevæl, at han just skulde koma aat Ramnagrø.

Synd i Helene, krypen, at det ikkje vart som ho hadde tenkt. Men maata aat henne korso, naar ho var slik ei vingla at ho var ferdig til aa leika med alle. —

Han var slett ikkje ljot, denne maalaren. Ein maatte helst segja at han hadde noko finslegt med seg. Han reik i minsto baade bakaren og krambud-Ola'n. Og prestedrengen med. Men so væn ein kar som klokkaren totte ho ikkje han var. Elles var det lite sætande fyrste gongen ein saag eit menneskje.

Tru dei hadde havt paa tale kor mykje

han skulde gje — fyr vika elder fyr maanen? — Berre ikkje Knut Tobias var altfor uvisleg! — Ein kunde ingen ting rekna fyr husvere, for anten budi stod unytta, elder maalaren var der, det kom verkeleg paa eitt ut. Og helder ingen skil gjorde det, anten ein stjorna fyr tri elder tvo. So det vart berre den mategranden meir, og den kunde ein helder ikkje rekna i toppen fyr.

Meir en utlagde pengar vilde det vera ei skam aa ta av han. Ein laut halda det fyr ei æra at ein so fjerre kar vilde vera hjaa dei, og ikkje vilja *tena* paa han. Og so mykje tanke hadde vel Knut Tobias med, at han det kom i hug. — —

Maten var paa borde og kaffien ferdig, berre han fekk skirna. Og ho gjekk ut i budi og bad kararne inn.

— Eg tenkte du vilde halda lag, so eg sette fram til deg med, sa ho til Knut Tobias.

— Eg kan so! — for det er no snart kveldstid likevæl, sa han.

Og kararne gjekk inn og sette seg til bords. Tine skjenkte upp kaffi og bad dei ta fyr seg av det slag som var. Ho hadde ikkje vandare retterne aa bjoda en heimegjord kaka.

— Det beste er vel godt nok! meinte maalaren. Han ottast berre at han daa skulde éta seg til skjemdar, sa han og lo blidvore til henne. —

Ein skulde rett ikkje segja at den mannen var stor paa det! — tenkte Tine. Det var mest ikkje raad til aa høyra at han var bymenneskje eingong. Ikkje tedde han seg soleis helder. — Verkeleg kunde han visst godt trylla einkvar, den karen, um han det vilde gaa ut paa.

Og so fann Tine mjølkebyttorne og gjekk. Ho laut utum og dra mjølkedropen or Gulldokka og Fagerros.

X.

Maalaren Halvdan Bratt var av bondeætt men byfødd.

Naar han, som det elles sjeldan hende, vilde kyta av noko, so treiv han alltid til dette at han hadde ublanda bondeblod i aadrarne ifraa so langt attende som ætti kunde fylgjast — i tri hundra aar. Han sette slik ei æra i aa vera norsk, at daa maalreisings-tanken naadde han, tok han den upp i sin sterke eldhug og i so fullt aalvor, at han ikkje berre vart „maalven" som mange andre, men bruka norsken baade i tale og skrift.

Han vilde ikkje vera maalar men norsk skald.

Men gjevnaden hans laag ikkje der. Og daa dette vart klaart fyr han, kom det ei tid som han kasta seg ut i villmansliv og likesæla. Han vilde døyva hugverken fyr dei draumar og voner som var gjengne upp i røyk. Han vart tvilar og spottar, krasa alle sine gudebilæte og trakka paa røysi. Men maalmann var han

— mest paa trass, av di hans gamle gudar just hadde svikta saki.

Dette heldt viljen hans heil, so likesæla fekk ikkje mergstela han. Daa han allskyns rus hadde røynt og tømt bollen so væl at han kjende smaken av den beiske bermen, so fekk han stygg til villmanslive og tok fæla av tomleiken som fylgde det.

Kunstnaren i han kravde daa sin rett, og med ihug tok han fat paa arbeide att. Fyrr han sjølv gaadde det, hadde han eit namn, som det tok til aa staa glans av. Maalarstykki og teikningarne hans fekk ros baade ute og heime. Og ytnad fekk han — ikkje minst paa teikningarne. Snart vart dei nytta i blad, snart i bøker. —

Naar han tinga seg inn i Ramnagrø, var det mest av di han vilde ha ro til aa gjera ferdigt eit burtlova arbeid som han trong baade tid og umtanke til. Det var eit diktarverk, som bokreidaren vilde ha bilæte i — heile vegen utetter.

Men han hadde ogso med ein gong set at i Ramnagrø var det mange emne som han kunde nytta. Og daa han kom i ro der og hadde gjort seg kjend, so baud det seg fleire emne en han kunde raa med elder hadde bruk fyr nett daa.

Arbeide gjekk som ein leik. Hugskoti kom friske og sterke og letta uppunder, og det var ingen som hefte han burt med vas

elder terga han med vigtigskap. For Knut Tobias og Tine gjekk med sitt, og saag mest aldri paa ledi etter han. Skulde det verta ei røda med einkvar av dei, laut han sjølv gjera uppkaste.

Men naar ralle-ridorne kom yver han og han leita upp einkvar av dei, so vart han alltid væl imotteken. Og snart gjekk daa røda um laust og fast.

— Det er moro aa tala med deg, sa Knut Tobias, ein dag han og Bratt sat i kammerse. For du er ikkje so faavitug og einvis som byfolk plar vera, sa han.

Daa fekk Bratt ein god laatt.

— Verkeleg sant tykkjer eg ofta dei er det! lét hin.

— Aa ja, sa Bratt, det er altfor mykje so, at bykulturen gjer folk baade einvise og ukunnige. Men det er no ikkje alltid likevæl.

— Nei det er vel so ikkje, — firde Knut Tobias. Eg kjenner ikkje so væl til det. Kvar er klok paa sitt, maa vita.

— Det er just det som er tingen! sa Bratt. Og so talar bonde og bymann kvar sitt maal. Det gjer dei meir framande fyr einannan en dei vilde vera um dei hadde eit sams.

Og med eitt kom det ei „maal-rid" yver han so han vart baade heit og harm. — Daa kom Tine burti døri og sette seg til aa lyda paa.

No trudde bymannen i sitt faavit — sa

Bratt — at hans utskjemde danskemaal er mykje betre en bondemaale, og han ser ned paa bonden. Anna kunde ein helder ikkje venta, naar bonden ofta er so lite heilvaksen at han bryt paa dansken berre han ser ei kjøpeflyssa.

Men at bonden ikkje er heilhuga til aa halda paa sitt, det skulde ein ikkje sers lasta han fyre. So lenge hev han vore sagd og synt at byjugl og framandmaal er grummare en hans eige, til det er vorte ei bergfast tru i han. Det veks paa bondesida ovund upp imot bymannen sin vanvyrdnad, og det vert ein mur imillom dei som ikkje er lett aa faa nedriven, so lenge prestar og profetar og borddisksleikjarar ser sin bate i aa halda liv i vankunna. Ifraa kræmaren upp til kongen — dei lastar alle vaart eige og kyter av det framande. For anna en husmenn maa me plent ikkje vera her i lande. Anten laana elder leiga, men aldri freista hjelpa oss med vaart eige, for det er ikkje grumt nok, maa vita. Norske blad med dansk lester skrik upp um aa kjøpa norske varor, men danske bøker. Etterkomararne av danske elder tyske kræmarsveinar held me fyr storfolk og gjerer dei til styresmenn yver oss, og svenskt herk læt me aula inn yver grensa til aa læra oss upp i lovbrot og ukjurskap.

— For ikkje eingong i den vegen vil me vera sjølvhjelpne! lagde Bratt til og sputta. Han var so harm at det lyste av han.

— Me lyt vel tru det er 'kje fullt so gale som no du gjerer det til! sa Knut Tobias og smaaflein.

— Eg skulde tykkja det var væl, um det berre ikkje var tridubbelt so gale, for so kunde det endaa vera livsvon fyr det norske folk, — svara Bratt.

So gjekk han. —

Tine, som ei stund etter svinta ut og saag etter han, kom inn og fortalde at han tok vegen upp imot Ramnagil. — Daa rista Knut Tobias paa hovude.

— Det er nok mangt løgje som regjerer i hausen paa den karen, sa han. Og det kan væl vera han hev rett i sumt.

Tine trudde han hadde rett i alt, men vilde ingen ting segja. Ho var ikkje gamall nok til aa leggja seg burti sovorne spursmaal.

Men samvite gnog henne fyr dette at ho hadde gjenge og apa seg til og danska, naar ho var i lag med Mathilde og Helene. Og likeins daa ho var i byen. — Ho hadde ikkje havt betre vit en ho trudde at det høyrde so til. Men no skulde ho aldri gjera det oftare, um det fall soleis at ho kom til aa tala med dei. Elles hende det visst ikkje rett snart, for Helene hadde vore so fjerre giftig sist at Tine hadde ikke hug paa meir av den sorten som ho daa fekk.

— Tru berre ikkje at Bratt er forelska i

deg, um han losserar i budi dykkar! hadde ho sagt til Tine.

So ring hadde ho gjort seg. Ho var endaa til so hersk at ho gløymde danska daa ho sa det. Men so hadde helder ikkje Tine vore i legerval fyr svare.

— Nei eg hev det ikkje paa same maaten, eg som du, so du tarv ingen ting ottast! klemde ho Helene beint i syne. Og det frygda henne endaa, at ho hadde havt mannskap til det.

Dei trong ikkje Tine i spelstykkje helder — no lenger. Ei bleiknebba ifraa byen skulde vera med. Dei vilde berre ha øvde folk, hadde Helene sagt, — no sidan det vart so mange byfolk som saag paa. Men det var lett aa skyna at Helene vilde hemna seg — fyr maalaren ho hadde mist.

Og væl ho maatte! Tine kom ikkje til sengs av den motegangen, endaa det var tregelegt at ho hadde gjenge til narr fyr dei nasegrevi og heft seg burt med aa læra stykkje til ingi nytta.

Rett hemna seg paa den maaten, fyr di maalaren flutte or Nesvaagen! Ho kunde nok skyna at Helene var gali, men at det skulde gaa ut yver den som var so uskyldig i det som ho, det hadde ho ikkje kome i hug. — Det var elles berre til aa læ aat. Han skulde visst det, maalaren, so hadde han fulla fenge seg ein god laatt. —

Halvdan Bratt. — Det var eit furdigt namn:

det baade høvde og ikkje høvde han. Men han var ein trivleg kar. Baade væn og snildsleg. Og visst utruleg god kunstnar. So han kunde sagta vera havande — fyr den som naadde *i* han. Men Tine stilte ikkje so høgt som Helene Hansen. Og var ikkje fullt so tossi helder! — Ho gjekk ikkje og gjorde seg tankar burti natti. For naar ho ikkje brydde seg um maalaren, so hadde ho rett ikkje so urimeleg lite vit at ho trudde *han* brydde seg um henne helder. — Neimenn um ho kjende so godt som den ringaste vimel. Det gjorde ho ikkje! Difyr var det so harmelegt aa faa spitord og.

Ho var ikkje soleis vôri at ho fekk elskhug til nokon. Og det same kunde det og vera. So gjorde ein seg ikkje til narr fyr folk justsom sovore gutegale tyras som Helene Nesvaagen og Mathilde prestegarden.

Men ein grand forviti kunde ho vel alltid sume tider vera — til aa vilja sjaa kva han tok seg til. Elder høyra kva han og Knut Tobias rødde um. — —

So svinta Tine utfyr døri att og saag upp imot Ramnagil.

Og der sat maalaren paa kvilesteinen, med riteboki yver knée. Den boki fylgde han kvar han for. Og han var ikkje lenge um aa setja eit nytt bilæte i henne. Berre nokre krokar og strik burtetter, so vart det so

naturleg likt at det var ei bisn: Du saag med ein gong kva det skulde vera. — —

— No sit han uppunder gile og teiknar, sa Tine, ho gjekk fram med kammersglase som stod ope.

— Kan daa der med vera eitkvart han ser seg mun i! undrast Knut Tobias.

— Det er likt til dess! lo Tine.

Nei verkeleg um ho var forelska i maalaren. Hadde ho brydt seg det ringaste um han, so hadde ho nok ikkje nemnt han med Knut Tobias, — trudde ho og smeit seg stillt inn i budi.

Ho vilde nytta høve no, med' han var so væl or vegen, til aa furda paa alt dette han hadde spikra uppetter veggjerne. Det var sagta ikkje sovore han var rædd fyr, naar han sette det der. So det kunde ikkje vera noko gale i det, um ho gjorde augo eit lite gjestebod.

XI.

Berta Serina totte ho trong hjelp med ein grand saum, ho gjerna vilde ha or henderne. For det var ikkje rett mange vikorne til ho kunde venta lite. — So gjorde ho og Anders mannen ei reis aat Ramnagrø og vilde høyra um Knut Tobias kunde avsjaa Tine nokre dagar.

Det var daa eit bil sidan Ramnagrø- og Bø-folke hadde lydt um einannan, so Berta Serina visste ingen ting um framandkaren som var komen. Ho reint støkk, daa ho vart vis med han igjenom glase. Og ho hadde ikkje fyrr helsa, so laut ho spørja kva slag menneskje dei hadde fenge i budi.

— Det er ein maalar som vilde plent lossera her, svara Knut Tobias.

Og Tine greidde det betre ut fyr henne.

Men Berta Serina lika ikkje at dei hadde gjort dette.

— Eg skynar ikkje at de lova han! sa ho. De kunde no i minsto samraadt dykk med oss.

— Det er sant som du segjer. Men det gjekk i slik ei driva at det var ingi tid aa gjera paa, sa Knut Tobias og flein.

— Er det ein skilling aa tena med det, so kjem alltid den væl med, meinte Anders.

— Sovore landstrok! sa Berta Serina svivyrdsleg. Ikkje vilde eg ha det i mitt hus.

— Men du kjenner daa ingen ting til han, du! tok Tine litt kvast i.

Nei ho gjorde so ikkje, og etla seg helder ikkje til aa koma i kjennskap med han. Men ho kjende so fjerre til slike karar, at dei var 'kje til aa tru for væl. — Og ho fortalde um ein sovoren kar som hadde vanka i huse hjaa fasterfolke.

— Eg vil vona det, barn, at du agtar deg og ikkje kjem burti sovore som du kan trega! sa ho og sette augo i Tine.

— Tenkjer du er løgi! svara Tine, ho var raud vorti og kjende ein snert av illvilje til mori.

Knut Tobias trudde at Berta Serina turvte ingen otta ha. Maalaren murka med sitt heile dagarne, og det var ein visleg og fyndig kar paa alle maatar, so han skulde rett ikkje ta gyllingi av anten den eine elder den andre.

— Det finst skila folk i byen og, sa Anders.

— Visst gjerer det so! sanna Berta Serina. Ein skal 'kje anna segja en eg hev røynsla fyr det med, eg. Naar me skal tala um det, so vil eg segja so stort eit ord at gildare og

meir rett-tenkjande folk en i byen, det raakar ein ikkje andfares paa bondebygdi.

— Fer ein fram som folk, so raakar ein uppi folk — der som her, tenkjer eg, sa Knut Tobias.

— Jamenn gjerer ein rett so! sanna Anders.

Dei bøygde burt i onnor røda, og etter kvart kom dei daa ogso fram til det som hadde vore Berta Serina sitt erend.

— Eg tenkte so væl det skulde vera til gagn fyr oss baae, eg! sa ho til Tine og smolla. *Du* kunde fenge lært deg til med maskin og *eg* vorte ferdig med saumen. Men eg kan 'kje ta deg her ifraa, naar du hev framandkaren aa stjorna fyr, — det skynar eg sagta.

Nei, det var rett ikkje raad med det — no, sa baade Tine og Knut Tobias. — Soleis vart det maafaa-reis Berta Serina gjorde den gongen.

Men Tine var sers vælnøgd, av di ho slapp vera med. Ho visste ikkje kva som gjorde det, men i Dalsbygdi treivst ho ikkje. — Og soleis som mori var vorti! — liksom so høgføtt og god paa det at ein kunde ikkje kjenna henne att.

Denne førleiken var rett helder ikkje til aa syna fram i annan gard, totte Tine.

Og den stygge mistanken mori hadde til maalaren, at han skulde berre ideleg vera uppsett paa det som gale var, — visst var det fyndigt! —

Di meir ho tenkte yver det, di harmare gjorde det henne. Var det ikkje beintfram som mori trudde det fanst ikkje skam i folk. — Ein hadde daa litevetta vit. Og ein aalvorstanke so fjerre at ein vilde ikkje uppi nokor usømd. Difyr var det reint saart at eins eigi mor skulde koma med sovore, — endaa ein laut tru det var paa godt meint.

Hadde ho noko med maalaren! Elder brydde ho seg um han! — Ein maatte vel kunna vera under toka med menneskje og finna til rettes ein grand mat aat han utan aa forlisa anten dygd elder æra. Betre vit hadde ikkje ho. — Det dei hadde tala um til denne dag, det maatte dei væl ha høyrt, kven det var.

Visst hadde han ein gong spurt um lov til aa teikna henne av. Men det kunde det vel ikkje vera noko gale i. Og ho hadde dertil sagt nei.

Det kunde elles vera moro aa sjaa eit bilæte av seg sjølv, og spurde han ein gong til, skulde han gladeleg faa lov. Allra helst no — etter dette.

Han hadde nemnt betaling fyr det, men det vilde ho ikkje ha. Det var mest som ein selde seg, um ein gjorde det fyr pengar, endaa ho visste nok at i utlandi maatte kustnararne betala, naar dei vilde ha einkvar til aa sjaa etter. Bratt hadde endaa til fortalt at mange hadde det beintfram til liveveg aa vera kunst-

narmodel. Det var rett mange vis aa berga livemaaten paa!

Der dei var soleis vane, der var det vel ingi skam helder. Ein venst til alt slag. Men stor blygsla kunde ikkje dei ha som vilde skina nakne fyr framande folk.

Ho undrast um Bratt nokon gong hadde havt nakne folk til aa sjaa etter. —

Og med eitt vart ho mest som naami: Det var vel aldri det han hadde meint! — og at det var difyr han orda um betaling?

Aldri i verdi gjorde ho det! — Og hadde han meint det, so var han ei uvyrda.

Men det var ikkje sovorne teikningar han gjorde. Ho hadde set baade menner og kjerringar i papirdungarne hans, og alle hadde klæde paa seg. Inntil vaaseklæ' sume. — Det var vel helst berre desse som laga bilæte av krit elder kva det var, — det var dei som laut ha nakne folk til aa sjaa etter. — —

Men ein morgon ho var i budi og rettleidde, vart ho vis med ei bilæt-budda ho ikkje fyrr hadde set. Og daa ho visste seg trygg at Bratt ikkje kom yver henne, av di han hadde teke baaten og var rodd aat Nesvaagen, so vilde ho sjaa paa teikningarne. Ho skulde korkje rota dei um-einannan elder skamfara dei, og sers rædd fyr dei var han vel ikkje, naar han gjekk ifraa dei soleis.

Ho tok fyrste blade.

Det var ein naken skrott. Ikkje klædtraven som skylte! —

Ho letta paa eitt til: just likeins.

Nei dette var ingen ting aa sjaa. —

Ho lagde teikningarne i hop att, gjorde seg ferdig med arbeide og gjekk. Men ei stund etter kom ho til aa undrast paa um det berre var sovorne bilæte i heile bunken, og mest fyrr ho vardest, stod ho der att og bledde og saag.

Og mangt løgje fekk ho sjaa. Det var eit under at han ikkje skjemdest gjøyma paa slikt! — totte ho sume tider. Men mange av bilæti var og so uskyldige og væne at ho laut smila.

Det var vel berre ho som ikkje hadde vit paa kunst. Og ho fann fram att dei ho ikkje hadde lika, og saag betre paa dei.

Stygge var dei ikkje. Ein maatte segja dei var makalaust godt avteikna. Men ein torde visst ikkje setja dei anten i blad elder bok. —

Det skulde vore moro aa vita um han verkeleg hadde havt livande folk til aa sjaa etter! Kan henda han berre hadde havt andre bilæte fyr seg, for paa sume av bladi var skrive eit og anna som tydde paa det: Halve ord og framande namn. —

Berre han no ikkje vart vis med at ho hadde set alt dette! — Ho hadde ikkje skipla dei um-einannan. Men just korleis bunken laag paa stolen, det kunde ho ikkje haatta. —

Ho fekk tru han hadde ikkje set so væl etter, daa han gjekk ifraa han der. For ho vilde verta dugaleg skjemd, dersom han fekk vita at ho hadde vore burti og glana.

Og daa Bratt seinare um dagen kom heim, gjekk ho paa sitt berre liv og ottast at han skulde koma og segja eitkvart.

Men Bratt var nett som elles, og bunken vart liggjande urørd paa same stolen i fleire dagar. Han munde ikkje vera ræddare fyr den en alt det andre han hadde.

Daa vaaga ho seg til aa sjaa paa bilæti att — fleire gonger. Og ho totte dei var forvitnelege allesaman — og mest dei ho fyrst ikkje hadde lika. Verkeleg var det store ting korleis folk som hadde gjevnaden kunde faa det til — berre med blyant paa ein mole papir! Og naar ein var so usegjeleg vænt skapa som desse, so var det visst helder ikkje anten synd elder skam aa lata folk sjaa det.

Kvifyr tru han vilde teikna *henne* av?

Han hadde fulla kome av det att, elder gløymt det, sidan han ikkje nemnde det meir. Og det same kunde det og vera. Ho var rett ikkje forgjord etter det. Men vilde han, skulde han sagta faa lov, — dersom han meinte soleis som ho stod og gjekk, i full hyra. Elles fekk han ikkje. — —

I fleire dagar venta ho paa at Bratt skulde orda frampaa att um dette. Men just daa tok han til med eit stort maalarstykkje. Han

stod utpaa nese og saag heim imot husi deira. Det var likt til aa vera heile Ramnegrø han vilde maala av. —

Men ein dag rignde det, so han laut sitja inne. Kan henda han no kom i hug til aa spørja, dersom han ikkje hadde anna aa gjera, tenkte ho, og gjorde seg erend aat budi.

— Eg uroar deg gjerna, eg? sa ho og smilte brydd.

— Neimenn gjerer du ei, morr! sa han og saag upp. Det er gildt aa sjaa deg innum døri, — ikkje oftare det gjeng paa.

Ho let upp ei kista og liksom leita etter eitkvart. Tok upp og lagde ned, og gav seg gode stunder. Stal seg so til aa kasta eit auga burtpaa han. Men han berre sveiva lippeskjegge og saag ned paa arbeide sitt. — So tok ho eit raudt liv or kista og let loke att.

Daa saag han upp og smilte.

— Skal du pynta deg? spurde han.

— Nei eg skal ikkje det, sa ho. Det treng berre ei liti vøla, dette live.

Det kom væl med at det vanta eit hekte og fanst eit lite nogg i eine sida, for jamenn bad han um aa faa sjaa live!

Han tok det ifraa henne og vart reint upp i vére fyr det gamle live. Stod der og kytte av det, so ho laut læ aat han.

Rettigt var dei løgne, slike kunstnarar! — Men elles var det ingi skamleg kvarding, um ho just ikkje var soleis som no dei bruka

dei. For live var etter bestemori, og gjerna endaa eldre. — Ho hadde helst vore tenkt til aa spretta kvardingi av og setja ei ny paa, men det vilde ho ikkje gjera no, sidan det var slik ein stas med sovore gamalt.

— At du hev so fager ein bunad og ikkje brukar han! sa Bratt. — Var eg som du, skulde det ikkje koma anna slag bunad paa meg — til høgtids i minsto. Den du elles brukar er det ikkje *den* prydnaden med.

Nei det kunde vera altfor sant. Men ein hadde ikkje hug til aa skilja seg ut ifraa andre. Og no skulde det plent vera kjolar, sa ho.

Men jauvisst fekk han daa vatn paa kverni! Han preika so det var eit under han ikkje miste pusten. Tala um aands-armod, smakløysa og „apekjettor", um fargesamhøve og friske liter. Og han tedde seg som han var baade ill og galen, so Tine visste ikkje anten ho skulde læ elder graata. Nærast var ho til det siste, for det høyrdest mest som han skjellte henne ut.

Men endeleg gav han seg. Daa lo han godsleg, og sa at ho maatte ikkje ta seg nær av det han hadde aust or seg. Han meinte ikkje plent henne. Dei hadde skuld alle — ho og han med —, so det var mange aa skifta paa. Men dei kunde og kvar gjera sitt til aa beinka og bøta so mykje som endaa let seg vøla — i maal og bunad. Dei skulde alle so aa segja vera vaktmenn paa Sions-murarne,

at ikkje moabittar og filistrar fekk leggja landsens rette kultur-aaker øyde.

— Kjem eg so langt ein gong at eg finn ei kvinna eg er glad i og som torer gifta seg med meg, so vil eg vona ho hev vit til aa klæ seg som eit menneskje og ikkje som ein munk elder ei diakonisse! sa han.

— Men var det ikkje du som aldri vilde gifta deg? datt det reint vanvares or Tine. Ho vart illa ved og lo brydd.

— Nei kvar hev du det ifraa?

Ho visste ikkje um ho torde segja det. Men det kunde vera maata aat Helene som hadde vore so uvyrdi mot henne.

— Aa det var no ein fugl som song um det ein gong, sa ho. Det var elles Helene Nesvaagen. Elder *frøken Hansen* — skulde eg vel segja.

Bratt lo.

— Nei so du! — ho trudde det?

— Ja ho var visst lei fyr det og, lyddest det ei tid, svara Tine djervt.

Og so lo dei baae.

— Det var elles ei tid eg liksom skulde vera so nymotens, at eg ikkje vilde gifta meg, sa han. Men eg trudde ikkje eg hadde vore so barnsken at eg tala med den jaale-ungen um slikt.

— Nei ho hadde visst berre lydt seg det til.

Bratt stod med henderne i lumma og liksom flein.

— Eg hadde visst lese Tolstoj i dei tider, sa han. — Ja du hev vel ikkje høyrt gjete Tolstoj, du?

Jau ho hadde daa det. Men ingen ting lese av det han hadde skrive. Dei aatte elles sume av bøkerne hans i ungdomslage.

— Berre ikkje les dei! sa Bratt. Han er eit gamalt narr justsom sume av vaare eigne storingar, berre paa ein annan maate. Elles ærar eg han fyr ein ting; og det er at han gav seg til aa kjøyra myk, daa han var ferdig med kunsten. Det burde me gjera allesaman.

— Eg ottast det vart for lite til aa *lessa* av, skulde alle ta til med det! svara Tine kjapt.

Han saag snøgt og kvast paa henne. So lo han men sa ingen ting.

Daa totte Tine ho laut gaa og lagde handi paa dørhalde.

— Men høyr meg! sa Bratt i det same. Heiter du verkeleg *Tine?* — for det er daa slett ikkje noko namn.

— Nei dei berre kallar meg soleis. Eg hev ei lang leksa til namn: Aasa Bertine Amanda.

— Aa trøyste oss! Men *Aasa* er eit fagert namn. Her etter heiter du Aasa, skynar du, naar eg vil deg eitkvart.

— Eg lyt hugsa det daa, at eg kan kannast med det! lo ho og gjekk.

Men ho hadde ikkje for væl lete døri att, so ropa han paa henne.

— Aasa!

Ho letta paa døri og saag inn.

— Eg vilde berre venja deg til namne. Elles var det ingen ting, sa han og lo. — —

Jamenn var han baade gild og løgjen! tenkte den nye Aasa, ho sat inni stova og rettleidde bestemors-live. Og det laag ein vælnøgd smil yver andlite, med' ho freista dra seg til minnes alt det han hadde sagt.

XII.

Aasa — ho var komi til aa heita soleis no, endaa til naar Knut Tobias nemnde henne — Aasa hadde ikkje drøymt um so gild ein sumar som dette vart. Verkeleg um det kunde vera so mange timar i døgre som fyrr i tidi, elder same dagetal i vika!

Det var som dagarne trilla, endaa ho ingen stad kom elder anna tok seg til en det vanlege som laut gjerast til kvar dag. Ikkje helder las ho. Det hadde sagta vore bøker aa faa, um ho vilde umaka seg aat bygdi. Men ho sakna ingen lester, og kva skulde ho daa med bøker!

Bratt var betre en nokor bok. Alt som folk kunde vita, det visste han — var det likt til. For alt slag munde han ha lese, og meste-parten hugsa han. Og so dertil alt han hadde set og røynt ute i den vide verdi! — Det var inkjevetta det ho fyrr hadde visst, imot det ho no fekk høyra av *han*. Og dei ting ho longe visste, dei greidde han betre ut fyr henne.

Han hadde so godt lag til aa gjera det skynelegt — berre med eit lite ord.

Um kveldarne naar han ikkje vilde arbeida lenger, kom han anten inn i stova, um ho var der, elder utpaa hella, um ho sat der med spøte. Elder i kammerse hjaa Knut Tobias. — Og so sat han røykte, stirde fram fyr seg og fortalde. Ho visste ikkje alltid anten det var sovore han hadde set sjølv elder lese seg til, for det gjorde han ikkje so væl skil i. Men like forvitnelegt var det.

Stundom var han tagall med same han kom, so ho laut spørja han um eitkvart, fyrr ho fekk han paa los. Men dei fleste gongerne hadde han det ferdigt utan.

Av og til laut ogso anten ho elder Knut Tobias fortelja eitkvart lite. Daa kunde det henda at han skreiv upp eit elder anna orde som han totte var forkunna, og so bruka han det i røda etterpaa.

Ein laut soleis gjera, sa han, naar ein hadde fenge tungemaale sitt utskjemt.

Sume tider hende det ogsǫ at det var ord han talde dei ifraa til aa bruka, av di orde anten var gale elder framande. Knut Tobias brydde seg elles ikkje stort um sovore. Han berre flein, og totte ordi var snart gode nok, berre folk skyna meiningi. Men Aasa tok etter og var sers lærenæm. —

Med kostarhalde gjekk det utruleg godt. Bratt hadde ein velsigna mathug og aat til

liks med dei sjølve. Men elles vår han reint forgjord etter soll, og lét um at det var ein herre-rett. Og stort ringare heldt han ikkje graut og sur mjølk. So det var minst fyre aa laga mat aat den karen!

— Eg kjem til aa eta meg feit, med' eg er her, sa han. Og verkeleg hadde han rundast ikkje so lite i kinni, det var det god raad til aa sjaa.

— Det stend til liv med deg no, imot som daa du kom! Eg tenkjer ein kunde talt sidebeini dine utanpaa trøya — dei tider, sa Aasa. Ho kunde segja til han mest kva det var no, totte ho.

— Det var visst lite betre. Men kom og kjenn no! sa han og lo.

Men det torde ho seg ikkje til.

— Ja den byen, den byen! — han tærer paa mange maatarne, sa han og rista paa hovude.

— Du persar deg ut med lauging, so du kan daa aldri faa noko hold paa deg, — meinte Knut Tobias. Einkvar gongen kan vel gjera godt i varmen, men soleis kvar dag — det vert for mykje, erso ein ikkje vil spinna feitte av seg.

— Ein hev berre godt av det, naar ein ikkje er lenger stundi uti en eg, lét Bratt.

Men Knut Tobias heldt paa sitt. Han tok seg eit laug elder tvo kvar sumar, han fyr sin del, men noko godt av det kunde han

ikkje segja han hadde kjent. Denne sumaren hadde han ikkje endaa vore uti, for han kvidde seg fyr botnar i øyro.

— Ein kan 'kje fara etter deg som er gamall, sa Aasa.

Ho var harm av di han vilde leggja imot. For han maatte sagta vita at Bratt hadde rett i dette som i alt anna. Hadde ho ikkje dertil sjølv kjent kor tidig ein vart etter eit godt laug! Berre etter eit fotevask var ein friskare i skrotten.

Og daa Bratt hadde lagt ut um kor stor bate ein hadde av aa halda likamen rein, og fortalt um laugeplasserne og alle dei som søkte helsebot der, — so sette ho seg fyre at ho skulde gjera meir av det med reinsemdi etter den dag. Visst var det halde mest som ei halv skam fyr gjentor aa gaa i sjølaug, men kva var sovore til aa bry seg um! Tosseskapen kunde ein ikkje fara etter.

Naar ein berre tenkte seg ein naken fot, kva skil det gjorde anten han var rein elder skiten, so kunde ein ikkje anna tykkja en det var uliklegt at folk ikkje hama seg meir. — Ho hadde set naar Knut Tobias bytte sokkar sume tider! Og han var visst ikkje med dei verste.

Aasa hadde elles ein god tame i seg ifraa mori.

— Skitne føter uppi ei rein seng, det er det utrivlegaste eg veit! sa alltid Berta Serina,

og meir en ein gong hadde Aasa maatt vaska føterne um kveldarne, fyrr ho fekk leggja seg.

Dei andre sumrarne hadde Aasa vore van aa gaa i sjølaug midt nedfyr husi, der det var ei liti steingrynna. Men i aar heldt ho seg utmed strandi, ein stad millom tvo store steinar. Der var det ein makalaust rein botn, og djupt med. Og der var ho so væl utor syne fyr alle folk at ho kunde trygt baska og bala so mykje ho vilde.

Men kva hende det henne ikkje: Ein dag ho laag der og slapsa, so stod maalaren og saag paa henne!

Um han hadde stade der lenge elder lite, det visste ho ikkje. Ho var so altfor trygg, at det hadde ikkje svive fyr henne aa sjaa i kring seg. Det var beint av eit hende at ho kasta augo i land. Og der stod han! — Ho vart litt løgi med same, men ho kunde ikkje segja at ho kvapp helder.

I det same snudde han seg og gjekk, — som han aldri skulde ha set henne. Ikkje anten lo elder sa noko. Han var ikkje juststom bygdegutarne, dei kom yver henne og Helene ein sundag i fjor — dei lauga seg utfyr Neslande: Dei gav seg til aa sitja vakt at gjentorne skulde ikkje faa koma i land. Og dei bruka dertil slik ufyndig munn so det var ei skam. —

Det *var* leitt at Bratt skulde koma soleis vanvares yver henne, med' ho laag der og

spende so naki som ho kom til verdi. Men ho visste ikkje nett til aa skjemmast so svært fyr det korso. Og ho var daa uti vatne, og der var djupt.

Gali paa Bratt kunde ho ikkje vera. Han hadde daa visst uskyldigt nok vavra seg utetter strandi, og kunde ikkje vita ho var der. Skulde det fyrst so uheppa henda at einkvar kom yver henne, var det mest betre at det vart han en ein annan. For han hadde vit til aa bera seg sømeleg aat. — Ikkje ein flir elder eit halvdrege ord etterpaa helder.

Men det gjekk eit par dagar som ho ikkje torde vaaga seg i laug. —

Det ho fyrr ikkje hadde fenge til, det greidde ho i aar: ho lærde symja. Ho var svært kipi av det. Baade Helene og Mathilde kunde. No var ho ikkje attum dei i det helder. — Ho skulde havt moro av aa vita um dei lenger hadde nokon fyremun framum henne. Det maatte daa einaste vera at Mathilde hakka ein grand paa fortepiano. Men *kunde* gjorde ho ikkje. Fritt um ho lærde det helder! — trudde ho. For den som ingen tone hadde, han kunde daa visst helder ikkje spela til gagns.

Men Bratt — han var ikkje lite næm paa tonarne. Berre han høyrde ein lund ei par vendor, so kunde han ta han paa fløyta. For han hadde ei fløyta som han sume tider spela paa.

Noko so vænt som naar han sat uppunder gile ei kveldsstund og let fløyta laata, det hadde Aasa aldri høyrt fyrr. Det lét so vedkjømeleg fagert at ho kom mest paa graaten. — Var det ikkje nett som ein fekk ei usegjeleg sæl lengting yver seg etter eitkvart mjukt og varmt til aa slaa armarne i kring og dra innaat bringa! —

Hadde ikkje Aasa vore so væl trygg paa at ho ingen kunde hugleggja, so jamenn hadde ho stundom vorte freista til aa tru at ho var glad i maalaren. Men ho visste væl at det var ho ikkje. — Lika han gjorde ho, det skulde ho ikkje dylja. Kven maatte ikkje lika ein so framifraa snildsleg og hyggjeleg kar! Og no totte ho han var væn aa sjaa til og. Men ho hadde ikkje so lite vit at ho gjorde seg tankar um han. Ho torde ikkje hugleggja ein byens kar og kunstmann.

Likevæl — det vart undarlegt, naar han no eingong reiste. Ho kom fulla til aa sakna dei væne lundarne og dei forvitnelege rødorne hans. Dagarne og vikorne vilde ikkje trilla soleis daa som no dei gjorde. Og det vilde verta tomt i budi etter han.

Men ho hadde lota livt i Ramnagrø fyrr ho saag Bratt, og so greidde ho det vel etter han var faren og, vilde ho tru. Det er alltid soleis med det som er gildt, at det skal ikkje lang stundi vara. — Til hausten kunde ho gaa

i ungdomslage att, og faa *bøker* til aa driva tidi med.

Um det vart ungdomslag daa. Det hadde vore so mykje kvakl og røra med det no ei stund at det var ingen ting vorte anten med fest elder møte. Etter Helene og Mathilde tok til aa raa fyr alt, vart det berre ideleg usemja og furteskap. Som ventande kunde vera, naar slike lunefengde troll alltid var ute med meinkrokarne sine. Og verst var Helene. Men det torde kanhenda skapa seg litt, naar by-ratle reiste, so ho ingen studnad hadde av det.

Vart Aasa med i lage til vinteren, vilde ho lesa so mange *norske* bøker som ho kunde faa fat i, for av dei hadde ho endaa mest ingi havt. Det var reint ei skam! — Og ho vilde gjera sitt til at det vart kjøpt fleire av det slage.

For naar rett var — hadde Bratt sagt —, so skulde folk ikkje anten kjøpa elder spørja etter andre bøker en dei som var paa fullgod norsk. *Han* kjøpte aldri andre. Det kom so mange hugnadbøker paa nynorsk no, at ein turvte ikkje leggja ut pengar fyr bøker paa kraakemaal. Og det laut verta aalvor i leiken no, skulde ikkje den framande bytingen eta oss ut or vaart eige hus, — hadde han sagt.

Det var mange ting den mannen hadde tenkt yver. — Og sers nyttigt var det fyr hennar del at han vart verande i Ramnagrø,

for elles hadde ho gjenge der som eit uvitugt narr og teke etter all den hendesløysa ho saag elder høyrde fyr seg av Helene og Mathilde.

Ein velsigna sumar var det. Og ho skulde rett aldri gløyma han det, — han som hadde gjort henne so mykje godt.

XIII.

Dei hugen min er soleis undarleg voren,
eg skynar 'kje rett kva meg vantar:
Eg stirer til fjels, eg ser yver fjorden
og glanar paa rindar og rantar,
for eg visst ikkje veit
um eg fann det med leit,
eld' det kom av seg sjølv just som soli.

Men allting meg synest som fyrr just det var:
Sjaa fjorden er still, og fjelli hev skard,
og marki hev blomar, og tréi hev blad,
og fuglarne syng sine kvad.
Dei svarar meg mildt
at alt som er gildt
det kjem av seg sjølv just som soli.

Og hugen han leikar so lenge og vida,
han freistar baa' sæla og kvida,

for hildrande draumarne vimar
so aldri i verdi det rimar!
Men eg trur no eg veit
eg det fekk utan leit:
Det kom av seg sjølv just som soli!

Det var burtimot solarglad. —

Bratt hadde fyr eit bil sidan teke vegen imot Ramnagil, og no sveiv Aasa burtaat urdi og sette seg under Askjells-hellaren. Ho hadde gjenge hugsjuk i fleire dagar og var so lei av seg sjølv og Ramnagrø og alt i hop, at ho visste ikkje kvar ho vilde gjera av seg.

Det seig yver henne her ein kvelden daa Bratt orda um kor langt han var komen med arbeide sitt. Han saag liksom endelykti paa det, hadde han sagt, og gjekk visst i tankar um aa reisa snart, trudde ho. —

Han fekk i Guds namn fara naar han vilde. Det var ikkje raad til aa halda paa han. Men herre Gud, kor undarlegt det vart i Ramnagrø, naar det ikkje lenger var nokon maalar i budi!

Det var fulla fleire kræ̀r i bringa en ein sjølv vardest. Og ein gjorde rettast um ein ikkje granska dei altfor væl. — —

Ho sat og saag yver fjorden imot andre lande. Men tankarne var ikkje der. For ned or Ramnagil kom tonarne av Bratt si fløyta.

og dei var det ho lydde etter. Dei lét mest endaa fagrare i kveld en nokon gong fyrr.

So med eitt losna graaten. Nedyver kinni hylja ein heit taareflaum som varde ei lang stund. —

Daa han endeleg gav seg, var hugverken burte, og hjarta skalv i ei ny ukjend sæla.

Aasa hadde fenge si vigsl til vaksi kvinna. —

Ho reiste seg og gjekk fram. Og ho kom just i rette tid til aa faa sjaa at soli gladde i gull.

XIV.

Paa Bøen var det stas og stor vælstand: Berta Serina hadde fenge ein „vaksen" son. Greidleg hadde det gjenge, og so trivleg paa alle maatar at aattande dagen var ho paa føter og kunde gjort sitt fulle arbeid, um det hadde vore naud fyr det. Men som væl var: ho trong ikkje leggja so hardt aat seg. —

No skulde det vera barnsøl fyrstkomande preikesundag.

Berta Serina og Anders mannen vilde ha Knut Tobias og Aasa til faddrar. Men korleis dei daa skulde gjera med maalaren, det var det vande. Og dertil var det beisti aa dra mjølki or — i rette tid um kvelden.

— For me vilde gjerna at de skulde stogga ein grand og, sa Anders, han var komen aat Ramnagrø og skulde be dei.

— Me laut gjera det so, at eg reiste heim til mjølketid og so helder rodde inn att etterpaa, sa Aasa. Men det er mest verre med maalaren. For ein kan 'kje nett gje han soll

elder kald graut og mjølk — ein sundag ikkje. Mannen betalar daa fyr seg!

— Kunde det vera høvelegt at me bad han med, trur du? spurde Anders.

— Ja, vilde de det, so — — drog Aasa paa det. Ho vart kipnare en ho vilde vera ved.

— Me hev tala um det, men visste ikkje korleis han kunde vilja ta det upp.

— Han tok daa visst det væl upp, vil eg tru, for han kjem ikkje kvar dagen i barnsøl, kan du vita.

— Det er just dette at me er 'kje kjende.

— Han kjenner daa oss! Og naar det er same folke, so kan det ikkje vera det minste løgje i det — i eit sovore høve.

— Ho meinte so, Berta Serina med — elder mor di, vil eg segja! sa Anders. — Det skulde no vera som ei æra ifraa vaar sida. Men erso han ikkje vil, so tek me det ikkje verre en me bed einkvar annan — attaat drengen.

— Aa var det tanken han skulde vera fadder?

— Det var meiningi so ja. Me kunde ikkje be han vera berre attpaaheng helder.

Og so var det best, trudde han, at Aasa som var kjend med Bratt, bar maalemne fram og fekk vita anten han vilde staa fadder paa Bø-prinsen elder ei. — He-he! lo Anders.

Aasa visste ikkje kvar maalaren var — nett daa. Men ho skulde ut og sjaa um ho

fekk auga paa han, sa ho. — Elles munde ho anten vera sers god til aa leita elder og vita meir en ho vilde vera ved, for ho gjekk beint upp i tettaste bærhagen med ein gong.

Og der laag Bratt, med trøya i hop lagd under hovude og røykte. Attmed han laag riteboki opi.

— Veit du, — no vil eg teikna deg! sa han og spratt upp. — Du skal sitja der under busken og stela bær. Men du lyt vera berrføtt.

— Eg kunde vel stela bær utan aa vera berrføtt! meinte Aasa og lo.

— Ja du kunde vel alltid det. Men eg kom no soleis paa det. Og ein fager fot vilde gjera effekt.

— Naar han var fager ja! Men eg hev stygge føter, eg, — sa ho, heit i kinni og med ein brydd smil.

— Nei det kan du ikkje ha — etter henderne aa døma. For hender og føter plar mest alltid fylgjast.

Han hadde teke eine handi hennar og saag paa. So strauk han henne varleg yver handarbake, og ho kjende det lint ifraa kvirvill til iljar.

— Vilde du ikkje gjera det, naar eg bad deg fint? spurde han.

— Jau, eg tenkjer visst det, svara ho og tok handi til seg. Men eg kan 'kje no, for eg lyt koka kjelen aat Anders Bøen, det fyrste eg gjerer.

Og so sa ho kva ho var utsend til aa faa vismun um.

Bratt var reint uppi vére. Det skulde vera forvitnelegt aa sjaa korleis det gjekk fyr seg i et barnsøl. Og han kunde sagta staa fadder, dersom dei var tente med han. Men gjekk han daa ikkje i vegen fyr einkvar som var nærare til det?

— Aldri bry deg um det! lét Aasa. Men kom no heim, so han kan faa tala med deg og be deg skikkeleg. For det sæt ikkje at berre eg hev munnska det med deg, kan du vita. —

Det vart eit langt rall med Anders Bøen og maalaren, og dei kom sers væl til rettes med einannan. Dei rødde um aarveg og arbeidsmaatar, um beisteslag og budraatt, og det var ei bisn kva greia Bratt hadde paa slike ting som ein bykar oftast plar vita sers lite um.

Han sa det, Anders, daa Knut Tobias og Aasa fylgde han ned aat baaten, at det skulde vera moro aa ralla meir med den karen som aatte so god umtanke og hadde set so fjerre fyr seg. For det var beint som ein lærdom i det.

— Ja meiner du ikkje han gjev meg rettleidingar med utskurden min — rett som det er, sa Knut Tobias.

— Han ja! — han kan alt slag! lét Aasa. Men det beste med han er det at han tykkjer ingen ting er ringt, naar det berre eikorleis er til nytta elder hugnad.

— Og so beintfram han er, baade i ord og aatferd. Nett som ein annan bonde, so ein kjem ikkje i hug til aa sitja paa kjeften, justsom naar ein raakar desse høgføtte byfanterne, som anten flirer aat deg elder talar til deg som du var ein hund.

— Eg hev lika han ifraa fyrste dagen, eg, sa Knut Tobias.

Aasa heldt seg og sa ingen ting. Men det var kipe aa høyra at dei hadde so gode tankar um han. — Og at dei no skulde staa faddrar i lag — verkeleg var det so gildt at ho kunde ikkje segja det! Det vart onnorleis hugnadsamt aa reisa til Dals, naar Bratt var med, en det elles hadde vorte.

— So maa du helsa daa, og segja at me skal ordna oss paa beste maaten, so de skal 'kje staa uppraadde fyr vaar skuld! sa ho til Anders Bøen, og gjekk heim. — Ho laut bera av borde og vaska kjørøldi, so ho var ferdig um Bratt kom og vilde ha henne under bærbusken sitjande.

Berre han no ikkje gløymde det att! Men so kunde ho sagta minna han um det, ein gong ho saag han ikkje hadde anna aa gjera.

Ho skulde visst det, Helene Nesvaagen! — so hadde ho vorte bra ovundsjuk, og giftig som eitkvart ilt. Men som væl var, fekk ho ikkje vita det.

For augo dei kom til aa gjera, Helene og Mathilde, naar dei saag Bratt i faddralage.

Kva tru dei kom til aa tenkja daa? Og segja etterpaa? — Ein trong mest gjera seg erend aat Nesvaagen etter barnsøle, so ein fekk høyra kor skitørdslege dei vilde vera. Men elles brydde ho seg ikkje um kva dei sa. Og søkte ikkje dei henne, so neimen um ho klinte seg uppetter dei, — det skulde dei rett vera væl frie fyr! — —

— Me lyt vel fulla ha eitkvart slag med oss — no aat barnsøle? kom Knut Tobias og spurde, daa Anders var reist.

— Du kan vita eg longe hev kome det i hug! svara Aasa. Men du lyt finna meg pengar, so eg kan reisa og kjøpa det som trengst. —

Ei stund etter kom Bratt med same spursmaale.

— Neimenn skal ikkje du bry deg med sovore! sa ho til han. Dei ventar ingi sending ifraa *deg*. Det er væl du vil gjera dei den beina, um du ikkje skal kosta deg attaat.

Men Bratt vilde plent ha grautambar med seg aat barnsøle. Og dagen etter rodde han med Aasa aat Nesvaagen og fekk Brita Teigen til aa lova ferdig ein drusen ambar med rjomegraut som han skulde henta naar det var slutt i kyrkja. —

Aasa kunde ikkje anna en læ aat han. Verkeleg var han meir barnsleg en ho, endaa han var der ein vaksen kar med mykje skjegg!

Og mest heile laurdagen gjorde han ingen ting men fôr og sveiv kring henne og berre

ralla um vertskape, Bø-folke og barne. Alt vilde han vita, og grov og spurde so det var ingen ende paa det. — Han var dertil so lentug og smaaløgjen, at ho snupt fekk hug til aa velta han i koll og spela seg med han juststom ho gjorde med katten, den tid ho var unge: slita han i veidehaari og faa han til aa njosa!

Men det er mangt ein kan ha hug til, som ein ikkje torer gjera aalvor av, um det er aldri so uskyldigt. So varlaaten som han var! — —

Men ho visste ikkje kva ho skulde leggja i det at han plent vilde fylgja henne, daa ho um sundags kvelden laut reisa heim or barnsøle og mjølka kyrne.

Berta Serina sa at drengen deira kunde vera med og ro, so letta det fyr henne og ho kunde snarare koma att. Men daa sa Bratt at han vilde vera med, so henta han fløyta si med same og spela ein grand fyr dei um kvelden.

Aasa vart baade raud og fegi, men vilde reisa aaleina.

— Det skal rett ingen umake seg fyr min del. Og fløyta finn eg vel alltid i budi? sa ho.

— Nei eg trur 'kje du gjerer det, for eg veit ikkje rett sjølv kvar ho er, sa Bratt.

Det vilde vera gale at han umaka seg, totte Berta Serina. Men var det tvo karar til aa ro, so gjorde dei det sagta endaa snarare. Og hadde maalaren moro av det, so laut han faa gjera som han vilde.

— Neimenn reiser eg aaleina, kan du vita! svara Aasa. — Det er baade fine vére og ljose dagen, so det vilde vera skam um eg trong fylgje, — ikkje lenger vegen det helder er.

Men Bratt gav seg ikkje. Daa ho gjekk til sjøs, fylgde han med.

— Du skulde ikkje gjort dette, for neimenn um det trongst, sa Aasa.

— Naar eg no hev hug til det, so skal du ikkje vera lei fyr det! — bad han smilande.

— Nei du kan sagta vita at *eg* likar det, men kva moro du kan ha av det, det skynar eg minder!

— Ein tarv 'kje plent skyna alt so væl, naar ein elles tykkjer det er gildt, sa Bratt. —

Vist var det sant som han sa!

Og gildare hadde ho aldri havt det en den sundagen det var barnsøl paa Bøen. Men berre av di *han* var med i alt. — Ho hadde ingi hast til aa koma or Dalsbygdi helder den gongen. Og naar dei ikkje gav seg til der til morgons — soleis som Berta Serina og Anders vilde —, so var det berre av di ho laut koma i hug beisti sine.

XV.

Daa hausten kom, var det ingen maalar i Ramnagrø. Men i budi stod alt i same orden som um sumaren: Kring veggjerne hekk bilæti, Bratt hadde spikra upp der, langpipa hans stod i kraai og tobaksdaasen paa borde. Under sengi stod dei brune skinntæsorne med nedtrøtt helstykkje, og midt paa golve legestolen soleis som sist han hadde sete i han. Paa sengstolpen hekk huva hans. Og paa stolen attum døri laag ein dunge med teikningar.

Naar Aasa, soleis som det ofta hende, gjorde seg eit erend aat budi, var det som Bratt ikkje skulde vore reist men berre ikkje var inne nett daa. —

Og det kunde væl henda at han kom att. Vart det ikkje fyrste sumaren, so kunde det verta den næste. For kom han paa dei kantar, so laut han faa halda til i Ramnagrø, — det bad han um, fyrr han reiste. Og Knut Tobias hadde svara at det maatte han væl. — —

Sers hug til aa fara or Ramnagrø hadde han nok ikkje havt. Han laag paa reis i aatte dagar, fyrr det vart til aalvor. Og i den tid gjorde han ingen ting. Berre sat lange ævor i kammerse og ralla med Knut Tobias. Elder i stova hjaa Aasa. For det var helst svalt vorte i det siste, og vaatsamt, so det var liten hugnaden ute.

— Eg kjem til aa sakna Ramnagrø, sa han ein kveld. Og deg og Knut Tobias og alle hugnadstunderne vaare.

— Ja kva trur du ikkje me kjem til aa gjera daa! sa Aasa. Eg skal segja det vert løgje aa gaa her aaleina, etter me hev vore so væl vane.

Daa tagde han ei heil stund. Han sat og saag utigjenom glase, med' han sveiva lippeskjegge. Men med eitt gav han seg til aa driva paa golve.

— Jaha, den som visste det ein ikkje veit! sa han.

Kva han meinte var ikkje godt aa vita, og ho torde ikkje spørja. Men at eitkvart tyngde han, det var lett aa skyna. — Aa ja, ein hadde kvar sitt! So nær som Knut Tobias. Han gjekk der alltid den same og let ingen ting tæra seg. Men so hadde han rett ingi gleda helder, og paa den vis vart det eit armodslegt tilvere. — —

Ho var ikkje dyr den morgonen Bratt endeleg reiste. Men ho gjorde seg so hard

som ho kunde, og tedde seg so likesæl, at ho trudde ikkje anten han elder Knut Tobias gaadde det ringaste. Og det fall sers høvelegt at Knut Tobias hadde erend til byen med same, for so fekk ho vera aaleina med bringeverken sin.

Daa baaten var faren attfyr nese, gjekk ho burti urdi og sette seg, for derifraa kunde ho fylgja han med augo like til han bøygde inn til Nesvaagen. Og i urdi vart ho sitjande til ho saag eimbaaten fyr Neslande. Drygde so til han hadde vore innum i Vaagen og tok paa fjorden att. — — Hadde ho no vore so langsynt som ho gjerna vilde, so hadde ho kan henda set Bratt og Knut Tobias, for dei stod daa visst og saag imot Ramnagrø, — som ein alltid gjorde naar ein reiste ein stad ifraa.

Og ho saag folk. Men det var ikkje raad til aa dra kjensl paa nokon so langt. Ho laut lita seg med at ho *visste* dei var der — og kan henda hadde ein liten tanke fyr henne.

Men stod det ikkje ein og veifta med noko kvitt! Det var tvo attmed einannan, men berre den eine veifta. Nett var det dei! — Og Bratt hadde kikar, det visste ho, so det var 'kje utrulegt at han hadde vorte vis med henne.

Daa tok ho fyrklæde sitt og veifta med. Og strakst kom den kvite duken att og svara. So det var tydelegt at det var Bratt og at han saag henne.

So lenge ho kunde skila duken hans, vart ho standande der, og endaa ei stund til.

Verkeleg hadde dette vore uventa! — Kva tru dei tenkte, dei andre paa eimbaaten, naar han veifta so lenge imot Ramnagrø? — — Men neimenn var det aldri til aa bry seg um.

Og ho tralla og song, og kjende seg ikkje meir sutefull en ho gav seg til aa kappspringa med hunden, daa ho endeleg kom i hug at det kunde vera tid til aa gaa heim og ta seg eitkvart nyttigt til.

Men det vart ikkje mykje arbeid gjort anten den dagen elder dei næste. Ho gjekk der og sveiv i uklaare draumar, elder livde upp att hende fyr hende — heile sumaren frametter. Ho drog seg til minnes kva maalaren hadde sagt i eit elder anna høve, og kva han hadde fortalt den elder hin gongen. Og so tralla ho lundarne elder song visorne hans. Naar ho so skulde hylla og mjølka beisti og nøra seg og hunden og katten til maals, so rakk ikkje dagen til stort meir.

Og kva skulde ho vel teke seg til? Høy og haa var inne, kornbandi med, og det var berre jordepli att. Naar Knut Tobias inkje hadde sagt, so hasta det vel ikkje med dei. — Daa var det berre saumen ho kunde triva til. Og den hasta det endaa minre med.

Ingen kunde ha det sutelausare en ho — med det at ingen ting kvilte paa henne. Men so vart ho fredlaus fyr det same, og misnøgd

med seg sjølv. Og ho kom visst til aa lengta no — etter bygdi elder einkvar til aa røda med. Ho som ikkje hadde brytt seg um aa raaka eit menneskje heile sumaren! Men det vart rett onnorleis aa gaa aaleina i Ramnagrø en som naar maalaren var der. — —

Knut Tobias kom heim med helsing ifraa Bratt, men sidan høyrde ho ikkje meir gjete han. Som rimelegt kunde vera. Det var ikkje ventande at han vilde skriva, endaa ho hadde mest havt som ei halv von um at han gjorde det.

Og so gjekk hausten med vanlegt kvardagskav som det ikkje trongst anten ihug elder sers umtanke til. Vikorne skreid, ei etter hi. Det kom regntunge dagar og svarte nætter, og natti raadde den lengste tid av døgre.

Uversbrosorne fôr igjenom fjorden med dun og dunder og svære smell, so ein kunde tru det var paa heimsens siste tider. Regne hylja av himmelen, elvarne velte seg som graakvite skavlar ned igjenom gil og djuv med surr og svimlande sus. Den tunne grastorva rivna baade her og der uppetter rindarne, mold og aur gleid ut og berre nakne berge laag att. Mest kvar dag kom det nye blis frametter fjellsidorne, og det var berre væl so lenge det ikkje tok til med storskridor som sopa vekk baade hus og jorder. —

Ramnagrø laag soleis til, at hardaste vére berre strauk fram med. Vinden tok aldri so sterkt der som mange andre stader. Men so

fekk dei mest meir regn en andre. For naar det gav seg til aa sidrigna av sud og sudvest, so hadde byorne eit undarlegt lag til aa stolma i hop der under fjelle og sleppa so uhorveleg mykje vatn or seg, at det berre flaut og fløymde yver alle bakkar.

Nokon faare fyr skridor var det ikkje i Ramnagrø. Fjelle var avskola fyrr, so det var ingen ting aa faa los paa. Og den vesle jordmolen rak ikkje vekk av seg sjølv. Dei gjorde daa ingen otte ha anten fyr liv elder eignalut — paa den maaten. Men alle menneskje vert hugtunge og tagalle, naar haustriderne kjem og slengjer dei si uvers-kaapa yver hovude. Og dregst dei med bringeverk av eitt eller anna slag, so hev den stormharde og vaatsame hausten eit sers lag til aa gjera hugen svart og hjarta saart.

Aldri hadde Aasa kjent det so væl som denne gongen kor tungsam haustdagen kan vera i eit einbølt skorfeste som Ramnagrø.

Han græt ikkje fyr gull, som aldri gull hev aatt. — Fyrr visste ho ikke kva lengting var, men etter ho hadde den gilde sumarsbolken aa sjaa attende til, daa vart det sume tider som um lengting og utferdshug vilde tæra henne upp.

Hadde ho endaa havt eit menneskje til aa ralla med um eitkvart lite anna en det vanlege inkjevetta som aldri gav tankarne anten kvild eller nøring. No sveiv dei berre i ring

um maalaren og det som hekk i hop med han, til ho var so hugsjuk at ho kunde mest ikkje anten éta elder sova. Ho smogna og fekk skuggar under augo so ho kjende seg lite att sjølv, naar ho saag seg i spegillen.

Knut Tobias knuldra med sitt og saag ingen ting. Men so kom Berta Serina der ein sundag. Ho vart strakst vis med at eitkvart munde skakka, og av di ho alltid ottast det verste, tok ho henne fyr seg aaleina.

— Kva er det som bilar deg barn, du ser so illa ut?

— Det vantar ikkje meg nokon ting! svara Aasa. Men raud vart ho, og mori røynde henne med kvasse augo.

— Anten er du ikkje frisk, elder det er eitkvart som tærer deg, — det nyttar deg ikkje aa negta det. Og du hev ingen nærare aa tru deg til en di eigi mor, so jamenn maa du segja meg kva det er!

Berta Serina hadde sett seg fyre at ho vilde ha full vismun. Ho spurde og grov og røynde henne ut um alle ting, men like nær var ho. Daa visste ho ikkje betre raad en ho laut ta det meir beintfram.

— Du skulde vel ikkje ha vore ute fyr han som heldt til her i sumar, so du er komi eitkvart til? spurde ho.

Men daa vart Aasa so harm at ho nær hadde foke mor si i syne.

— Eg skynar ikkje at du kan tru so ringt

anten um han elder meg! sa ho. Du maatte skjemmast til aa bere sovore paa meg. Det var det fyrste du treiv til, daa han var komen her, og no han er reist, kjem du med det same. Det er rett soleis at — —

Aasa hadde ikkje ord fyr sin heite harme, og graaten kom yver henne.

— Nei men barn daa! Tak ikkje soleis i veg, — det bed eg deg! sa Berta Serina. — Det var ikkje paa vondt meint ifraa hennar sida, lét ho. Aasa maatte vel skyna at ein vilde ikkje sitt eige barn anna en det som væl var. Og ho fekk haatta at Berta Serina hadde sjølv røynt litt av kva ein kunde koma uppi, erso ulukkesstundi var fyre. Ein kunde vera veikare en ein vardest, um ein hadde aldri so gode tankar fyr seg. —

Harmen gav seg snart, men Aasa kunde ikkje tilgje mor si korso. Ho visste ikkje noko namn til aa gje det, men hadde ei kjensla som um ho var sulka av eitkvart. Og at Bratt — den snilde, finslige Bratt skulde vera blanda inni med, det var det verste av alt. So fyndig baade i ord og aatferd som han hadde vore, — det var so burti veggjerne at det fanst ikkje rim i det!

Men verkeleg var det godt at han var reist. Og best vilde det vera um han aldri meir kom att. — Men Gudfader kor gildt det skulde vera um han kom likevæl!

Aa, rett um han kom! —

Og ho lengta verre en nokor tid. Og so drogst ho med vondt samvit attaat, av di ho tenkte onnorleis paa han no en ho gjorde fyrr mori hadde vore der.

Men ingen i verdi skulde faa vita at ho var so gali at ho hadde huglagt maalaren. Um ho kom til aa syrgja seg i hel, so skulde det ikkje koma eit ord um det paa hennar tunga. Og ho visste altfor væl at ho ikkje fekk han. For kva brydde han seg um henne! Som ventande det kunde vera. Han — bykar og kunstmann og allskyns grumt. Men ho berre ein tossen Ramnagrø-unge som ingen ting kunde. Og var komen til — lite betre en paa laust.

Det fanst ikkje rim i det, og difyr vilde ho slett ikkje havt han helder, um ho *kunde* fenge han. Det vilde ho verkeleg ikkje, — trudde ho. —

Berre han vilde koma att og vera der um ikkje meir en ein sumar til, so skulde ho tykkja det var stort. Men endaa hadde dei ikkje fenge vinteren for væl, so det vart eit drygt bil fyrr ho kunde til aa vona.

Likevæl laut ho burti urdi um dagarne og sjaa etter eimbaaten, naar den var ventande. For hadde han ikkje reist til utlande, so var det ikkje reint utenkjelegt at han kunde vera med. Han gav seg ikkje til i byen heile vinteren, — det hadde han sagt. — Og var han med, kunde det likso væl henda at han gjekk i land i Nesvaagen som ein annan stad.

So skreid den eine dagen etter hin, til vika vart full og det tok til med ei ny til aa slita paa. Men endaa dagarne vart stuttare, di lenger det leid imot jol, so vart vikorne drygare etter kvart. —

Ein venst elles til alt, og so ljosnar tilvere. Daa myrkaste vinteren endeleg var stridd og det vart frost og snøfall, fekk Aasa mathugen att. For naar aare hallar rette vegen, og soli kjem eit hanestig høgare paa himmelen fyr kvar dag, daa vender hugen seg imot framtidi.

XVI.

Aasa hadde vorte folkesky. Kom det ein hende gong einkvar framum, hadde ho seg alltid or vegen. Til bygdar elder kyrkje reiste ho ikkje, for det var ingen ho der hadde noko utala med. Og gudsorde kunde ho sjølv lesa seg til. — Trong dei eitkvart or Nesvaagen, reiste Knut Tobias etter det. Han hadde mest alltid eitkvart erende korso han, og daa turvte ikkje ho umaka seg.

Men kvar gong han var i Vaagen, gjekk Aasa og brann: Um det ikkje nett var trulegt, so kunde det likevæl henda at det var eitkvart i posten. Elder ei tidend aa faa høyra.

Og naar Knut Tobias lende, stod Aasa paa vorasteinarne og gav han ein handsreknad med baaten. Aldri anten spurde ho elder slo fram um nokon ting. Ho berre røynde andlite og trøyelumma hans med snøgge augo, og so hadde ho vismun god nok: Det var 'kje anten brev elder tidend. Som ventande var. — Og so lo ho av eitkvart lite skjemtarorde, Knut Tobias kunde sleppa av seg. Det var

ikkje alltid laatten verdt, men ho hadde endeleg fenge so fjerre bugt med hugsotti, at ho kunde baade læ og laata mest som um ingen ting skulde skakka. —

Ein gong var det vorte seint paa Knut Tobias, so han naadde ikkje heim fyrr ei god stund etter det var myrkt vorte.

Aasa hadde sett seg uti budi. Ho sat der i myrkre, i Bratt sin stol. Den var so makleg og god til aa letja seg i, naar ein vilde tenkja paa det som hadde vore, elder drøyma um det som kunde koma. Og stillt var der, so ho totte ho høyrde sitt eige hjarteslag. Daa kunde ho nok alltid verta vis med um Knut Tobias kom. —

Undarlegt kor lenge han drygde i kveld, — totte ho — kva som no kunde hefta han. Men det korkje bles elder rignde, og ho hadde ingen ank fyr han.

So gleid tankarne attende til der dei hadde vore fyrr, — til han som dei alltid søkte, naar ho let dei styra seg sjølv. Samstundes seig det ein lei otte innyver henne og sette seg ein knute fyr bringa, — eit hardt kyle som brann i saar lengt.

Han hadde fulla reist utanlands denne vinteren med. — Og der var det so mangt aa sjaa og høyra, og allskyns folk aa koma i lag med, so han hadde sagta væl gløymt Ramnagrø no. Det var ikkje som fyr henne, at den eine sumaren var heile live — og meir til.

Berre ho hadde visst kvar han var. Elder høyrt gjete han. — Han kunde sendt eit lite brev. Skrive nokre ord til Knut Tobias. Ho skulde vore hjartans kipi berre fyr ei liti helsing, so mykje ho visste han kom henne i hug. —

Um det no hadde vore sumar, og han hadde sete uppi Ramnagil med fløyta si, so kunde ho høyrt lundarne hans. — Nei soleis vedkjømeleg som han mange tider spela! Det var som det grét inn i deg. Elder gjekk igjenom deg med varme flagor. Nett som eit trollspel. Det ørde og drog og gjorde deg hugskjuk, men so inderleg sæl korso. Justsom i eventyri, naar haugkallen var um aa lokka vækja i sitt vald. — Ja rett kunde ein gløyma baade seg sjølv og verdi og gaa lukst i hole urdi, naar fagre ord og fyretolor lét i øyra og lundarne sveipte seg mjukt um hjarterøterne. —

Ho saag Askjells-hellaren fyr seg. Soli glittra i kongurveven og gjorde veggjerne gyllte. —.Hadde ho ikkje so væl visst at ho sat i Bratt sin stol heime i budi deira, so kunde ho trutt at ho *var* der.

Og ho høyrde den lunden han helst lét, naar han solarglad-bil sat i gile. — — Ho ikkje berre totte det. Nei ho *høyrde* han. Fager og vedkjømeleg, so hjarta skalv.

Ho kjende ikkje lenger knuten fyr bringa, men eitkvart liksom eit stramt band som vilde kjøva henne. Ho vilde upp or stolen, men

vann ikkje røra seg. Otten var vorten angist, og ho fælte.

I det same ser ho Bratt. Han er bleik som bast, men smiler og rettar handi ut imot henne. — Ho vert glodheit all igjenom og sprett upp, for ho skjemst av di han kjem yver henne just med' ho sit i stolen hans.

Daa er han vekke.

Ho stend i myrkre. Det flimrar fyr augo, susar fyr øyro, og ho vil detta, men fær tak i stolen og brukar all sin vilje. —

Hadde ho drøymt? — elder set ei syn?

Sove hadde ho ikkje, — det tottest ho vera sikker paa. Og daa kunde ho ikkje ha drøymt det helder. For ein drøymde ikkje soleis naar ein vakte. Ikkje so ein beintfram høyrde og saag det — som ho no hadde gjort.

Det var snupt til aa fæla av. For hadde ho ikkje sove og drøymt, so munde ho vera synsk vorti. Likevæl var ho ikkje rædd. Men ein lei otte hadde ho, — liksom fyr eitkvart som skulde henda.

Trøyste henne! — kva kunde det tyda? —

Men visst hadde ho vel blunda likevæl. Og berre drøymt det. Det var ikkje fyrste gongen ho hadde drøymt so forlivande klaart at det var mest ikkje raad til aa faa det ifraa seg att. Og ho kom ikkje snart til aa verta kvitt dette helder.

Tru det kunde vera som ei fyrevarsl? Men daa maatte det tyda at han var snart

ventande. Elder at ho fekk høyra gjete han. — Kan henda han endeleg hadde skrive, og at Knut Tobias kom med brev i kveld. —

Aasa gjekk inn, vilde kveikja ljos og sjaa kor langt kvelden leid. Men i det same lét det aaredrag under land, og ho sende ned aat vori. Ho høyrde paa lage at det var Knut Tobias. Og ho venta mest at det skulde vera — einkvar med han.

Men han var aaleina som vanleg.

— Du drygjer so lenge at eg hadde mest avventa no, sa ho, — ho laut eitkvart triva til.

— Ja eg vart litt sein i kveld, — eg skal 'kje negta fyr det, sa Knut Tobias og var so undarleg valen i munnen. — Men det er so løgje med det, naar ein hev mange erend og vert heft attaat.

Det var Nils Øyri som hadde bedt han heim — og kosta baade øl og skjenk paa han. For Nils knuldra med ein grand utskurd, naar stunderne var til det, og no vilde han Knut Tobias skulde sjaa kva han hadde maksla med i vinter. Og so hadde han orda um aa faa vera nokre vikor i Ramnagrø — liksom i ein lære fekk ein vel kalla det.

— Du lova han no vel ikkje? sa Aasa.

Knut Tobias drog paa det. Nett nokon avtale var det ikkje. Men ein kunde ikkje for væl segja nei, naar Nils vilde betala fyr seg. Og budasengi stod der unytta.

— Nei mi sann skal ikkje Nils Øyri liggja

der! lét Aasa. Du veit daa alt som er i budi etter maalaren, og det skal ingen rota med hans saker.

— Det kom eg ikkje nett i hug, sa Knut Tobias. Men naar han skulde staa til, soleis som det var, so hadde han mest lova det og, — sa han og flein.

Ja daa var det ein annan skil, totte Aasa.

— Det er du sjølv som raar. Men det segjer eg, at i budi kjem han ikkje, um eg so skal læsa att og bera lykjelen paa meg!

Knut Tobias skyna ikkje kva som bila gjentebarne den gongen. Men han var ikkje den som lenge grunda yver kvinnfolkfurdor. Dei hadde so mange ramparne, kvendi. Og Aasa hadde godt aa likjast paa, — kom han i hug og flein vælnøgd av di han ikkje hadde nokor kjerring aa drast med. For jamenn hadde ein nok med — sine eigne.

Det vart ikkje nemnt meir um Nils Øyri. Men Aasa undrast paa kva Knut Tobias agtast aa gjera. — Det var visst so fjerre fyr utskurden at Nils vilde aat Ramnagrø! Slikt kunde han fortelja Knut Tobias som ikkje betre visste, men neimenn um *ho* trudde det. Det var fulla eitkvart anna han stilte paa.

Og no var ho sikker paa at dette som hadde hendt henne i budi — anten ho meir hadde set elder drøymt det — det skulde vera henne eit varsl so ho agta seg fyr Nils Øyri.

Ja ho skulde sagta vera vár um seg, um

so bar til, at han kom der. Og naar Knut Tobias hadde lova han, so kunde ein vita han forsømde seg ikkje. —

Etter ho hadde roa seg laag ho tenkte ut, korleis ho treiskast skulde te seg, naar Nils Øyri fôr drog seg der i dørerne. Og daa ho sovna, rørde ho um det same i draumar. Det vart paa resten til ein ramn og ei svart fjør som kom skjeivlande ned or lufti. Ho og Nils sat under Askjells-hellaren, var godvener, og han kitla henne paa halsen med ramnafjøri. Daa vart ho so undarleg all igjenom, og totte det var gildt. Men Nils lo ein stygg laatt — og kysste henne.

Aasa fór or sengi som ho var brend.

Tvi være den utidige fyren! — Og ho sputta og turka seg um munnen med ermi.

Men daa haatta ho seg, at ho hadde ikkje vore under hellaren men lege i si eigi seng, og at ho no stod der naki frampaa stovegolve.

Gud skje lov at det berre var ein draum! — Og ho grov seg uppi sengi att.

Men at ein skulde drøyma sovore som aldri hadde svive ein i tankarne, det var daa reint burt i veggjerne. Justsom naar ho, med' ho var liti, hadde drøymt at ho gjorde vondt med mor si, — hogg henne med øks, elder eitkvart anna fælt. — — Fanst det verkeleg ei løyndarkraa som det sat den hugen i, at ho skulde koma soleis ut fyr denne forargelege Nils Øyri? — Hadde det vore Bratt, so kunde

det vore litt rim i det. Han som ho var so overhendig glad i. Endaa ho visste ikkje av at ho hadde havt hug til aa koma han helder nær — paa den maaten.

Jau ein gong, var sant. Den sundags kvelden han rodde heim med henne or Dalsbygdi, dei var faddrar. — Han stod og saag paa, med' ho sila mjølki. Um han daa vilde teke henne um live, so hadde ho ikkje vore god til aa skubba han ifraa seg. Og so løgje var det ikkje helder: Dei stod der tvoeina, og — Gud i himmelen, kor glad ho var i han!

Men Nils — ikkje um han vilde slaa henne i hel! Og likevæl skulde ho drøyma det. —

Aasa stakkar laag der so usæl at ho grét. Og svevnen var komen ifraa henne so ho fekk ikkje blunda paa lenge.

XVII.

Det var burtimot nons bil nokre dagar seinare. Knut Tobias var eit erend aat Dalsbygdi, og daa han med same vilde framum døri til Berta Serina og Anders og høyra korleis dei fekk liva, so kunde Aasa ikkje venta han heim att fyrr til kvelds.

Makalaust fint vér var det. Klaarvér men slett ikkje kaldt. Med' soli var uppe, hadde det dropla under ufsi. Og det var endaa so fjerre lunke att, etter soli skjein inn glase, at Aasa kunde sitja med saumen sin uti budi. —

Ho var lettare um bringa i dag en ho hadde vore paa lenge, og det laag liksom soldaam yver andlite. For tankarne sveiv som dei sjølve vilde og leika med draumar som vov daarande voner i ljose minne. Ho hadde gjort det fyrr, og ho gjorde det i dag med: Ho dikta sitt vesle livshende um til ei soga um tvo som aatte sterke kjenslor og fylgdest med godord paa tunga og frygd i hjarta.

— — I Ramnagil sat *han* og sende fagre lundar ned til *henne* som stulla annsam i stova

og ute paa tun og gjorde seg ferdig med kveldsstjorne. Og naar dei hadde éte, sat ho med saumen utpaa hella og høyrde han fortelja um folk og seder i andre land, furdige hende og fager kunst. — So song dei, og lunden sveipte seg løynsk og kjælen um ordi, so ein laut koma i hug naar soldis lagdest yver fjord og fjell. Elder lunden klunka og lo kring kaate ord som tydde litt meir elder noko anna en dei sa. — Daa var det sumar med høg sol. Um dagen gjekk dei i sjølaug og sov fyr opne glas um natti. Og det anga av gras og blomar og kvar den busk.

Men naar hausten og vinteren kom med svarte hausar, vestanbrosor og myrke kveldar, daa sat dei under lampen og las gilde bøker. Og bøkerne bar friske tankar inn og gjorde det høgare under toka. Ein kjende varmen og saag glansen av soli, um det ingi sol var. — —

Aasa kvapp upp og lydde. Var det ikkje stig ho høyrde — paa øvre ledi? — Og ho tenkte strakst paa Bratt. Han kunde ha kome med eimbaaten og strenda ifraa Nesvaagen. For det hadde ingen baat lendt.

Men Bratt var det ikkje, for no banka det paa, og det hadde ikkje han gjort.

Ho gjekk ut, — og der stod Nils Øyri. Han flein og helsa, lét væl yver det gode vintravére, og spurde endeleg etter Knut Tobias. Aasa kjende seg trygg og mannskapeleg, gav han den vismun han vilde ha, men

kosta ikkje fleire ordi paa han en nett turvande.

Det var leitt aa transla den lange vegen i maafaa, sa Nils, og undrast um det kunde nytta aa venta paa Knut Tobias. — Det var sagta eit peik um at ho skulde be han inn, men det hadde ikkje Aasa sers hug til.

— Det stend til deg sjølv, sa ho, men eg ottast det vert natti paa deg.

Nils meinte at i so godt vér kunde det ikkje stort gjera. Og Knut Tobias var vel ikkje vissare aa finna ein annan dag helder?

— Eg veit ikkje kva han er det. Sume tider fell det ofta til med eitkvart erende, men stundom er han ikkje av tune heile vikorne.

— Det er vel so ja, — sa Nils, drog pipa og tobakspung fram or trøyelumma og gav seg til aa stappa. — Det var gjerna best aa drygja ei stund, so torde han koma? — Hev eg ikkje fenge eìn fin pung, tykkjer du? spurde han og heldt pungen fram.

Jau det var likt til dess! — Men ho umaka seg ikkje til aa vilja sjaa han. Daa vart Nils litt sviden og gjøymde han.

— Er du ikkje forviten etter aa høyra kven som var so æruge at dei gav meg han?

— Du hev vel helst kjøpt han, tenkjer eg, for det er han likast til.

— Nei verkeleg fekk eg han. Det finst dei som hev litt hjarta fyr meg med. — Nils skjegla burtpaa henne og flein, med' han kveikte.

— Aa ja det er gildt fyr den som ser teikn til hjartelag, — um det ingen nyttigare ting er en ein tobakspung, sa Aasa hynte.

— Ein tobakspung er nyttig nok! lét han og tok so gilde drag at det rauk som or ein skorstein. So skveinte han paa skjeiva og blinka løynsk. — Det er meir hjartelag i Helene Vaagen en ein skulde venta det — av dotter til „Knipesen", sa han.

Daa laut Aasa læ.

— Det er ikkje Helene du hev fenge pungen av, vel?

Jaumenn var det rett so. — Og Nils gjorde seg kyv-aksla og brei med henderne i trøyelumma.

Det er ikkje lett aa hytta seg imot forviteskapen, hev han fyrst fenge tak i deg. Og no *var* Aasa forviti. Ho hadde ingen ting høyrt paa aldri so lenge — anten um ungdomslage elder dei som var med der, so det kunde jamenn vera moro aa faa vita eitkvart lite. Difyr bad ho no Nils gaa innfyr døri med' han venta.

Og Nils vart med inn. Sat der røykte og ralla og var fyndigare en ho venta det. Fortalde um klokkar-brudlaupe, — kven som hadde vore der og korleis dei hadde havt det. Heilt paa sin byens hadde det vore med alle ting ifraa fyrst til sist, so ingen hadde set det grummare. Og slike brudregaavor! — Ungdomen hadde lagt seg i hop um ein framifraa væn lampe.

Han rett baade kosta og synte att, den karen. Og det var ikkje uppreknande alt det som elles vart gjeve: Sylvty og krusty og nyttige ting um einannan, av alle slagi. Kostesamt brudlaup var det sagta, men so fekk dei rett att fyr det og.

— Ein kunde beintfram faa hug til aa gjera brudlaup nokon kvar, naar ein ser slikt fyr seg! lo Nils.

Men Aasa tok ikkje sers under det. Ho vilde vita korleis Mathilde prestegarden hadde det. — Dertil svara han at ikkje rettare han visste stod ho seg væl. Ho hadde vore eit bil i byen no, og var nok ikkje attventande fyre sumaren. Det var matlaging og pianospel ho skulde læra, hadde han høyrt. Dei sa — ja han hadde det elles ifraa Helene, og ho visste det fulla — at Mathilde var trulova med eit prestemne, og at det var difyr ho skulde lær maatstell.

— Skal 'kje Helene av og læra eitkvart — no si' den andre er? spurde Aasa.

Jau ho *vilde* visst, men det var nok ikkje løyve aa faa — av faren, etter som det lyddest. Det var ei stund ho vilde av til byen og staa paa krambud. Men faren negta. Vilde ho paa krambud, kunde ho staa hjaa dei sjølve, so slapp han drengjeløni, maa vita. — So hadde ho tenkt paa industriskulen, dei kalla. Men ho fekk ikkje lov til det helder. — — Men eg trur mest at ho er so stempla no at ho gjev seg ikkje fyrr ho fær det til, sa Nils.

— Skynar du um det er noko millom henne og bakaren? freista Aasa.

— Eg trur aldri det. Ikkje noko aalvor daa. Ho kan vel gaspast med han einkvar gongen, men ho bryr seg aldri tære um han.

— Enn han um henne?

— Ja du veit *han* kjem vel i hug medelen, og at ho er einaste barne. — Nils flein. — Difyr likar han ingi minusker av andre, og vil gjerna folk skal tru han kan faa henne. Og han trur det sagta sjølv med. Men ho er so gali paa han no, at ho vert ikkje snart god att, — det veit eg rett væl um! lét han.

— Det er nok heitt med deg og Helene, skynar eg! Men kva segjer Uppundegards-Berta og Nedrebø-Kari daa?

Nils lo.

— Krambud-Ola'n og Knut Floti dutlar med kvar si av dei, sa han.

So laut han fortelja kva han visste i den leid. Og mykje meir til. For det drygde ei god stund fyrr Knut Tobias kom, og Nils vart sitjande. —

Alt dette bygdedrøse kom som eit friskt laug yver Aasa. Ho hadde fenge blom paa kinn, glans i auga og kjende seg plent som eit nytt menneskje. Mi sann var det moro aa faa vita so mykje! — Verkeleg laut ho visst gjera seg ei reis til bygdar no snart. Ho sat daa ikkje i eit skorfeste helder, som det ikkje var raad til aa koma utor!

Og ho koka kaffi og sette Nils til bords, — sôm sømelegt kunde vera. Ein fekk fara aat soleis som visi var, kom ho i hug. Han verkeleg trong eitkvart og, naar han skulde venta so lenge. —

Daa Nils var komen fyr borde, spurde han med eitt um dei hadde høyrt gjete maalaren sidan.

Det fôr ei hiteflaga igjenom Aasa med same Bratt vart nemnd. — Men so hende det undarlege at ein sæl fagnad skaut or hjarta utetter alle aadrar. Ho hadde aldri kjent so løgje! — Og ho var ikkje det minste brydd, daa ho svara, men fekk ei rallerid yver seg — um maalaren: Han hadde nemnt um aa koma att. Men um det vart no til sumars elder seinare, visste ho ikkje, for det var ingen skil gjort i det soleis. Det kunde godt henda det vart strakst — fyr den del. Dei hadde det nok helst soleis, kunstnararne, at naar eitkvart sveiv dei, so var dei ferdige til aa gjera det med det same. Men han visste at dei hadde ikkje omn i budi, so han drygde vel til varmen kom i ætti.

— Det stod mykje skrøyt um han i eit blad — her i vinter eingong, og bilæte av han var der med, sa Nils.

— Nei gjorde der det, du? Verkeleg skulde det vore gildt aa ha set det. Me hev 'kje noko slags blad her, so me fær ingen ting sjaa. — Var han lik seg og?

— Ein kunde godt sjaa kven det skulde

vera, so eg kjende han med ein gong. Men det var ikkje so kjennelegt som eit rettigt avtak. — Eg hev blade heima endaa, tenkjer eg, so du kunde faa sjaa det sjølv, naar det fall soleis.

— Ja det hadde vore moro, for ein er alltid ein grand forviten, naar det er einkvar ein kjenner, sa Aasa. — Og Knut Tobias vilde sers lika det, tenkjer eg. Dei kom alltid so væl av det med einannan, han og maalaren.

— Enn *du* og han? — kom ikkje de av det?

Nils trudde nok han hadde fanga henne der. Men Aasa var han for sløg.

— Nei kva skulde vel han tala med ein tossen gjentunge um? — ein vaksen bykar som veit meir en baade prest og skrivar! Eg er 'kje lærd nok til aa tala med slike folk eg. — Men naar han einkvar gongen fortalde um utlandsferderne, so var det sagta gildt aa lyda paa — fyr den som ingen stad hev vore og ingen ting anten set elder røynt, um ein ikkje nett kunde ha vit til aa skyna alt so væl.

— Men han ter seg daa mest som han kunde vera eit landsens menneskje, og er visst baade snildsleg og beintfram, trudde Nils.

— Ja det vilde vera synd anna segja! lét Aasa, og det var som det song i henne. — Det gjekk rett ikkje snildslegare karen paa Guds grøne jord en Bratt, men ein torde berre ikkje segja det. — —

Hunden hadde reist seg or kraai og gjekk burtaat døri, gav seg til aa gnistra og vilde ut

— No kjem endeleg Knut Tobias, sa Aasa. For det plar vera han hunden ventar, naar han ter seg soleis.

— Sjaa der! — det vart ikkje so lang stundi aa venta likevæl, sa Nils.

— Tidi gjeng snart naar ein hev eitkvart aa ralla um, svara Aasa, ho saag paa klokka. Daa hadde Nils sete der i yver tri timar — attaat den stundi han stod utfyr døri.

So gjekk Nils ned i støda og vilde hjelpa Knut Tobias med baaten. Men Aasa bar av borde og rettleidde. Ho laut tenkja paa beistelivande sitt no etter kvart. — Og daa kararne kom upp or nauste, var Aasa gjengi aat fjose. — —

— Korleis vart du og Nils einige? spurde ho, daa dei sat aat til kvelds. — Kjem han her elder ei?

— Han var 'kje lenger so hardt paa det, so eg fekk leda han ifraa meg, svara Knut Tobias.

— Aa er han av den sorten at han so lite veit kva han sjølv vil! sa Aasa og lo.

Ho visste ikkje korleis ho var vori den kvelden. Men jamenn laut ho læ av mest inkjevetta. Og ho hadde hug til aa syngja, men ho fann ikkje den lunden ho leita etter, so det vart berre smaasulling.

XVIII.

Folk kjærde lenge paa den kalde vaaren og kor seint det vilde verta skikk paa aaker og eng. Kornspirorne stod blaae og mjaae, visste liksom ikkje anten dei vilde veksa elder visna, og marki laag fyr det meste graagul og avskavi. Ein laut leita væl, skulde ein finna ein utsprungen sekablom elder ei fullvaksi kvitsymra. Bjørki hadde fenge namne grøn daam, men elles stod lauvskogen so svart som det kunde vore midvinters. — So det saag smaatt ut fyr stakkars krøturi som dei snart ikkje kunde lenger berga innandørs.

Det var den leie nordanvinden. Han hæste og skov baade dag og natt og vilde éta upp kvar liti spira, um det vaaga seg ei fram or gjøymsle sitt.

Men i Ramnagrø hadde vaaren fenge likare magt. Dei var so velsigna fri nordanvinden der. Endaa det ingen varme var kome i ætti, hadde den vesle jordflekken prydt seg so godt han kunde. Ku-symra stod tirande gul

uppetter bakkar og bergklombrer, og grase vaks so tett og tidigt som den trivlegaste haa. Bærbuskarne hadde longe slept bladi ut og laga konglarne til, og aplarne synte blom.

Litt varme no — og det vilde vera full sumar i Ramnagrø.

For so lenge det ingen varme var, kunde ein ingen maalar venta, — kom Aasa i hug. Ho gjekk der helsesterk og rakvaksi, fast i holde, men lett og mjuk i alt sitt lag. Arbeid under berr himmel hadde gjeve den friske hudi ein gulbrun daam. Ho var fullvaksi kvinna i ham og haatt, men hadde framleies barneblinken i auga, naar ho smilte i sine varmaste voner.

So fager var ho vorti, at endaa til Knut Tobias laut gjeva gaum etter det. — Ho var blomen av dei som hadde vakse upp i Ramnagrø. Men ho hadde ættar-arven i seg: Sjølvraadig i aatferd og usætande i arbeid. Det gjorde ingen tru at dei rikka henne, hadde ho sett seg eitkvart fyre.

Han laut vera fegen so lengje ho ikkje vilde ifraa han. Men ho var vorti digt vidforug i det siste, so han ottast det kunde koma den dag, ho strauk sin veg. — Snart fôr ho til bygdar og snart til dals, og nett noko erend skyna han ikkje at ho hadde. Stengde ho seg inne heile hausten og vinteren frametter, so tok ho rett no sin mun att! Og ho var høgt og ho var laagt um dagarne: Best som ho sat

gol uppi gile, so laag ho ned i fjøra og grov etter skjeljar og smaastein — nett som ein unge.

Song gjorde ho til alle tider, so ein vart mest lei av aa lyda paa. Men ungen hadde so framifraa væn ein tone at det kunde vera gildt og — ein gong imillom, so han sa ingen ting. So lenge det ikkje var *salmar,* skulde ein ikkje kjæra. Men tok gjentorne til aa syngja det slage, daa var dei gifteskjuke. Det hadde han røynsla fyre.

Noko ans fyr gutar hadde ikkje Aasa, trudde han. I det stykkje var ho ulik mor si, — som væl var. For naar ho leista til bygdar, so var det ikkje anten aat bønesamlingar elder ungdomsmøte, men til klokkarkona, — det visste han væl greia paa. Det var vorte eit svært samdutt med dei tvo, etter her paa vaarparten ein gong, daa klokkarkona bad henne heim med seg or Vaagen. Og klokkaren og kona hans hadde ein sundag gjort gjestereis aat Ramnagrø. — Aasa var i gode hender der. For det saag ut til aa vera greie folk, og godt ord hadde dei i bygdi.

Men hadde Knut Tobias visst kva som sterkast drog Aasa aat klokkar-tune, so hadde han ikkje vore fullt so trygg fyr henne.

Fyrste gongen ho var der, fekk ho sjaa at dei i albume hadde eit framifraa fint og likt avtaks-bilæte av Bratt. Han sat der nett som han skulde vera livande og saag henne beint i augo. — Kvar ein gong ho sidan kom

i klokkarstova, nytta ho høve til aa fara igjenom albume deira.

Ho hadde so moro av aa sjaa framande andlit, sa ho. — Men ho visste alltid aa laga det soleis at ho baade fyrst og sist — og nokre vendor til — kunde gleda augo og hjarta med aa sjaa paa *han* som var den vænaste av alle.

Elles hadde ho ogso hugnad av aa koma til klokkarfolke av di frua var baade gild og beintfram. Og sers forvitneleg aa røda med. For ho kunde og visste so mykje. Ofta meir en klokkaren, etter som det lyddest. — Det var sagta anna til menneskje, denne frøken Olsen hadde vore, en Helene hadde vilja gjort henne til!

Ein saag ogso folkeskikk fyr seg der i huse. Og det kom væl med fyr den som elles gjekk sjølstyrd i Ramnagrø og ingen hadde til aa ta etter. — Dertil fekk ho læra nye lundar. Ho var so næm til aa taka etter, at dei hadde aldri høyrt maken.

Ho hadde beintfram kunstnar-gjevnad, sa klokkarfrua ein dag. Daa vart Aasa raud og brydd, men so fegi at hjarta hoppa.

— Det skal vel meir til en det at ein kan læra ein lund, — trudde ho.

Visst skulde det so. — Men det er ingen som veit kvar haren gjeng elder flogvite gror, meinte klokkaren.

— Tru no berre ikkje at me vil øsa deg upp til urimelege hugsviv — sa han —, men

er det ikkje so at det ligg til Ramnagrø-ætti aa ha ein sergjevnad til eitkvart?

Nei ho trudde ikkje det. Men elles hadde det vore furdige sellar, alle kararne, — etter som Knut Tobias hadde fortalt.

Daa so frua spurde um ho aldri hadde havt hug til aa koma ut og læra eitkvart, bægde Aasa til leds med aa svara at det var vel med naudi nokon som ikkje det hadde. Ein kunde ikkje stort sæta paa det, meinte ho. Men elles trudde ho at ho for sin del ikkje kunde trivast andre stader en heime.

— Det er ingen stad so vænt som i Ramnagrø — sumars dag i minsto, sa ho. Og det kom so inderleg mjukt at frua fekk taaror i augo.

Ein laut til so mangt venjast, meinte klokkaren. Og so skjemta han med at um prinsen av Engelland kom, justsom til namnen hennar i eventyre, so vart ho fulla nøydd til aa fylgja han.

Aasa lo.

— Eg fær segja som gjenta i eventyre sa: Er det so laga at eg skal ha han, so fær eg han nok — um han so lyt flytta slotte sitt aat Ramnagrø! — —

Det var berre i moro sagt, men naar ho etterpaa tenkte yver det, so kjende ho seg mest trygg paa at det laut vera soleis. Or Ramnagrø vilde ho ikkje.

Koma so fjerre ut at ho fekk sjaa ein liten grand av verdi, ja det kunde ho sagta

ha hug til. Store byar og framande land — det vilde vera som eit eventyr aa ha vore der. Men reisa or Ramnagrø fyr aalvor, so ho ikkje lenger hadde heimen sin der, — nei det kunde ho visst aldri vera god til. Ho kom til aa sakna kvar stein og kvar tuva, urdi og gile og alt saman. Ho vilde lengta seg forderva, dersom ho ikkje kunde søkja heim til det, naar det ikkje lenger var nyfike andre stader.

Og korleis skulde Knut Tobias greia seg? Han kunde ikkje gaa der aaleina, utan hjelp til den ringaste ting. — Det sa seg sjølv at det var ikkje rim i anna en ho laut vera heime. Det var helder ingen nærare til, naar ikkje Knut Tobias hadde gift seg. —

For ein ange der var! — av buskar og blom. Ho hadde mest aldri kjent han so sterk fyrr um aari. Nett som han var søt.

Og so mildt og stillt og fredelegt.

Bratt skulde vore der no, so hadde han visst lika seg. For sumarvarmen hadde dei no verkeleg fenge fyr aalvor, so han gjorde ikkje drygja lenger fyr den del. Og han skulde med retten ha set korleis der var, naar alt stod i fagraste blomen.

I aar var det ogso nett som det lavde — baade paa buskar og tré.

— — Ein kveld som Aasa sat utpaa hella med saumen i fange og saag burt yver stavstille fjorden som spegla lande paa andre sida,

daa kom Knut Tobias svivande og sette seg der, han med. So strauk han seg yver sveitte skallen med skjurte-ermi og smilte.

— Var det lenge fyrr me fekk varmen, so skal ein rett ikkje no kjæra paa at det ikkje er orne i ætti, — sa han.

— Nei han vart god no! svara Aasa og tok til aa sauma.

— Det stend vænt med blom alt i aar. Kjem det ikkje noko attpaakast med nattekjøld og kaldvæta, so torer det verta so fjerre alda at ein ser seg mun i det — den gongen.

Og Knut Tobias nemnde tré fyr tré og fortalde korleis dei hadde bore aari frametter. Dei eldest og skragnast no, sume av dei, so det hadde vore det rettaste aa ta dei vekk og ala nye i staden. Men han hadde liksom ikkje hjarta til aa tyna dei helder. Det fekk einkvar annan gjera det. For det var so undarleg vôre med det som ein hadde hegna um og vore god med i so mange aar: laut ein tyna det, var det mest som det blødde i einkvar hjartestrengen.

Knut Tobias sat rundryggja og hengjeaksla, studde olbogarne paa knéi og henderne under hoka. Han stirde til fjords og saag helst hugfallen ut.

— Aa ja ja sa'n! sukka han. — Undrast eg um me kjem til aa sjaa noko likt til maalaren i aar?

— Ja du maa segja det! sa Aasa. Men

det vert vel ikkje med han i aar, naar han ikkje no er komen, og me ikkje eingong hev høyrt gjete han.

Det hadde vore i tidlegaste lage endaa, meinte Knut Tobias. Men no etter kvart, og dersom dette vére vilde halda seg, so trudde han rett at ein so halvveges kunde venta han.

Og um ei stund lagde han til:

— Eg tenkjer me kjem til aa sakna han, skal me gaa her tvoeina heile sumaren, etter me var so væl vane i fjor.

— Det kan væl henda det! svara Aasa. Ho vilde ikkje ta sterkare i, at ikkje Knut Tobias skulde nokon ting skyna.

So gjekk han inn, vilde roa seg, for han var trøytt og hadde etla seg tidleg til arbeids att. Det hasta med dette ratle han hadde lova ferdigt til engelsmennerne var ventande.

Men Aasa vart lenge sitjande.

Det er so fager ein sumarkveld,
men saare er draumarne mine.
I bringa brenn det meg nett som eld:
Kvi sit det ingen i Ramnagil
og læt dei lundarne fine?

Gud fader veit kvar du vankar no
og læt dei lundarne dine!
Eg gjekk meg alltid so sæl til ro
kvar kveld du sat uppi Ramnagil
og lét dei lundarne fine.

No ligg eg svevnlaus den halve natt
og dregst med draumarne mine.
For burt du reiste og kom 'kje att,
og ingen sit det i Ramnagil
som læt dei lundarne fine.

Naar skal eg verta so sæl som daa
du lét dei lundarne dine?
Skal aldri atter eg deg faa sjaa
so fager som daa du smaug deg inn
i alle draumarne mine?

Det er so fager ein sumarkveld
med ange av blomarne fine.
Du skal 'kje undrast det lengting veld:
Kom snart og sit uppi Ramnagil
og laat dei lundarne dine!

XIX.

Bratt stod med maalargreiorne i bakken ovanum husi og arbeidde paa harde live. Det galdt um aa nytta paa med' bløming varde. For han skulde ha den store heggen med i full blom. Og so husi rett nedunder, fjøra og fjorden under dei att. Alt med morgonsol yver.

Han var ikkje endaa rett langt komen med bilæte. Men naar dei stod der uppi, so skyna baade Aasa og Knut Tobias at det maatte verta sers baade furdelegt og vænt. — Det er løgje med den som hev augo til aa sjaa eitkvart! No saag *dei* det og, men fyrr hadde dei aldri gaatt at Ramnagrø var likso vænt den range vegen som ifraa sjøen. —

Bratt var komen so aa segja uventande yver dei. Han kom strendande or Nesvaagen ein dag i eit hyljande vats-vér, og hadde ikkje so godt som ein regnhatt elder eit yverplagg. Men han saag ogso ut deretter: Vaat so det tedde far etter han paa golve, og rann bekk ifraa han strakst han stogga.

Det var galnemans furdor soleis som han fôr aat med seg. For paa vaarparten hadde han vore digt sjuk og halde sengi i fleire vikor. Sidan var han ikkje sers til krefter komen. Som det og synte paa han: bleik var han, og mest berre skinn og bein.

Men han bila ingen ting no lenger, lét han. Dei skulde set han dei fyrste dagarne han tok til aa skrida uppe: han aatte ikkje magt til det minste, og tvo mann laut stø han yver golve. — Berre mathugen kom, skulde han snart faa kjøt paa knokarne att. Og her i frisk og helsesam luft, og naar han fekk spekekjøt og soll og graut og mjølk, — det skulde snart verta dagamun aa sjaa — baade i matfate og paa holde.

— Eg var rett til freds, eg, at det vilde! sa Aasa. For jamenn er du ring no.

Ho kunde ikkje gløyma han dette at han gav seg til aa gaa strandi og ikkje eingong laante seg ein regnhatt i Vaagen — i slik nedbersla som den dagen det var. Elder at han ikkje sende dei eit ord um naar han var ventande. For hadde han det gjort, skulde dei vore i Nesvaagen med baat, anten ho elder Knut Tobias. — Men gjekk det væl, og han inkje mein hadde av aa verta gjenombløytt, so var det sagta gildt at han kom soleis dettande yver dei.

Nei verkeleg um ho trudde sine eigne augo, daa han stod i døri! — Fyrst var det

nett som hjarta stogga, men so tok det til aa dulpa og arbeida som det var gale. Anten ho grét elder ho lo, det visste ho ikkje. Ho haatta berre at han tok henne i handi og saag so løgje paa henne at ho laut slaa augo ned. Det var som han vilde sjaa tvert igjenom henne.

So takka han fyr sist, og spurde um dei vilde hysa han i aar med.

— Me vil fulla det! Og velkomen skal du vera! sa ho.

Og Knut Tobias kom inn. Han var so kipen at han sette seg ikkje til arbeids meir den dagen, men berre trødde i dørerne, rødde med maalaren og vilde ha greia paa alt slag. Han hadde ikkje eingong vit til aa gaa ut, daa Aasa hadde funne turt byte aat Bratt. Ho maatte beintfram segja at no laut han faa so fjerre stund at han kunde skifta fyrr han vart kald. —

Det hadde vore vaatsamt i fleire dagar, men morgonen etter Bratt var komen hadde skoddi hjella seg frametter fjelli og laag so ljos og lett, at ein kunde skyna det var klaare uppyver. Og fyrr Knut Tobias naadde heim or Nesvaagen med maalaren sine saker, var det stikande solskin.

Og med godvér heldt det seg resten av vika. Bratt stod uppi bakken so idig som ein maur, og i kammerse knuldra Knut Tobias med sitt. Men Aasa stulla annsam ut og inn,

vyrdsla og vølte, og visste ikkje korleis dagarne fôr. — Det var elles undarlegt med den velsigna sumardagen. Ein kunde rekka yver utruleg mykje og endaa ha ei stund til aa kasta burt — anten ho vilde setja seg ned med saumen elder sviva med spøtesokken burti urdi.

Visst synte det ikkje stort att etter arbeide hennar, for det var mest det same ho gjorde kvar bidige dag: det vart maten til maals og reinsemdi som kvinnfolki laut stri fyr. — Men ho trøysta seg med at ein kunde berre lata allting liggja, so tedde det nok!

Difyr la ho seg um kveldarne utan trege og sovna med same. Vakna um morgonen so tidig som ei erla, beit i ein klingemole og drakk ein sup mjølk attaat. So svinta ho utum til beisti og drog mjølkedropen or dei, fyrr ho sette kaffikjelen yver. — Ho var ikkje brydd anten av draumar elder tankar i denne tid.

Og dagarne trilla.

Men daa det leid eit bil frametter, gav ho gaum etter at Bratt var meir tagall en han hadde vore sumaren fyrr. Ikkje ei einaste rallerid hadde han endaa havt — soleis som daa. Han kom baade inn i stova og i kammerse, og kunde setja seg utpaa hella til henne naar ho sat der med saumen. Og eitkvart lite rødde dei alltid um. Men han var liksom i ei onnor verd med tankarne, og rett som det var, knatt det ikkje i han — lange ævor. Han berre røykte og stirde — anten

ut yver fjorden elder paa henne. Ho torde ofta ikkje sjaa upp, at ho ikkje skulde møta augo hans.

Venteleg var han ikkje endaa for væl frisk. Men elles hadde han kome seg utruleg paa desse dagarne: fenge ein friskare daam, og ho totte mest likare hold med. Og mathugen kunde ein ikkje kjæra paa — no lenger. Han aat so gild ei trøm i grautefate at det var ein hugnad, og ho kunde smørja mest so mange kakor ho vilde, jamenn smatt dei i han. —

Ein kveld sat dei paa hella, og det hadde ikkje vore sagt eit ord ifraa han kom. Ikkje røykte han helder. Han berre fjona med nysta hennar: rekte av og vatt paa, og sat der so umtenkt som han hadde eit aalvorsarbeid fyr seg. Og daa ho skulde sjaa til, so lagde han traaden soleis at det gjorde seg til bokstavar og namn. So vatt han traaden paa nysta, rekte av att og laga eit nytt. Men daa det kom til aa staa *Aasa hi fagre,* saag han sers velnøgd ut og sleit traaden av — fyre og etter.

— Du maa 'kje øydeleggja traaden min! sa ho og lo.

Han saag burtpaa henne og smilte.

— Eg skal nok knyta han, for eg kan vevjeknuten, sa han og tok endarne.

— Nei det maa du ikkje. Det skal 'kje vera knutar paa traaden i spøt.

— Jamenn var det daa gale at eg sleit av

fyr deg. Korleis vil du no gjera? spurde han og hadde laga til eit andlit so ho fekk læ hjartans godt.

— Du lyt sjaa etter, naar eg kjem so langt! sa ho.

Og Bratt sat tolmodig og venta til ho hadde spøta ut enden og skjøytt i med den andre.

— Eg tenkte mest det laut vera paa den maaten, sa han. Lat no meg sjaa um eg kan! — Og so sleit han traaden av, og vilde ha spøte.

— Du er daa ein galning! lo ho. No vert det ikkje anna en ender.

Men han kunde ikkje tru det gjorde stort, naar dei vart godt skjøytte. Og han til aa spøta — med rett fyndigt handelag, um ein ikkje just kunde kyta av at det gjekk fort.

— Det er nok ikkje fyrste gongen *du* spøtar! sa Aasa. — Men tak no ikkje for stutte endar elles dragnar det. — So ja! — det er rett, det.

— Seg so at eg ikkje kunde! — Han flidde henne spøte attende.

— Litt væl fast er det, so det kjem til aa syna eit lite knip, spaar eg.

— Kven skal ha sokkarne? spurde han.

— Aa det er Knut Tobias, og han er 'kje sers vand, berre dei er lange nok. Rekk dei ikkje eit kvartel ovanum kné, so *er* det ikkje sokkar, segjer han. —

Litt etter gjekk Bratt inn. Han vilde vel

roa seg, trudde ho og kom i hug at det var best ho gjorde det same. — Men han kom strakst ut att med kveikt pipa, sette seg paa dørstokken og røykte.

Det var alltid so god ange av hans røyk, at daa laut ho sitja ei stund til — og nytta han, totte Aasa. —

Stavstill laag fjorden, med skuggen av land paa baae sidor men blank utpaa, og det blikra ikkje eit blad paa busk elder tré. Ein tordivel kom surrande. Han rende imot veggen so det small og datt ned. Sidan var det ei lang stund ikkje anna aa høyra en engspretta som mol burti grase, og klokka som dikka innpaa veggen.

— Kor velsigna fredelegt her er! sa Bratt.

— Ja her er rettigt det! sanna Aasa, lagde spøte i hop og hekta henderne. —

Inkje sa han, og inkje ho. Men ingen av dei gaadde det. — So kom tordivelen surrande, druste imot veggen og datt.

— Er det ikkje nett som me var dei einaste menneskje i heile verdi? spurde Bratt.

— Jau. Og ein kunde mest faa seg til aa tru det med, — svara Aasa.

Dei vart endaa sitjande ei stund. Men so laut Aasa ta seg vit til: Ho bad godnatt og gjekk inn, vilde roa seg. — Visst var ho ikkje sers trøytt, men ho laut uppatt ein grand til tidar naar morgondagen kom. —

— — Ho var mest avklædd, daa ho høyrde

Bratt gaa ut or budi, og so laut ho burti glase og sjaa, kvar han tok vegen. Daa fôr han svivande ned til nauste. — Han hadde nok ikkje tenkt aa leggja seg rett snart naar han no vilde i baat! Men so trong han ikkje vera tidleg uppe helder, for han hadde ingen ting aa onna med. Og i so makalaust fin ei natt kunde ein sagta ikkje faa hug til aa leggja seg.

Det er so fager ei sumarnatt,
og sæle er draumarne mine.
For hjarteguten er komen att
og svintar hugheil kring mark og tun
og trallar lundarne sine.

Aasa sukka, let upp glase og gjekk smilande i seng. Laag so og høyrde at han sette baaten ut, rutla med aararne og gav seg til aa ro. Etter som det lyddest sette han beint til fjords. Det var trulegt at han berre vilde eit stykkje utpaa og so leggja seg til aa sjaa upp imot Ramnagrø. Han munde vera urimeleg glad i dette skorfeste — han med, elles hadde han vel ikkje kome so snart att og gjeve seg til der. Han som kunde velja etter sin eigen hug.

Nei herre Gud — hadde han ikkje fløyta med daa! — Verkeleg var det gildt at ho skulde faa høyra den i aar og. Ho hadde mest trutt at han kunde ha gløymt henne, elder ikkje brydt seg um aa dra henne med. —

Med sæl bringa laag ho lydde etter tonarne,

til det barst fyre henne som det laga seg ord til dei. Men fyrr ho rett kunde skilja ordi klaart ut, var ho sovna — med smil um munn og taaror paa kinn. — —

Det vart ljos dag fyrr Bratt rodde i land. Daa han kom uppunder husi og saag at stoveglase stod ope, gjekk han burtaat og saag inn. — Og han totte han aldri hadde set noko so uskyldigt vænt.

— Gud signe deg, kor godt du søv — og kor fager du er! kviskra han.

Og paa vâr fot stillte han seg inn i budi.

XX.

Aasa hadde i fleire morgonar etter einannan sete med saumen sin under heggen ovanum husi, med' Bratt stod paa ei liti stent ein mole ifraa og maala. — Naar han hadde bedt henne, laut ho sagta gjera det, totte baade ho og Knut Tobias. Ikkje eingong Berta Serina, som hadde kome framum døri, sa nokon ting fyr det.

Mori hadde endaa til bedt maalaren sjaa innum til dei, ein gong naar det soleis høvde han, — slik høgtid var det no! Men so hadde ogso Bratt visst aa taka henne paa rette maaten: spurt baade etter vesleguten og Anders mannen. Det var ikkje løgje ho vart fjaak naar han det gjorde! —

— De lyt gjera dykk ei reis inn til oss, baade du og Aasa Bertine, og sjaa um gudsonen hev vakse, sa ho. Knut Tobias lydest daa framum rett som det er, han. Men Aasa ter seg nett som ho var rædd oss, og kjem mest aldri.

— Det er 'kje so lett fyr meg aa sleppa heimantil — som de trur! orsaka Aasa seg. — Um det ikkje er anna en beistelivande, so lyt det ha baade hegning og stetting.

— Dette veit me! lét Berta Serina. Men einkvar gongen lyt du slita deg laus, du med. Kom ein laurdagskveld, so er de der helgi yver. Knut Tobias dreg alltid mjølkedropen or kyrne og matbergar seg sjølv — den stundi.

— Ja det skal inkje staa paa — soleis, sa Knut Tobias.

Og so hadde baade Aasa og Bratt lova at dei skulde koma til dals — einkvar sundagen med det fyrste. — Men nokor hast kunde det ikkje ha, totte Aasa. For folk vilde vel leggja meir i det en det var, og so vart det drøs etterpaa. — —

Aasa sat just og drog seg dette og andre ting til minnes, med' ho saag paa bilæte som var so godt som ferdigt. Ho turvte ikkje lenger sitja nedunder heggen, og hadde no fenge lov til aa gjera augo gjestebod. —

Makalaust likevæl kor godt han hadde fenge det til! Den minste ting so kjenneleg og lik at det var eit under. Ho sjølv med. Dei kunde tydeleg kjenna henne. Elder kan henda berre ho trudde so, av di ho visste kven det skulde vera.

Ja no kom dei sagta til heider, baade ho og Ramnagrø! — for bilæte skulde i kring paa kunstsjaa ifraa by til by, hadde Bratt fortalt.

Fyrst til Oslo, sidan til Kjøpenhamn, Berlin, Hamborg og kan henda Paris. Dersom det ikkje vart selt, fyrr det naadde so langt. Men det trudde han ikkje, for han vilde vera dyr paa det. Blodigt dyr. For det var framifraa godt. Det beste han hadde gjort. — Og ho kunde so væl skyna at det var sant, endaa ho hadde ikkje vit til aa døma i slikt. —

Furdigt og! Der ho sjølv aldri fekk setja sin fot, der skulde bitæte hennar koma og verta set paa. — Ho undrast rett kvar det hamna til slutt! So fint som det var, fekk det gjerna hanga paa veggen i eit kongsslott. — Askjellsætti som skulde ha sete paa kongsborg i Bundia-land, kunde endaa koma til æra. — —

Aasa var so væl med i sine hugsviv at ho hadde gløymt alt i kring seg, og gaadde ikkje at Bratt sat og saag paa henne ifraa sida.

— Du hev det godt, du Aasa, — sa han

Det kom so mjukt og la seg so lint um hjarta hennar som naar ein frisk og utkvild vaknar av ein væn tone som kjem symjande yver still fjord. — Blid-øygd vende ho seg imot han og smilte.

— Aa ja sumars dag er det gildt aa vera til, svara ho.

— Enn um vinteren? spurde han.

— Det fell noko einsamt i Ramnagrø daa, so ein vil gjerna verta hugsjuk. — Den vinteren som gjekk var lenge sers rusken og stormande, sa ho.

— Ja det var ingen gild vinter — fyr meg helder. Lite fekk eg gjort, og skrot vart det meste, endaa eg hadde so mykje aa ta av. Alle uppriti etter sumaren. Men eg fekk ikkje liv i dei paa lerefte.

Det kunde rett ikkje vera so godt helder, meinte ho, naar ein ikkje hadde fyr seg det ein vilde maala. — Men han sa det var ikkje det. Han gjekk der og drog seg i folkestimen elder stengde seg inne paa rome sitt, og kjende seg so reint uhugleg *einsam.* Daa kunde han ikkje arbeida. Aldri møtte han ei uskyldig sjæl han kunde sjaa inn i auga og suga livsens friske ande utor. Alle var so kaldkloke elder so inderleg grasnautne, at dei hadde ikkje ans fyr anna en mat og pengar og jugl. Elder til aa trø andre ned, so dei sjølve kunde naa upp til ei æra som dei aldri hadde gjort like fyr.

— Kor eg lengta etter eit menneskje som det var natur i! Og hjarta. — Eitt som aatte glans i auga og hadde livsens friske liter. — — Det var vesle Aasa Ramnagrø eg stunda etter.

Han hadde eikorleis fenge fat i handi hennar og sat strauk henne lint yver handarbak og umled.

— Men kvifyr kom du ikkje daa? Elder skreiv! sa ho og smilte — med' store taaror hagla ned yver kinni. — —

Det var so mangt som skulde segjast, at dei vart ikkje i sneddi ferdige. Og Aasa kom

slett ikkje i hug, at dei skulde ha mat — den dagen med, fyrr en Knut Tobias kom ut og ropa upp til henne kva klokka var.

— Eg tenkjer eg er ifraa meg! sa ho, spratt upp og sende heim.

— Lat oss faa soll, du! — med namne rjome i! ropa Bratt etter henne.

Ja dugalegt og! tenkte ho men hadde ikkje stunder til aa svara.

Verkeleg kom det væl med at ho ikkje kvar dagen sløste soleis med tidi som ho den fyremiddagen hadde gjort: I budi hadde ho ingen ting ordna, helder ikkje i kammerse, og morgonskjørøldi stod uvaska — baade ute og inne. Men ho skulde nok snart faa skikk paa det altsaman, naar ho no hadde fenge matstetta den svoltne Knut Tobias — og han som var huga paa rjome. —

Og daa ho i kveldingi sette seg utpaa hella med saumen, skulde ingen kunna sagt at ho hadde gjenge ifraa arbeide sitt ugjort. Ho hadde endaa til bytt reint høgjendsvær i Knut Tobias si seng. — Han var lei til aa sulka det av di han so ofta la seg sveitt. —

Høyr, der var galningen hennar komen aat Ramnagil i kveld — med fløyta si.

Smilande lagde ho saumen i hop og sette seg godt til rettes, med ryggen imot veggen. So hekta ho henderne i fange og saag drøymande imot hitt lande. — Og ho totte ho

høyrde ord som fylgde lunden til det vart ei væn liti visa:

Sjaa, brud skal eg standa
med sylgjor og kruna,
og klædd skal eg ganga
i kostesam bunad.
Det knittrar
i silke,
det glittrar
i sylv:
Du kan tru det vert bunad
som høver til kruna —
aa ja!

Dei ror oss til kyrkje
so fager ein dag
og lender ved Bjørkje
forutan alt jag.
Det blikrar
i sylgjor,
det likrar
i lauv,
Og klokkorne ljomar
med' fivreldi fjomar
i sol.

Og blid-øygd stend blomen
i reini og ser,
og gled seg i omen
naar fela ho lær.

Det klukkar
i strengen,
men sukkar
i løynd:
Gud gjev oss den lagnad
at tonen kan tagna
i sol!

Daa Bratt kom ned att or gile, var Aasa inngjengi. Men glase stod ope, og ho var ikkje lagd.

— Kva tid skulde me tenkja paa denne reisi, du — inn til Dalsbygdi og lydast um gudsonen vaar? spurde han.

— Eg hev kome i hug at me kunde reisa no fyrstkomande helg, dersom du so synest, sa ho.

— All right, so gjerer me det! — Og no hev Bratt Ramnagrø tenkt aa roa seg. Godnatt, du!

Han svinta inn, men kom ut att i same augneblinken.

— Du! — det held seg svartfugl i gile i aar og, sa han.

89092532761

b89092532761a



8909253276l

B89092532761A